



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Kommunestyret
Møtestad: Uppheim Volda
Dato: 26.10.2017
Tid: 14:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordførar



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 106/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 107/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 108/17	Utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen
PS 109/17	Tertialrapport 2017
PS 110/17	VØR - Utviding av låneramme
PS 111/17	Næringssituasjon for dei eldre i kommunale bufellesskap og driftsform for sentralkjølkenet på omsorgssenteret
PS 112/17	Høyring om lokal forskrift om rett til sjukeheimplass eller tilsvarande bustad med heildøgnsstenester
PS 113/17	Bygging av breiband (ekom anlegg - fiber) frå Halkjelsvik til Folkestad
PS 114/17	Tilrettelegging for borgerlege vigslar i kommunen
PS 115/17	Val av Volda kommune sine representantar i styret for Volda Skisenter 2017-2019
PS 116/17	Orienteringssaker
OS 58/17	Svar på søknad om grensejustering i Bjørke-Viddal - Innbyggjarinitiativ etter inndelingslova
OS 59/17	Sjukefråvær 2.kvartal 2017
OS 60/17	Avslutting av tilsyn - Volda kommune - pasient og brukarrettighetslova kap 4A
OS 61/17	Retningslinjer for varsling etter arbeidsmiljølova § 2A
OS 62/17	Møteprotokoll kontrollutvalet 20.09.2017
PS 117/17	Delegerte saker frå avdelingane



VOLDA KOMMUNE

DS 160/17	Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 10/7
DS 161/17	Løyve til tiltak, bruksendring Gbr 13/95
DS 162/17	Ferdigattest, tomannsbustad gbr18/312
DS 163/17	Ferdigattest, bustad og garasje Gbr 18/8
DS 164/17	Løyve til tiltak, bruksendring Gbr 19/190
DS 165/17	Løyve til tiltak, mellombels bruksendring Gbr 19/501/11
DS 166/17	Ferdigattest, mellombels bruksendring Gbr 19/501/11
DS 167/17	Ferdigattest, tilbygg Gbr 27/81
DS 168/17	Løyve til tiltak, mellombels bygning Gbr 30/196
DS 169/17	Løyve til tiltak, riving av naust Gbr 130/1

GRUPPEMØTE

Måndag 23.10.17

AP	kl. 18:00-20:00	Møterom Dalsfjorden
V	kl. 20:00-22:00	Møterom Dalsfjorden
KRF	kl. 19:30-21:30	Møterom Voldsfjorden
SP	kl. 19:30-21:30	Møterom Austefjorden
MDG	kl. 20:00-22:00	Biblioteket

Tysdag 24.10.17

H	kl. 17:30-19:30	Møterom Austefjorden
FRP	kl. 18:15	Møterom Voldsfjorden

Onsdag 25.10.17

SV	kl. 18.00-20.00	Møterom Voldsfjorden
----	-----------------	----------------------

PS 106/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 107/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Bodil Brautaset

Arkivsak nr.: 2017/1892

Arkivkode: A10

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/17	Tenesteutval for oppvekst og kultur	18.10.2017
108/17	Kommunestyret	26.10.2017

UTGREIING AV DRIFTA AV KOMMUNALE BARNEHAGAR I KOMMUNEN

Handsaming:

Bodil Brautaset, konsulent ved oppvekstkontoret, orienterte om saka.

Framlegg til nytt pkt. 1 frå Alf Jakobsen, SV:

Kommunestyret ser behovet for å greie ut ei evt. strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum og ber administrasjonen legge fram ei slik utgreiing med fokus på lokalisering, kapasitet, økonomi og pedagogiske konsekvensar for barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset.

Røysting:

Punktvis røysting. Fem røysteføre.

Framlegg til pkt. 1 frå Alf Jakobsen fekk fem røyster og vart vedteke. Adm sitt pkt. 1 fekk ingen røyster.

Pkt. 2 frå adm vart samrøystes vedteke.

Pkt. 3 frå adm vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 18.10.2017 til kommunestyret

- 1. Kommunestyret ser behovet for å greie ut ei evt. strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum og ber administrasjonen legge fram ei slik utgreiing med fokus på lokalisering, kapasitet, økonomi og pedagogiske konsekvensar for barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset.*
- 2. Kommunestyret legg til grunn at det skal vere kommunal barnehagedrift på Lauvstad, Folkestad og Mork også i framtida.*
- 3. Kommunestyret ber administrasjonen fremje ei sak om framtida til Austeffjord barnehage.*

Administrasjonen si tilråding:

- 4. Kommunestyret ser behovet for ei strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum, og ber administrasjonen greie ut nærmare lokalisering og kapasitet på ein ny barnehage i sentrum som erstattar barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset.**
- 5. Kommunestyret legg til grunn at det skal vere kommunal barnehagedrift på Lauvstad, Folkestad og Mork også i framtida.**
- 6. Kommunestyret ber administrasjonen fremje ei sak om framtida til Austeffjord barnehage.**

Vedleggsliste:

1. Rapport XPRO
2. Merkesteinar i barnehagehistoria
3. Fysiske rammevilkår i eit pedagogisk lys
4. Tilskotsordninga til private barnehagar

Uprenta saksvedlegg:

1. Lov om barnehagar 2005 nr. 64
2. Føreskrift om rammeplan for barnehagen innhald og oppgåver
3. Kommuneplan – samfunnsdelen 2016-2028
4. Prosessnotat økonomi, vedteken av kommunestyret september 2016
5. Meld. St. 29 (2016-2017) – Perspektivmeldinga 2017

Samandrag av saka:

I sak PS 172/16 – årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2018-2020 – vedtok kommunestyret følgjande punkt 37:

”Kommunestyret ber om ei utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen”

Regjeringa si perspektivmelding 2017, og prosessnotat økonomi (vedteken i kommunestyret 2016), teiknar eit bilete av at vi må forvente å drive meir rasjonelt og effektivt i framtida. Dette utfordrar oss som kommunal tenesteytar. Administrasjonen har sett på korleis vi organiserer barnehagedrifta i dag, samt at vi prøver å sjå framover med antatt endra rammer, m.a på bakgrunn av endra demografi.

Vi har tre kommunale barnehagar i sentrum. Alle desse har ein bygningskropp som har betydelege behov for oppgraderingar. Dette, sett saman med strategiane om optimalisert ressursbruk, gjer at administrasjonen tilrår at vi i framtida skal ha ein, ny barnehage i sentrum som erstattar dei tre vi har i dag.

Administrasjonen peikar og på at grunnlaget for barnehagedrift i Austefjord vanskeleg kan forsvarast med det barnetalet vi har, og kjem til å ha i åra som kjem. Administrasjonen ser seg difor nødt til å fremje eiga sak om dette for kommunestyret seinare.

Saksopplysningar/fakta:

Målet med utgreiinga er å gi føring for utforming av kommunale barnehagar, som gir rom for lek og læring i trygge og føremålstenlege areal.

Visjonen til sektoren er:

" Volda kommune har trygge barn og unge som deltek, meistarar og lærer".

Opplæring og oppvekst har definert ein visjon som speglar eit optimistisk syn på framtida og kva ein ønskjer å oppnå. Målsetjinga med denne utgreiinga er at ein får ei heilskapleg oversikt over det kommunale tilbodet. Utgreiinga skal støtte opp under visjonen og bidra til at Volda kommune har rett kapasitet, på rett stad, til rett tid.

Utgreiinga skal gi politikarane ei oversiktleg framstilling av korleis barnehagedrifta er organisert i dag, gi eit innblikk i folketalsutvikling med særleg blikk på barnetala og sjå framover. I framtidsbiletet er det viktig for administrasjonen å teikne eit mest mogleg presist bilete av demografisk utvikling og forventa følgjer for m.a kommunal økonomi.

Samfunnsdelen 2016-2028 seier at Volda kommune skal *"prioritere god kvalitet på barnehage- og skulebygg, med tilhøyrande område"* og under føring for vidare arbeid med arealdelen står det at ein skal *"sikre areal for utviding av barnehage- og skulebygg, i tillegg til gode uteområde i barnehagar og skular."*

Medan denne utgreiinga omfattar barnehagestruktur og ein gjennomgang av dei fysiske rammene til kommunale barnehagar, vil administrasjonen i 2018 utarbeide ein barnehageplan for 2018 - 2020. Kompetansekartlegging, kompetanseutvikling, implementering av ny rammeplan og mål for barnehagedrifta vil bli hovudområde i planen.

Omgrepsavklaring

Ein vil nytte både privat og ikkje-kommunale barnehage som omgrep i utgreiinga. Dette vert gjort då det gjennom dei siste ti-åra har vore endringar i bruk av omgrepet frå statleg hald og at det difor er naturleg å nytte omgrepet etter kva tidsperiode dei vart vedteke.


Prinsipp for drifta

Kommunestyret vedtok i 2016 «prosessnotat økonomi», der ein teikna opp ulike prinsipp for den kommunale drifta. Her vert det nemnt m.a at ein skal ha fokus på kjerneoppgåver, samt at ein skal optimalisere ressursbruken. Dette, saman med Perspektivmeldinga 2017 (Regjeringa), fortel oss at vi i tida framover må søkje løysingar som sikrar oss ei effektiv, rasjonell drift. Perspektivmeldinga synleggjer vidare tydeleg at ressursbehovet framover kjem innanfor pleie –og omsorgstenestene.

Regjeringa si perspektivmelding peikar på tre heilt sentrale forhold i offentleg sektor:

- Inntektene frå oljefondet vil verte lågare
- Pensjonskostnadene vil auke

- Kostnadene med endra demografi vil auke



Barnetalet både nasjonalt og for Volda har ei flatare vekstkurve. For å kunne finansiere veksten i ressursbehov i pleie- og omsorgstenestene, vert tenestestrukturen på alle tenesteområde utfordra. Volda kommune må derfor ta omsyn til dette når ein skal planleggje framtidig tenestestruktur for barnehagane. Ein må ha heile barnegruppa i heile kommunen som fokus, og planleggje slik at ein får mest mogleg ut av ressursane ut frå eit samla tenestetilbod. Det er klare signal frå regjeringa om at produktivitetsveksten må aukast i kommunal sektor. Den største utløysande faktoren for å auke produktiviteten er å organisere tenestene gjennom stordrift der dette kan gjerast.

Barnehagetal Søre – Sunnmøre (2016) *Kjelde: Telemarksforsking*

	Tal barnehagar	Tal kommunale barnehagar	Tal private barnehagar
Vanylven	3	2	1
Sande	5	4	1
Herøy	9	4	5
Ulstein	9	1	8
Hareid	4	3	1
Volda	14	7	7


Ørsta	11	7	4
Søre Sunnmøre	55	28	27
Møre og Romsdal	294	157	137
Heile landet	5963	2772	3191

Volda kommune har, slik tabellen viser, fleire barnehagar enn andre kommunar på Søre Sunnmøre. Dette er ein av faktorane som er med på å gi oss ei dyrare drift i sektoren. Tal frå KS viser oss at vi driv dyrare enn sentrale styresmakter føreset/bereknar. Tala for 2016 viser følgande bilete:

	Beregnet utg.behov	N. dr. utg. pr innb. barnehage	<i>Landet</i>	"Normert" nivå	Mer- /mindreutg. i fht til land pr innb.	Mer- /mindreutg. i mill kroner
Volda	0,8834	7113	7855	6 939	174	1,6
Eid	0,9752	7977	7855	7 660	317	1,9
Ørsta	0,9906	8001	7855	7 781	220	2,4
Averøy	0,9465	7183	7855	7 435	-252	-1,5

Volda har ein ressursbruk som ligg ca. 1,6 mill. kroner over landssnittet, etter at vi har korrigert for skilnader i utgiftsbehov.

Utgiftsbehov framskrevet (endring innb. 0-5 år)



Grafen over viser at Volda kommune er venta å få betydeleg auka utgiftsbehov framover. Auken er høgare enn andre kommunar på Søre Sunnmøre, iflg Telemarkforskning.

Kvalitetsindikatorer (KOSTRA-2016)

	1511 Vanylven	1514 Sande	1515 Herøy	1516 Ulstein	1517 Hareid	1519 Volda	1520 Ørsta	Landet
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	91,1	86,5	95,3	98,4	87,1	98,4	93,2	91,0
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	77,5	75,0	87,8	90,5	80,9	89,1	87,4	82,0
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	97,6	92,0	100,0	103,6	91,4	104,4	96,7	96,8
Andel barnehager med åpningstid 10 timer eller mer per dag	100,0	20,0	100,0	100,0	100,0	23,1	0,0	33,3
Andel styrere og pedagogiske ledere med barnehagelærerutdanning	66,7	60,0	95,0	87,5	85,3	98,6	94,7	91,3
Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i kommunale barnehager	5,9	4,7	6,2	6,1	6,1	5,8	6,0	6,0
Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i private barnehager	6,0	6,1	6,3	6,3	7,8	5,7	6,3	6,2
Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2)	5,1	7,4	5,4	5,8	5,3	7,4	5,6	5,7

Nasjonale føringar

Lov av 2005 nr. 64 om barnehagar (Barnehagelova – sist endra 21.06.2017) er den barnehagane i Noreg vert styrt av. Barnehagelova regulerer barnehagen sitt føremål og innhald. Den omhandlar vidare mellom anna krav om godkjenning, bemanning, samordna opptak, barn og foreldre sin rett til medverknad, spesialpedagogisk hjelp og kva for oppgåver som ligg til barnehageeigar og barnehagemynde.

Rammeplan er ei føreskrift til barnehagelova, og gjer greie for barnehagen sitt samfunnsmandat. Den gir retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver. Målet er å gi styrar, pedagogiske leiarar og anna personale forpliktande rammer for planlegging, gjennomføring og vurdering av verksemda. Rammeplan gir også informasjon til føresette, eigar og tilsynsmynde.

Det er staten som gir dei overordna styringssignala og rammer for barnehagesektoren. Kommunen har ansvar for å oppfylle lovfesta rett til barnehageplass, for fagleg utvikling, rettleiing og for godkjenning av og tilsyn med **alle** barnehagane i kommunen.

Dei statlege føringane har som mål å sikre at alle som har lovfesta rett til barnehageplass får oppfylt retten, at alle barnehagar har likeverdig og høg kvalitet, fokus på tidleg innsats og at barnehagar inngår i og utgjer ein del av eit heilskapleg utdanningsløp.

Barnehageeigar har ansvar for tilbodet og kvaliteten i den einskilde barnehage. Frå 1. januar 2011 overtok kommunen ansvaret for å finansiere barnehagane. Dette er *forankra i Forskrift om likeverdig handsaming ved tildeling av offentleg tilskot til ikkje-kommunale barnehagar*.

Barnetalutvikling i Volda kommune

Prognose

SSB opererer med ulike modellar, alt etter om ein ser føre seg låg nasjonal vekst, middels eller høg nasjonal vekst.

Tabellane under viser korleis SSB ser føre seg at tala blir for Volda, om det hhv er låg eller middels nasjonal vekst.

Framskriving av folketalet fram mot 2040, basert på låg nasjonal vekst (LLML): (Tala er henta frå «prosessnotat økonomi, 2016)

Kolonne1	2017	2018	2020	2025	2030	2035	2040	Endring (%)
0 år	99	99	101	102	100	98	96	-3 %
1-5 år	503	518	544	563	558	549	533	6 %
6-12 år	823	805	791	788	827	826	812	-1,30 %
13-15 år	330	338	356	347	357	364	361	9,40 %
16-19 år	488	472	464	507	464	491	502	2,90 %
20-44 år	3030	3077	3114	3254	3319	3249	3155	4,13 %
45-66 år	2435	2448	2465	2439	2488	2634	2751	12,98
67-79 år	1012	1045	1100	1187	1211	1227	1278	26,28
80-89 år	334	332	335	393	506	544	557	66,67
> 90 år	106	100	94	80	72	90	114	7,55
Totalt	9160	9234	9364	9660	9902	10072	10159	

Framskriving av folketalet for Volda kommune fram mot 2040, basert på middels nasjonal vekst (MMMM) (tala er henta frå «Prosessnotat økonomi», 2016)

Kolonne1	2017	2018	2020	2025	2030	2035	2040	Endring (%)
0 år	108	112	117	118	117	115	115	6,48
1-5 år	512	535	592	646	650	642	635	24,02
6-12 år	826	809	797	847	949	960	951	15,13
13-15 år	330	340	356	349	380	420	423	28,18
16-19 år	489	476	468	514	473	549	582	19,02
20-44 år	3057	3108	3163	3339	3445	3408	3387	10,79
45-66 år	2443	2456	2484	2472	2546	2721	2887	18,17
67-79 år	1021	1055	1111	1221	1266	1290	1363	33,5
80-89 år	341	343	348	429	570	636	668	95,9
> 90 år	113	109	107	101	102	137	193	70,8
Totalt	9240	9343	9543	10036	10498	10878	11204	


Dette biletet samsvarar med regjeringa si perspektivmelding om at vi må rekne med betydeleg folkevekst blant eldre, noko som utfordrar oss på korleis vi må nytte ressursane i framtida.

I vidare saksutgreiing har vi så langt det er mogleg vist til sist kjende tal. Vi har ikkje lagt tal fødte så langt i 2017 til grunn, då dei endelege tala kjem administrasjonen i hende først etter nyttår.

Folketalsutvikling og barnetalsutvikling på krinsnivå

Frå Møre og Romsdal Fylkeskommune sine kjelder, kan vi lese folketalsutviklinga dei siste 10 åra sortert etter krinsar. Desse tala syner ein nedgang i barnetalet for alle grunnkrinsar, med unntak av Mork/Lid. Dersom vi isolert sett ser på dei siste 5 åra, kan fleire grunnkrinsar syne til ei moderat auke. Utifrå tabellen kan vi og lese kor mykje av auken/nedgangen som har kome dei siste 5 åra.

Vidare i saksutgreiinga vil vi nytte tala frå fylkeskommunen, men slå grunnkrinsane saman slik at vi får fram tala for kvar skulekrins, då det er dette som danner det naturlege opptaksområdet for den einskilde barnehage slik det er i dag. Samstundes med dette vil vi peike på barnetalsutviklinga frå 2008 til i dag i dei same skulekrinsane.



Ein middels nasjonal vekst vil for Volda som sagt bety at det i 2040 er berekna å vere 635 barn i barnehagealder, ein vekst utifrå dagens tal på om lag 24%. Om vi derimot legg låg nasjonal vekst til grunn, får vi ei auke på ca 6% på tal barn i barnehagealder. Dette er usikre tal, der vi mellom anna ikkje veit korleis innvandring kjem til å påverke framtidige tal.

Tabellen over viser at folketalet har gått jamnt ned på alle område, med unntak av Mork/Lid og sentrum.

Barn fordelt på barnehagane (kommunale og private) 2008-2017

Tabellen under viser i kva barnehage dei ulike barna går, og viser utviklinga i barnetalet for den einskilde barnehage. Det er ikkje vist til tal for dei barnehagane som er nedlagt i tidsromet vi viser til i tabellen.

Barn i barnehage jf. årsmelding pr. 15.12.	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Kommunale barnehagar										
Mork barnehage	34	36	32	33	33	32	39	33	39	43
Austefjord barnehage	14	17	13	11	9	9	11	14	11	9
Folkestad barnehage	14	19	21	20	19	17	16	18	16	19
Lauvstad barnehage	23	27	26	23	17	20	17	17	16	24
Sentrum										
Engeset barnehage	60	58	58	57	56	56	52	52	49	51
Oppigarden barnehage				55	58	57	55	55	49	50
Sollia barnehage	63	75	56	55	57	55	54	58	53	52
Tal barn i kommunale bhg. i sentrum	123	133	114	167	171	168	161	165	151	153
Tal barn i kommunale bhg 15.12	208	232	206	254	249	246	244	247	233	258
Private barnehagar										
Læringsverkstedet Bratteberg bhg.				64	61	80	70	50	45	43
Hjellbakkane bhg.	28	27	30	30	34	32	31	29	31	34
Rotset bhg.	51	49	46	49	52	50	49	48	50	50
Røysmarka bhg.	43	45	43	41	37	35	28	28	23	14
Trollsletta bhg.	20	28	18	19	18	18	16	17	16	14
Øyra bhg.	25	26	40	46	59	59	53	51	50	48
Oppigarden barnehage	59	56	56							
Heltnebøen barnehage										
Bjørkedal barnehage										
Bøgarden familiebarnehage										
Tal barn i private bhg pr 15.12						274	247	223	215	203
Barn i barnehage i Volda kommune						520	491	470	448	461

2017* førebels tal – kan endre seg

Oversikta viser at dei kommunale barnehagane i sentrum har hatt om lag same tal på barn gjennom heile perioden. Den viser og at dei private barnehagane som utvida kapasiteten har auka barnetalet vesentleg i takt med utbygging, medan andre igjen har fått færre barn i barnehagen. I periodar med lågare barnetal har driftsgrunnlaget gått ned, og nokre barnehagar har blitt lagt ned.

I talmaterialet som er nytta vidare i denne saksutgreinga er det fylket sine tal vi nyttar når vi beskriv folketalutvikling. Når vi peikar eksplisitt på barnetal, er det administrasjonen i Volda kommune sine elevtalslister/barnetalslister vi har nytta.

Kommunale barnehagar

Område Lauvstad

Området omfattar krinsane Velsvik, Ulvestad, Dravlausbygda, Innselset og Åmelfot/Steinsvik.

Barnetalet 0-5 år var i 2008 34 barn i barnehagealder, medan det i 2017 er registrert 23.

Trass nedgangen i barnetal og folketal, ser vi dei siste åra at nedgangen har flata ut, og dei siste åra er det ein liten oppsving. Det er administrasjonen si vurdering at vi ikkje kan vente

stor barnetalsvekst, men vi kan legge til grunn at barnetalet vil vere på omtrent same nivå som i dag.

Det er administrasjonen si vurdering at det også i framtida skal vere kommunal barnehagedrift på Lauvstad. Kapasiteten stettar noverande og framtidig forventa behov. Kommunen vil måtte pårekne utbetringar både pga normal slitasje, men og pga endringar i lover og føreskrifter.

		2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Dalsfjord		34	34	34	28	19	16	17	17	21	23
Tal barn i Lauvstad bhg 15.12		23	27	26	23	17	20	17	17	16	24

Inneverande år har vi eit barn busett i Vanylven kommune som også har plass ved Lauvstad barnehage.

Lauvstad barnehage er bygd i 1997, samt bygd på i 2013. Delar av barnehagen er bygd om i 2017. Barnehagen har gått gjennom vedlikehald, der blant anna ventilasjonsanlegg er heilt nytt. Det er gode og oversiktlege uteområde i tilknytning til barnehagen.

Folketalsutvikling siste 10 år: -88 (slått saman alle grunnkrinsane).

Område Folkestad

Området omfattar krinsane Dalsbygd, Folkestad, Fylsvik og Bjørkedal.

Barnetalet var i 2008 32, medan det i 2017 var 20.

		2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Folkestad		32	27	37	28	28	27	15	20	16	20
Tal barn i Folkestad bhg 15.12		14	19	21	20	19	17	16	18	16	24
Bjørkedal bhg											

Det har vore ein nedgang i barnetalet sidan 2008, men også her tyder det dei siste åra på ei utflating. Bygningsmessig er Folkestad barnehage vurdert å ha betydelege behov for oppgradering i åra som kjem, i tillegg til at arealet til barnehagen er trangt og lite. Behova vi ser er knytt både til kvaliteten på det eksisterande bygget, men og på bakgrunn av nye krav i lover og føreskrifter.

Dersom elevtalet på Folkestad skule endrar seg på ein slik måte at det vert frigjort kapasitet ved skulen, bør ein utgreie om barnehagen kan lokalisrast til skulen. Dette må i så fall kome i eigen sak seinare.

Folketalsutvikling siste 10 år: -67 (slått saman alle grunnkrinsane)

Område Mork/Lid

Området omfattar Egset, Mork, Eikrem, Ytrestøyl, Lid og Yksnøy.

Barnetalet var i 2008 35 barn i barnehagealder, medan det i 2017 er registrert 63 barn.

		2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Mork/Lid		35	37	42	40	45	42	45	53	50	63
Tal barn i Mork bhg pr 15.12		34	36	32	33	33	32	39	33	39	43

Mork/Lid er av dei områda som kan syne til mest markant vekst dei siste åra. Det har vore jamn bustadbygging i området den seinare tida, og det er venta å halde fram. Det bør vere eit prioritert fokus og mål å dimensjonere Mork barnehage rett, slik at ein har høve til å ta imot den forventa veksten av barn. Truleg må vi ta høgde for at etterspurnaden etter barnehageplass i området kjem til å auke i åra som kjem.

Det er no flytta ein bygningsmodul ut til Mork barnehage. Denne vert innreia og er rekna å vere klar til årsskiftet. Administrasjonen vurderer då at Mork barnehage har forsvarleg kapasitet i åra som kjem, men det er og trong for renovering på det eksisterande bygget, m.a grunna nye krav i lover og føreskrifter.

Folketalsutvikling siste 10 år: +93 (slått saman alle grunnkrinsane).

Område Austefjord

Området omfattar krinsane Høydal, Fyrde og Kalvatn.

Barnetalet i området var i 2008 8 barn i barnehagealder, medan talet i 2017 er 10 barn i barnehagealder (Bjørke er ikkje medrekna).

Austefjord barnehage er pr i dag lokalisert saman med Austefjord skule, noko som gir barnehagen gode og tenlege lokale.

Austefjord er ein del av Stor-Øyra krins på skuleområdet. Vi vel i denne utgreiinga å handsame Austefjord som eige område.

Volda kommune og Hornindal kommune vert ei kommune frå 2020, og i intensjonsavtalen er det peika på ei tydeleg retning om at når det gjeld skuledrift så skal Austefjord «.....inngå i opptaksområdet til Hornindal skule....». Dersom ein legg same tanke til grunn ved barnehagedrifta, må ein sjå framtidig drift i samanheng med den komande kommunesamanslåinga.

Tabellen viser at barnetalet har vore relativt stabilt dei siste 10 åra. I tabellen har vi og med barna frå Bjørke, all den tid dei har gått i Austefjord barnehage.

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Austefjord u/Bjørke	8	13	10	8	9	10	10	9	10	10
	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Austefjord m/ Bjørke	13	17	14	11	10	11	13	11	12	12
Tal barn i Austefjord bhg 15.12	14	17	13	11	9	9	11	14	11	9

Situasjonen for Austefjord barnehage i dag er at det er ni barn som går i barnehagen. Av desse kjem to frå Bjørke. Vidare er fire av desse skulebarn frå hausten 2018. Det betyr at vi frå neste haust står att med tre barn (utifrå det vi kjenner) i barnehagen.

Volda kommune og Ørsta kommune har avtale om at barn frå Bjørke skal gå i Austefjord barnehage. Dei nemnte kommunane har og avtale om at skuleelevane frå Bjørke skal gå på Austefjord skule. Skuleavtalen mellom Ørsta kommune og Volda kommune er sagt opp frå 01.08.18, og Ørsta kommune har inngått avtale med Hornindal kommune. Administrasjonen er gjort kjent med at Ørsta kommune har inngått avtale med Hornindal kommune også når

det gjeld barnehagebarn frå Bjørke.

Det er administrasjonen si vurdering at vi ikkje kan drive eigen barnehage med så få barn. Vi ser det difor som naudsynt å måtte fremje ei eiga politisk sak om det framtidige barnehagetilbodet i Austefjorden.

Folketalsutvikling siste 10 år: -53 (slått saman alle grunnkrinsane)

Sentrum – Store Øyra krins

Området omfattar Hjartå, Halkjelsvik, Øyra, Hauane, Myrane, Nedre Heltne, Røyslid, Engeset og Klepp, Norddalen, Nedre Rotset og Grevsnes, Øvre Rotset, Øvre Heltne og Vikebygd.

Barnetalet var i 2008 frå 379 barn, medan det i 2017 var registrert 356 barn i barnehagealder.

Det er venta at framtidig prognose om vekst i stor grad kjem sentrum og Mork/Lid til del. Det er difor viktig at vi mest mogleg presist greier å berekne framtida, slik at vi kan rigge ein barnehagestruktur som er framtidsretta.

I dag er det tre kommunale barnehagar i sentrum: Oppigarden, Sollia og Engeset. Alle desse har to avdelingar for småbarn og to avdelingar for storbarn. Pri dag er det 162 kommunale plassar tilgjengeleg i det vi definerer som sentrum.

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Sentrum	379	401	401	410	406	398	392	367	351	356

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Engeset barnehage	60	58	58	57	56	56	52	52	49	51
Oppigarden barnehage				55	58	57	55	55	49	50
Sollia barnehage	63	75	56	55	57	55	54	58	53	52
Tal barn i kommunale bhg i sentrum pr 15.12	123	133	114	167	171	168	161	165	151	153

Tabellen viser utviklinga dei siste 10 åra, når vi samanheld barnetal med tal barnehagebarn i dei ulike kommunale barnehagane. Vi ser at det er ein markert auke i 2011, dette pga at kommunen overtok Oppigarden barnehage frå Helse Møre og Romsdal.

Søknaden til kommunale barnehagar er stabilt gode, noko som fortel oss at dei har godt omdøme og blir sett på som gode og attraktive barnehagar.

Det er i dag overkapasitet på barnehageplassar i sentrum. På den eine sida kan dette indikere at vi alt er rigga for framtida. På den andre sida knytter det seg usikkerheit til kva som skjer med dei private barnehagane. Fleire av dei private er stiftingar som vart oppretta i ei tid då barnehageplassar var mangelvare, medan situasjonen i dag er ein annan.

Folketalsutvikling siste 10 år: +890 (slått saman alle grunnkrinsane)

Grunngjeving for ein, ny kommunal barnehage i Stor-Øyra krins

Det er kommunen si plikt å tilby barnehageplass til barn i barnehagealder som er busett i kommunen. Det vil difor vere viktig at kommunen har eit føreseieleg tilbod med tilstrekkeleg barnehageplassar til ei kvar tid. Dette er viktig av fleire grunnar, m.a at ein då er mindre sårbar når/om private aktørar vel å avvike drifta. Utbetaling av tilskot til private barnehagar byggjer og på den kommunale drifta (for meir utfyllande om dette, sjå vedlegg til saka). Det er difor viktig at kommunen har ein optimalisert tenestestruktur som driv mest mogleg effektivt. Ein konsekvens av dette er altså at administrasjonen foreslår ein kommunal barnehage i sentrum i staden for tre.

Skal vi oppfylle samfunnsmandatet, treng barnehagen gode fysiske rammevilkår som bidreg til at barn kan vere ein aktiv medskapar i kvardagen. Vedlagte rapport frå XPRO stadfestar at ingen av dei tre sentrumsbarnehagane er i tilfredsstillande stand, og dei stettar ikkje gjeldande krav, føreskrifter eller forventningar ein har til å drive fagleg forsvarleg.

Fagleg og organisatorisk grunngjeving

Ein større barnehage gir større moglegheiter for å drive fagleg utvikling. I dei siste åra har det vore sterk semje om at ein må ha tidleg innsats, slik at ein kan avdekke utfordringar tidleg. Fokuset er at førebygging i staden for reparering er betre for den einskilde brukar og meir samfunnsøkonomisk. Større og breiare fagmiljø med tverrfagleg samhandling mellom einingane i kommunen gir ein betre føresetnad for å møte dette fokuset. Med desse grepa forventar administrasjonen at kvaliteten vert auka.

Ein ny barnehage vil også kunne ha ei forsterka avdeling, og her vil ein ha høve til å bygge opp og nytte spesialpedagogisk kompetanse på ein god måte.

Dei tre kommunale barnehagane i sentrum har ikkje dei fasilitetane ein forventar i ein framtidsretta barnehage og som gir barn rom for lek og læring i trygge og føremålstenlege area (jf rapport, XPRO). Det må vere ei målsetting å utforme og innreie barnehagar som legg til rette for eit mangfald av aktivitetar og gode leike-, lærings- og utviklingsmulegheiter for alle barn i barnehagealder. Barnehagen skal vere inkluderande og tilrettelagt for alle barn uansett funksjonsnivå. Dette gjeld for alle kommunale bygg og skal vere ivareteke gjennom prinsippet om universell utforming, jf. diskriminerings- og tilgjengelighetslova.

Det å slå saman tre barnehagar kan vere krevjande oppgåve då tre kulturar skal bli til ein. God planlegging, leiarskap og gjennomføringsevne er viktig for å lukkast i dette arbeidet.

Det er viktig at framtidig barnehage vert etablert på godt eigna tomt som legg forholda til rette for god og forsvarleg barnehagedrift. Barnehagetomta må vere stor nok, og tomte må gi høve til allsidig barnehagedrift som medverkar til at barn får ein trygg og utviklande barnehagekvardag.

Økonomisk grunngjeving

Det mest økonomiske for Volda kommune er å oppretthalde same tal på barn i kommunale barnehagar i sentrum, og ikkje minst vere i førarsetet i det faglege arbeidet med å skape gode barnehagar med høg kvalitet. Med kommunen som barnehageeigar vil det vere god mulighet

for å kunne drive fleksibelt og tilpasse seg, ved å redusere og auke barnehageplassar etter behov.

Til sist ser vi betydelege driftsmessige fordelar ved ein ny, større barnehage. Rapporten om bygningsmessig tilstand frå XPRO peikar på at gamle bygningskroppar gjer det krevjande og dyrt å få det varmt nok. Vidare er det slik at reinhald og vaktmeister tenester kan gjerast meir effektivt i ei eining i staden for tre.

Det er vist i saka til «prosessnotat, økonomi» samt regjeringa si perspektivmelding. Desse to grunnlaga gjer at administrasjonen vil foreslå strukturelle endringar i sentrum, der vi går frå tre kommunale barnehagar til ein.

Det er kommunen og dei demokratisk valte politistarane som skal styre barnehagesektoren i framtida. I dette ligg det at kommunen som barnehageeigar skal vere ein aktiv aktør og styre krav til kvalitet, kompetanse, og sikre gode oppvekstvilkår til **alle** barnehagebarn i kommunen.

I det vidare arbeidet ser administrasjonen det som naturleg at samarbeidsutvala ved dei ulike barnehagane i sentrum vert involvert.

Økonomiske konsekvensar:

Sjå økonomisk grunngjeving

Vurdering og konklusjon:

Rune Sjurgard
Rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

BYGNINGSMESSIG VURDERING AV SENTRUMSBARNHAGER – VOLDA KOMMUNE

- Sollia barnehage
- Oppigarden barnehage
- Engeset barnehage



00	Bygningsmessig vurdering av sentrumsbarnehager	04.05.2017	VH	JL
Rev	Beskrivelse	Dato	Utført	Verifisert

INNHold

INNHold	2
1 INNLEDNING	3
1.1 GENERELT	3
2 SOLLIA BARNEHAGE	3
2.1 GENERELT	3
2.2 TEKNISK VURDERING AV BYGNINGSMASSEN	3
2.3 PLAN- OG AREALLØSNING	5
3 OPPIGARDEN BARNEHAGE	6
3.1 GENERELT	6
3.2 TEKNISK VURDERING AV BYGNINGSMASSEN	6
3.3 PLAN- OG AREALLØSNING	8
4 ENGESET BARNEHAGE	8
4.1 GENERELT	8
4.2 TEKNISK VURDERING AV BYGNINGSMASSEN	8
4.3 PLAN- OG AREALLØSNING	10
5 OPPSUMMERING	11
5.1 SOLLIA.....	11
5.2 OPPIGARDEN	11
5.3 ENGESET	11

1 INNLEDNING

1.1 GENERELT

XPRO har på oppdrag fra Volda kommune gjennomført en kartlegging av de bygningsmessige forholdene i sentrumsbarnehagene i Volda; Sollia barnehage, Oppigarden barnehage og Engeset barnehage. Gjennomføringen av kartleggingen har blitt gjennomført ved visuell inspeksjon og dialog med styrere og andre ansatte i barnehagene. Kartleggingen er ikke å regne som en tilstandsanalyse, men er en mer overordnet vurdering av den bygningsmessige og planmessige tilstanden i barnehagene. Vurderingene er ikke nødvendigvis vis uttømmende og det kan være forhold som ikke er medtatt i rapporten da dette har vært en overordnet vurdering av bygningsmassen. Vurderingene er gjort i forbindelse sonderingene rundt en evt. felles sentrumsbarnehage for alle eller deler av disse tre barnehagene. Det er ikke vurdert prosjektkostnader eller driftskostnader i forbindelse med ulike alternative løsninger for sentrumsbarnehagene.

2 SOLLIA BARNEHAGE

2.1 GENERELT

Sollia barnehage var bygd og tatt i bruk som barnehage i 1972, da som to frittstående bygg. Det ble i 1986 etablert et mellombygg mellom de to fløyene. Videre ble det i 1996 etablert et treningsrom. Det er gjennom levetiden av bygget gjort mindre og noen større oppgraderinger, bla. er belysning og ventilasjon oppgradert for 4-5 år siden. Både for bygningsmessige deler og tekniske anlegg fremstår mye av bygget fra byggeår. Bygget er oppført som et betongelementbygg, med takkonstruksjon av takstoler/sperrer og takstein. Gulv på grunn i betong.

Barnehagen blir drevet som en avdelingsbarnehage med 2 avdelinger for barn fra 0-3 år og 2 avdelinger for barn fra 2-6 år. Det er per tid 58 barn i barnehagen, men antallet kan variere noe avhengig av fordeling mellom små og storbarnsavdelingene.

2.2 TEKNISK VURDERING AV BYGNINGSMASSEN

Det er gjennomført en visuell befarings av bygningsmassen, hvor det er gjort vurderinger av kvaliteten og tilstanden på bygningen basert på observasjoner og mottatt informasjon. Oppsummeringen av observasjonene er gjort iht. bygningsdelstabellen på tosfret nivå, nivå som ikke er medtatt under er ikke relevant eller ikke befart.

2 Bygning

21 Grunn og fundament

Bygningen er etablert i skrånende terreng med stigning mot nordlig retning. Ikke opplyst dybde til fjell og bærelag før fundamentering. Fundamentert med ringmur/banketter av betong. Ikke observert setninger eller oppsprekking av synlig del av fundamentering. Ikke opplysninger om system for drenering eller om evt. drenering har vært utbedret etter byggeår.

22 Bæresystem

Bæresystem i prefabrikkert betongelement i yttervegg / bindingsverk forblendet med betongplater. Bæring av takkonstruksjon utført med takstoler. Bæresystem ikke gjennomgått, men det er ble ikke observert setninger og oppsprekking som kan tyde på setninger og bevegelse i bygningskroppen.

23 Yttervegger

Oppbygning og omfang av isolering av yttervegg er fra byggeår. Ved vurdering av tykkelse på vegg og dybde av vindussmyg antas det at isolasjonstykkelse er svært begrenset, antatt 5-10 cm. Innvendig overflate på ytterveggene er hovedsakelig malt panel. Vindu er hovedsakelig fra byggeår. Det opplyses om at det er mye trekk fra vindu når det er vind. Videre har flere av vinduene påbegynnende råteskader og mange glassruter er punktert. Vindu fra byggeår har en svært begrenset u-verdi sammenlignet med dagens krav. Dører i yttervegg er fra byggeår, det er glippe mellom dørblad og karm på hovedinngang. Sidefelt av glass tilfredsstiller ikke dagens krav til sikkerhetsglass.

24 Innervegger

Innervegger utført i bindingsverk med malt panel. Ikke opplyst om noen av innerveggene er bærende. Innervegger har betydelig slitasje på utsatte områder, dette gjelder blant annet ved vaskepunkt i garderober og ved kjøkken. Innvendige dører fra byggeår, dører er generelt preget av slitasje.

25 Dekker og gulv på grunn

Gulv utført som betonggulv på grunn. Overflate på gulv er gulvbelegg og antatt fra byggeår. Belegget har tydelig slitasje og det er stort omfang av skjøter som har sprukket opp. Oppsprukne skjøter fører til at smuss og fukt trekker ned i skjøtene og skaper utfordringer knytt til renhold og opprettholdelsen av et godt innemiljø.

26 Yttertak

Yttertak av takstein antatt fra byggeår. Tak var snødekt ved befaring slik at taket ikke kunne vurderes. Taket er i siste del av normal levetid for takstein. Det er tydelig ising ved avrenning fra tak noe som indikerer en kombinasjon av mye varmegjennomgang gjennom takkonstruksjon og mangelfull lufting av takkonstruksjon.

27 Fast inventar

Mye av det faste inventaret er fra byggeår og viser tydelig preg av bruk og slitasje.

3 VVS

31 Sanitær

Generelt sanitæranlegg fra byggeår. Generelt ikke gjennomført noen vurdering av sanitæranlegg. Normal levetid for komponenter i sanitæranlegget er overskredet. Generelt er mye av sanitærutstyret (WC, blandebatteri ect. fra byggeår) Etter tilsyn fra Mattilsynet mars 2017 er det ilagt pålegg om etablering egne håndvaskpunkt i begge kjøkkene i barnehagen, da dagens løsning ikke tilfredsstiller gjeldende krav.

33 Brannslukning

Brannslukking i form av branntrommel på vegg. Ukjent om dette anlegget er fra byggeår.

36 Ventilasjon

Relativt nytt ventilasjonsanlegg i bygget som ble etablert for 4-5 år siden

4 El-kraft

Det er ikke gjennomført befaring av det elektriske anlegget med fagpersonell innenfor elektrofaget. Men det er anmerket noen generelle observasjoner.

41 Basisinstallasjoner for EL-kraft

Generelt er ikke det elektriske anlegget befart, men mye av anlegget er fra byggeår og har overskredet antatt levetid for enkeltkomponenter i anlegget.

44 Lys

Det er gjort flere oppgraderinger av belysning i bygget. Generelt fremstår belysningen i bygget som relativt nye, med noen areal med eldre armatur.

45 EL-varme

Det er varmekabler i bygget som primer oppvarmingskilde. Generelt alle areal for barn har varmekabler. Det opplyses at varmekablene er defekt i enkelte soner av bygget. Dette i kombinasjon med at det er betydelig trekk fra vindu oppleves enkelte områder av barnehagen som kald.

50 Tele og automatisering

Det er ikke gjennomført befarings av tele- og automatiseringsanlegget med fagpersonell innenfor dette faget.

2.3 PLAN- OG AREALLØSNING

Planløsning fremstår i hovedsak som fra byggeår, men med mindre tilbygg som angitt under kap. 2.1. Krav til areal for personal er vesentlig endret fra byggeår til dagens krav, både i forhold til administrativt areal og garderobe fasiliteter. Barnehagen har ikke kontorarbeidsplasser for pedagogene, det er kun styrer som disponerer tilstrekkelig kontor plass. Videre er det i småbarnsavdelingen ikke personalgarderobe, og ansatte må bruke barnas garderober til oppbevaring av ute tøy ect.

Barnehagen har ikke eget areal for oppbevaring av vogner, vogner blir derfor plassert i korridorer, garderober og annet tilgjengelig areal. På befaringstidspunkt sperret vognene flere av rømningsveiene i barnehagen, noe som er kritisk og må vurderes snarlige tiltak for å utbedre.

Grovgarderobene til avdelingene er svært små, og uhensiktsmessig utformet. Det er mest å regne som en entre før tørrgarderoben. Garderobe løsningene generelt i barnehagen er uhensiktsmessig utformet, kalde, små og det blir lagret vogner og annet utstyr som hindret rasjonell bruk av garderobene.

Barnehagen tilfredsstiller ikke gjeldende krav til universell utforming, det er høydeforskjeller både intern i bygget og ved alle inngangsparti. Noe som både gjør den daglige driften utfordrende, men spesielt for eventuelle barn / voksne som sitter i rullestol.

Planløsningen i bygget fremstår som utdatert og det vil være behov for store tilpasninger og oppgraderinger i bygget eller evt. tilbygg for å tilfredsstille gjeldende krav til arbeidsplasser for ansatte.

3 OPPIGARDEN BARNEHAGE

3.1 GENERELT

Oppigarden barnehage var bygd og tatt i bruk som barnehage i 1980. Det har tidligere vært en barnehage drevet av helseforetaket, men er overtatt av Volda kommune som er bygg eier og drifter barnehagen. Det er fra byggeår gjort noen mindre og noen større oppgraderinger. Av større oppgraderinger er nytt ventilasjonsanlegget etablert i 1997, samt at belysning er byttet i 2010. Dette er også etablert et vognskur etter byggeår. Videre er det gjort mindre løpende vedlikehold som maling og inn- og utvendig. Bygget er oppført over en etasje som et bindingsverksbygg med takstoler som takkonstruksjon. Gulv på grunn i betong.

Barnehagen blir drevet som en avdelingsbarnehage med 2 avdelinger for barn fra 0-3 år og 2 avdelinger for barn fra 2-6 år. Det er per tid 54 barn i barnehagen, men antallet kan variere noe avhengig av fordeling mellom små- og storbarnsavdelingene.

3.2 TEKNISK VURDERING AV BYGNINGSMASSEN

Det er gjennomført en visuell befarings av bygningsmassen, hvor det er gjort vurderinger av kvaliteten og tilstanden på bygningen basert på visuelle observasjoner og mottatt informasjon. Oppsummeringen av observasjonene er gjort iht. bygningsdelstabellen på tosfret nivå, nivå som ikke er medtatt under er ikke relevant eller ikke befart.

2 Bygning

21 Grunn og fundament

Omliggende terreng er skrånende, men bygningen er etablert på et flatplanert areal. Ikke opplyst dybde til fjell og bærelag før fundamentering. Fundamentert med ringmur/banketter av betong. Ikke observert setninger eller oppsprekking av synlig del av fundamentering. Ikke opplysninger om system for drenering eller om evt. drenering har vært utbedret etter byggeår.

22 Bæresystem

Bygningen er oppført med i bindingsverk med takkonstruksjon av takstoler. Bæresystem ikke gjennomgått, men det er ble ikke observert setninger og oppsprekking som kan tyde på setninger og bevegelse i bygningskroppen.

23 Yttervegger

Yttervegger i bindingsverk med luftet bordkledning og innvendig panel. Oppbygning og omfang av isolering av yttervegg er fra byggeår. Ved vurdering av tykkelse på vegg og dybde av vindusmyg antas det at isolasjonstykkelse er begrenset, antatt 10 cm. Innvendig overflate på ytterveggene er hovedsakelig malt panel. Vindu er hovedsakelig fra byggeår. Det opplyses om at det er mye trekk fra vindu og ytterdører når det er vind. Vindu fra byggeår har en svært begrenset u-verdi sammenlignet med dagens krav. Dører i yttervegg er fra byggeår, spesielt i kjøkkenareal hvor det er ytterdører rett ved spisebord er det utfordringer knytt til betydelig trekk fra dørene og det er problem med å holde tilstrekkelig varme i disse arealene.

24 Innervegger

Innervegger utført i bindingsverk med panel. Ikke opplyst om noen av innerveggene er bærende. Innervegger har betydelig slitasje på utsatte områder, dette gjelder blant annet ved vaskepunkt i garderober og ved kjøkken. Innvendige dører fra byggeår, dører er generelt preget av noe slitasje.

25 Dekker og gulv på grunn

Gulv utført som betonggulv på grunn. Overflate på gulv er gulvbelegg og antatt fra byggeår. Belegget har preg av normal slitasje.

26 Yttertak

Yttertak av takstein antatt fra byggeår. Tak var snødekt ved befaring slik at taket ikke kunne vurderes.

27 Fast inventar

Det er etablert nytt hoved kjøkken hvor både overflater i rom og innredning er helt nytt. For øvrig er mye av fast innredning fra byggeår.

3 VVS

31 Sanitær

Generelt sanitæranlegg fra byggeår. Generelt ikke gjennomført noen vurdering av sanitæranlegg. Normal levetid komponenter i sanitæranlegget er overskredet. Generelt er mye av sanitærutstyret (WC, blandebatteri ect. fra byggeår) Etter tilsyn fra Mattilsynet mars 2017 er det ilagt pålegg om etablering egne håndvaskpunkt i avdelingskjøkkene i barnehagen, da dagens løsning ikke tilfredsstillende. Hoved kjøkken er nytt og tilfredsstillende.

33 Brannslukning

Brannslukning i form av branntrommel på vegg. Ukjent om dette anlegget er fra byggeår.

36 Ventilasjon

Etablert nytt ventilasjonsanlegg i bygget 1997. Det oppleves ubalanse i ventilasjon i enkelte rom, samt at det er vesentlig støy fra ventilasjon i mange av rommene i barnehagen. Det mangler avtrekk fra et av stellerommene.

4 El-kraft

Det er ikke gjennomført befaring av det elektriske anlegget med fagpersonell innenfor elektrofaget. Men det er anmerket noen generelle observasjoner.

41 Basisinstallasjoner for EL-kraft

Generelt er ikke det elektriske anlegget befart, men mye av anlegget er fra byggeår og har overskredet antatt levetid for enkeltkomponenter i anlegget.

44 Lys

Komplett oppgradering av belysning gjennomført i 2010 og fremstår som nytt.

45 EL-varme

Det er varmekabler i bygget som primer oppvarmingskilde. Det er ikke eller er defekte varmekabler i grovgarderobe. Dette gjør at dette arealet blir svært kaldt samt at våte klær ikke tørker. Det er også problemer med å hold tilfredsstillende varme i enkelte deler av barnehagen, spesielt er det kaldt i spiseområde som har ytterdør i rommet med betydelig trekk. Det er også trekk fra flere vindu som gjør at areal oppleves som kalde.

50 Tele og automatisering

Det er ikke gjennomført befarings av tele- og automatiseringsanlegget med fagpersonell innenfor dette faget.

3.3 PLAN- OG AREALLØSNING

Planløsning fremstår i hovedsak som fra byggeår, men med mindre tilpasninger. Krav til areal for personal er vesentlig endret fra byggeår til dagens krav, både i forhold til administrativt areal og garderobe fasiliteter. Barnehagen har ikke tilstrekkelig kontorarbeidsplasser for pedagogene, det er kun styrer som disponerer tilstrekkelig kontorplass. Det er etablert en arbeidsstasjon i et tidligere lager for administrativt arbeid for pedagogene, men rommet er ikke tilstrekkelig i forhold til normal bruk. Det er ikke tilfredsstillende garderobefasiliteter for personal i barnehagen. Personal har garderobe i garderoben til småbarnsavdelingen.

Grovgarderobene til avdelingene er svært små, det er mest å regne som en entre før tørrgarderoben. Det er for øvrig ikke varme i grovgarderoben som gjør at klær ikke tørker. Bygningen tilfredsstiller for øvrig ikke gjeldende krav til universell utforming. Planløsningen i bygget fremstår ikke tilfredsstillende i forhold dagens krav, og det vil være behov for tilpasninger, ombygging eller tilbygg for å tilfredsstille dagens krav til barnehage areal.

4 ENGESET BARNEHAGE

4.1 GENERELT

Engeset barnehage var bygd og tatt i bruk som barnehage i 1989. Det er fra byggeår gjort noen mindre og noen større oppgraderinger. Av større oppgraderinger er nytt ventilasjonsanlegget etablert i 2013/2014 samt at belysning er byttet relativt nylig. Videre er det planlagt noen utskiftning av vindu. Bygget er oppført over en etasje som et bindingsverksbygg med takstoler som takkonstruksjon. Gulv på grunn i betong.

Barnehagen blir drevet som en avdelingsbarnehage med 2 avdelinger for barn fra 0-3 år og 2 avdelinger for barn fra 2-6 år. Det er per tid 54 barn i barnehagen, men antallet kan variere noe avhengig av fordeling mellom små- og storbarnsavdelingene.

4.2 TEKNISK VURDERING AV BYGNINGSMASSEN

Det er gjennomført en visuell befarings av bygningsmassen, hvor det er gjort vurderinger av kvaliteten og tilstanden på bygningen basert på visuelle observasjoner og mottatt informasjon. Oppsummeringen av observasjonene er gjort iht. bygningsdelstabellen på tosfret nivå, nivå som ikke er medtatt under er ikke relevant eller ikke befart.

2 Bygning

21 Grunn og fundament

Omliggende terreng er skrånende, men bygningen er etablert på et flatplanert areal. Ikke opplyst dybde til fjell og bærelag før fundamentering. Fundamentert med ringmur/banketter av betong. Ikke observert setninger eller oppsprekking av synlig del av fundamentering. Det har vært flere anledninger med tett dremsledning. Ikke opplyst om årsak, men bør evt. kartlegges med videokjøring av VA-anlegget.

22 Bæresystem

Bygningen er oppført med i bindingsverk med takkonstruksjon av takstoler. Bæresystem ikke gjennomgått, men det er ble ikke observert setninger og oppsprekking som kan tyde på setninger og bevegelse i bygningskroppen.

23 Yttervegger

Yttervegger i bindingsverk med luftet bordkledning og innvendig panel. Oppbygning og omfang av isolering av yttervegg er fra byggeår. Ved vurdering av tykkelse på vegg og dybde av vindusmyg antas det at isolasjonstykkelse er begrenset, antatt 10 cm. Innvendig overflate på ytterveggene er hovedsakelig malt panel. Vindu er hovedsakelig fra byggeår. Det er svært mange vindu med betydelig råte- og fuktskader. Det skal byttes ut 1 stk. vindu i tillegg til balkongdør i forbindelse med pågående EPC prosjekt, men det er et betydelig antall utover dette som har skader eller begynnende skader. Det opplyses om at det er mye trekk fra vindu og at det driv vann inn i bygget ved kombinasjon av vind og regn. Vindu fra byggeår har en svært begrenset u-verdi sammenlignet med dagens krav. Dører i yttervegg er fra byggeår.

24 Innervegger

Innervegger utført i bindingsverk med panel. Ikke opplyst om noen av innerveggene er bærende. Innervegger har betydelig slitasje på utsatte områder, dette gjelder blant annet ved vaskepunkt i garderober og ved kjøkken. Innvendige dører fra byggeår, dører er generelt preget av noe slitasje.

25 Dekker og gulv på grunn

Gulv utført som betonggulv på grunn. Overflate på gulv er gulvbelegg og antatt fra byggeår. Belegget har preg av normal slitasje.

26 Yttertak

Yttertak av takstein antatt fra byggeår. Tak var snødekt ved befaring slik at taket ikke kunne vurderes.

27 Fast inventar

Eksisterende hovedkjøkken har betydelig slitasje og har behov for renovering. Det er i mars 2017 gjennomført et tilsyn fra Mattilsynet. I tilsynsrapporten påpekes det at kjøkkenet må vurderes med i en vedlikeholdsplan. Det blir også påpekt at det ikke er tilstrekkelig glatteflater i forhold til renhold på kjøkkene. Det er i etterkant av tilsynet gjort vedtak om pålegg for etablering av håndvask på hovedkjøkken samt de fire avdelingskjøkkene. For øvrig er mye av fast innredning fra byggeår.

3 VVS

31 Sanitær

Generelt sanitæranlegg fra byggeår. Generelt er mye av sanitærutstyret (WC, blandebatteri ect. fra byggeår) Etter tilsyn fra Mattilsynet mars 2017 er det ilagt pålegg om etablering egne håndvaskpunkt i avdelingskjøkkene i barnehagen, da dagens løsning ikke tilfredsstillende gjeldende krav.

33 Brannslukning

Brannslukking i form av branntrommel på vegg. Ukjent om dette anlegget er fra byggeår.

36 Ventilasjon

Etablert nytt ventilasjonsanlegg i bygget. Det oppleves ubalanse i ventilasjon i enkelte rom, samt at det er vesentlig støy fra ventilasjon i mange av rommene i barnehagen.

4 El-kraft

Det er ikke gjennomført befarings av det elektriske anlegget med fagpersonell innenfor elektrofaget. Men det er anmerket noen generelle observasjoner.

41 Basisinstallasjoner for EL-kraft

Generelt er ikke det elektriske anlegget befart, men mye av anlegget er fra byggeår.

44 Lys

Komplett oppgradering av belysning gjennomført relativt nylig.

45 EL-varme

Det er varmekabler i bygget som primer oppvarmingskilde. Oppvarming er tilfredsstillende, men mye trekk fra vindu fører til at tidvis føles kaldt.

50 Tele og automatisering

Det er ikke gjennomført befarings av tele- og automatiseringsanlegget med fagpersonell innenfor dette faget.

4.3 PLAN- OG AREALLØSNING

Planløsning fremstår i hovedsak som fra byggeår, men med mindre tilpasninger. Det er etablert et grupperom. Krav til areal for personal er vesentlig endret fra byggeår til dagens krav, både i forhold til administrativt areal og garderobe fasiliteter. Barnehagen har et rom som disponeres som personalkontor, men er ikke tilstrekkelig. Det er ikke tilfredsstillende garderobefasiliteter for personal i barnehagen. Barnehagen har et lite soveskur for vogner, men det er ikke tilstrekkelig i forhold antall vogner. Vogner plasseres ute under takoverbygg, men det driver mye regn og snø inn på vognene.

Grovgarderobene til avdelingene er svært små, det er mest å regne som en entre før tørrgarderoben. Det er for øvrig ikke varme i grovgarderoben som gjør at klær ikke tørker. Bygningen tilfredsstillende for øvrig ikke gjeldende krav til universell utforming. Planløsningen i bygget fremstår ikke tilfredsstillende i forhold dagens krav, og det vil være behov for tilpasninger, ombygging eller tilbygg for å tilfredsstille dagens krav til barnehage areal.

5 OPPSUMMERING

5.1 SOLLIA

Sollia barnehage fremstår med betydelig slitasje og bygningsmessige og tekniske mangler. Det vil kreve omfattende renovering for å få bygningen til å tilfredsstille dagens krav til bygningsmasse. Selv med en totalrenovering kan det være bygningsmessige begrensninger i bæresystem, grunnforhold, tilkomstforhold ect. som gjør at gjeldende krav ikke kan tilfredsstilles. Videre er det betydelige behov for planjusteringer i bygget med bla. etablering av større areal til personal. Sollia barnehage fremstår med så omfattende mangler og behov for oppgradering at sanering av bygningsmassen og etablering av nybygg må vurderes som et alternativ.

5.2 OPPIGARDEN

Oppigarden barnehage er nærmere 40 år og mye av bygningsmassen fremstår med betydelig slitasje og mangler i forhold til dagens krav. Det er også vesentlige mangler i planløsning for å tilfredsstille dagens krav. Barnehagen står derfor overfor betydelig oppgraderinger og ombygninger for å være en fremtidsrettet barnehage.

Selv om Oppigarden barnehage fremstår med betydelige oppgraderingsbehov både på planløsning og den bygningsmessige standarden fremstår den som bedre enn Sollia, og bygningsmassen har en restverdi som kommunen må vurdere å utnytte.

5.3 ENGESET

Engeset barnehage er den nyeste av de tre barnehagene som er befart og den fremstår i bedre stand totalt sett enn de to andre barnehagene. Det er likevel en heldel del forhold som ikke er tilfredsstillende etter dagens krav i barnehager. Dette gjelder både generelt vedlikehold og utskiftninger av bygningsdeler som det vil være behov for, samt ombygninger og tilpasninger i planløsning for å få en bedre garderobeløsning for barna, samt bedre fasiliteter for personal. Det bør foreligge en plan for etterbruk av bygningsmassen, da denne representerer en vesentlig verdi.



MERKESTEINAR I BARNEHAGEHISTORIA

Vedlegg til utgreiing av den kommunale barnehagedrifta

Ser vi barnehagen i eit historisk perspektiv så har den i løpet av åra den har eksistert i Noreg, vore gjennom store endringar.

Det første barneasylet i Noreg vart opna i Trondheim i 1837, deretter kom det asyl i Kristiania, Kristiansand og Bergen. Føremålet med asyla var å ta hand om fattige barn som streifa omkring i gatene. Asyla var forløparen til barnehagane, og var inspirert av pedagogiske tankar frå resten av Europa.

I 1950 var det 162 barnehagar i Noreg, 1.1 % av alle barn i barnehagealder gjekk då i barnehage. Ansvar for barnehagane vart ført frå Sosialdepartementet til Barne og familiedepartementet, og lov om barnevern kom i 1953. Barnehagane blei regulert under denne lova og fekk dermed sin første lovregulerande tekst.

Til tross for at vi har hatt barnehagar i Noreg lenge, vart den første Lov om barnehagar vedteke så seint som i 1975. Dette var ein viktig «milepæl» for barnehagesektoren i Noreg. Med lovverket vart barnehagen endra frå å vere ein **tilsyns- og oppbevaringsinstitusjon** til å bli ei **pedagogisk verksemd**. Først i 1995 kom den første rammeplanen for barnehagen som er ei føreskrift til barnehagelova. Denne vart gjeldande frå 1996 og gav overordna mål og rammer for det pedagogiske arbeidet. Nokre viktige endringar følgde med.

Då barnehageplass vart ein lovpålagt rett 1. januar 2009, fekk dette ytterlegare innverknad for barnehagane som organisasjon. Barnehagen vart med dette ein del av det offentlege utdanningsløpet til barn.

På 90-talet vart det bygd fleire og fleire barnehagar, og barnehageforliket i 2003 med maksimalpris og vedtak om full utbygging, førte til den største barnehageutbygginga gjennom tidene. Andre sentrale element i barnehageforliket var kommunane si plikt til økonomisk likeverdig handsaming av ikkje-kommunale og kommunale barnehagar. Det vart også innført reglar som gav rett til søskenmoderasjon.

I 2005 vart barnehagane flytta frå Barne- og familiedepartementet til Kunnskapsdepartementet. Barnehagen fekk ny føremålsparagraf i 2010, og for første gang ein føremålsparagraf som bygger på dei same verdiane som i skulen. I dag vert utdanningssektoren, frå barnehage til vidaregåande opplæring, sett på som eit heilskapleg utdanningsløp. Dette sjølv om barnehage er frivillig.

I 2015 kom det føringar på at foreldre kan søkje om redusert foreldrebetaling, samt rett til 20 timar gratis opphald for tre, fire og fem årningar på grunn av låg bruttoinntekt. Kva som vert rekna som låg bruttoinntekt, vert vedteke i statsbudsjettet. I 2017 har alle barn som fyller eitt år innan utgangen av november, rett til barnehageplass.

Barnehagelova og rammeplanen har blitt revidert fleire gonger. Det er lagt statlege føringar for å sikre kvaliteten i barnehagetilbodet og oppfølging av barnehagen sitt samfunnsmandat. Rammeplanen har eit tydeleg «her og no» -perspektiv og eit framtidsperspektiv. Barna skal ha utbytte medan dei går i barnehagen og seinare i livet. Rammeplan speglar nasjonale målsetjingar som barnehageeigar er pliktige å gjennomføre.

Det er **kommunen som har ansvar** for å ha nok barnehageplassar i kommunen. Som dekningsgraden viser så vel dei fleste føresette barnehageplass for barna sine, både av omsyn til barna sjølve og som ei trygg og stabil ordning for føresette. Alle desse tiltaka har bidrege til at barn skal få høve til å gå i



barnehage uavhengig av inntektsnivå til føresette. Tabellen nedanfor viser ei oversikt over dekningsgraden, og ein ser at den har auka i takt med alle dei statlege tiltaka som nemnt ovanfor. Med omgrepet «barnehagedekning» meiner ein tal på barn i barnehage i prosent av totalt tal barn i same aldersgruppe.

	Dekningsgrad 1-3 år	Dekningsgrad 3-5 år	Samla i landet
1970			2,80%
1990	15,00%	58,00%	
2000	37,10%	78,10%	
2016	80,70%	96,50%	90,40%

Barnehageutviklinga har endra samfunnet og gitt oss ein ny felles barndomsarena for dei aller fleste barn i Noreg. Barnehagen spelar ei stadig større rolle – både i det einskilde barn sitt liv, for familieane og for samfunnet. Barnehagerevolusjonen som har skjedd på få år, er eit viktig bidrag for å sikre sosial utjamning jf. Stortingsmelding 24 (2012-2013). Barnehagen har blitt ein av dei viktigaste inkluderingsarenaene i Noreg og ein viktig samfunns- og utdanningsinstitusjon.

Barnehageutbygging Volda kommune

Volda kommune har vore ei føregangskommune med å tilby nok barnehageplassar. Kommunen har med god hjelp frå dei private barnehagane hatt full barnehagedekning sidan slutten av nittitalet. Med unnatak av barnehageåret 2009/2010, då lovfesta rett til barnehageplass til eittåringane vart innført, har kommunen hatt nok barnehageplassar. Lovfesta rett vil seie at barn som søkte om barnehageplass innan fristen for hovudopptaket 1. mars, hadde rett på plass innan utgangen av august, under føresetnad av at barnet var fylt 1 år.

Utfordringa med å gi alle med lovfesta rett til barnehageplass frå hausten 2009, vart løyst ved å opprette ei avdeling under Sollia barnehage lokalisert i nedlagde Hjartå skule.

Det var ei periode stort engasjement blant foreldre i Volda kommune, og det vart i 1987 stilt eiga barnehageliste til kommunevalet. Barnehagelista gjekk på val med at dei ville arbeide for å bygge barnehagar slik at flest mogleg skulle få eit barnehagetilbod. Ein representantar vart valt inn, noko som spegla det store engasjementet kring barnehagetilbod i kommunen på det tidspunktet.

I tråd med samfunnsutviklinga, vart det eit aukande behov for barnehageplassar mot slutten av 1970-talet og utetter på 1980-talet. Mange barnehagar såg dagens lys etter private initiativ, også i Volda. I Volda har private barnehagar til dømes fått gratis tomt av kommunen, eller kommunen betalar bygsleavgift for grunnen. Fleire private barnehagar har fått kommunal bankgaranti i samband med bygging og/eller utviding av barnehagen.

Det er berre Sollia og Engeset barnehage som er bygd i kommunal regi og føremålstenleg geografisk plasserte etter kommunen sine vurderingar då dei vart bygd. Dei andre kommunale barnehagane Austefjord, Folkestad, Mork, Lauvstad og Oppigarden vart bygd og starta som private (ein fylkeskommunal) barnehagar og kommunen tok seinare over drifta.

Den første kommunale heildagsbarnehagen var Sollia barnehage, ein fire-avdelings barnehage som vart opna i 1972. Sollia barnehage starta i lokale som tilhørde Fylkessjukehuset i Volda. I månadsskiftet november/desember same år flytta barnehagen inn i nye lokale. I 1996 vart det bygd på eit treningsrom, slik at barnehagen då vart betre tilrettelagt for barn som treng ekstra tilrettelegging.

Kommunen har heile tida vore eigar og drivar av barnehagen, men halvparten av plassane var øyremerka for tilsette ved sjukehuset fram til Oppigarden barnehage kom i drift i 1980.



I 17 år var Sollia barnehage det einaste kommunale heildagstilbodet, og den einaste med tilbod til barn i alderen 0-3 år. Frå 1996 har ein hatt heilårsopen barnehage. I praksis vil det seie at barnehagane har ope alle kvardagar med unntak av planleggingsdagane. Engeset barnehage, også ein fire-avdelings barnehage, vart opna 1. september 1989.

I 2003 var det 19 barnehagar i Volda, 12 ikkje-kommunale og 7 kommunale barnehagar. Volda hadde på den tida fleire en-avdelingsbarnehagar, familiebarnehagar og ein kortidsbarnehage (opningstid 4-6 timar) som var i drift.

Barnehageforliket i 2003 førte med seg gode ordningar for tilskot til utbygging av barnehagar. Rotset barnehage, Øyra barnehage og Hjellbakkane barnehage bygde ut og auka kapasiteten i denne perioden. Kulur barnehage tok over Bøgarden familiebarnehage og starta opp i Hjartå skule i 2010 og flytta i 2012 inn i nye lokale i Bratteberg. Volda kommune nytta seg ikkje av denne tilskotsordninga.

I samband med rapporten "Organisering av prosessar for konkretisering av kutt i tenester for perioden 2014-2015", vart administrasjonen beden om å kome med dokumentasjon/forslag til konkret talfesting av aktuelle tiltak.

Med bakgrunn i dette, vart det vedteke å stenge barnehagane i veke 29 og 30, da det var få barn i barnehagen desse vekene. Bakgrunnen for tiltaket var at personalet hadde mykje restferie etter sommarferien, som det var utfordrande å få avvikla. Ved å stenge, vart ferieavviklinga meir konsentrert, barna opplevde større stabilitet på avdelingane og vaksenttelleik gjennom barnehageåret.

Eit anna tiltak var å tilby berre heiltidsplassar i barnehagane Austefjord, Engeset, Mork, Oppigarden og Sollia. Administrasjonen vurderte det slik at føresette som hadde ønskje om deltidstilbod, hadde moglegheit til å velje det i private barnehagar. Føreskrifta gir ikkje opning for å legge til grunn ei brøkvis utrekning av tal på pedagogar, men slår fast at pedagogbemanninga skal vere pr. barn og ikkje pr. plass. Dette fører til at barnehagane har ein kostnad for bemanning uavhengig av om barna er der eller ikkje.

Kommunane kunne fram til 2016 velje om ein ville gi tilskot ut i frå gjennomsnittleg kapitalkostnad pr. heiltidsplass i eigne tilsvarande kommunale barnehagar, eller om dei ville nytte nasjonale gjennomsnittssatsar for kapitaltilskot fastsett av departementet. Volda kommune nytta fram til 2014 nasjonal gjennomsnittssats. I samband med utrekning av tilskot for 2014, vart det tatt ein gjennomgang av verdien på bygningsmassen, og det vart frå då nytta eigne satsar for kapitaltilskot.

Dette tilskotet var lågare enn nasjonal gjennomsnittssats, og vart nytta fram til 2016 da regelverket vart endra.

I dag er det 13 heildagsbarnehagar i Volda kommune, sju kommunale og seks private barnehagar. I tillegg til heildagsbarnehagar så har kommunen «Volda opne barnehage» som er open ein dag i veka. Volda kommune har hatt ledige barnehageplassar i sentrum sidan 2012.

Oversikta nedanfor viser tal barnehagar i nokre av kommunane på Søre-Sunnmøre. Vi ser at Volda kommune har fleire barnehagar enn dei andre kommunane, sjølv om nokre av dei har fleire barn i barnehagealder enn Volda.

Kommune	Barnehagar
Volda	14
Ørsta	11
Ulstein	8
Herøy	9



FYSISKE RAMMEVILKÅR I EIT PEDAGOGISK LYS

Vedlegg til utgreiing av den kommunale barnehagedrifta

Barnehagen skal vere til barn sitt beste, og barna skal oppleve glede og meistring i barnehagen. Barn skal få leike, lære og utvikle seg og delta aktivt i eit sosialt og kulturelt fellesskap. Gode barnehagar formidlar verdiar og haldingar, gir barn grunnleggande ferdigheiter, kunnskapar og trening i å delta aktivt i eit fellesskap med andre barn og vaksne. Barnehagen skal også vere ein støttespelar for føresette.

Barnehagen sitt innhald skal bygge på eit heilskapleg læringssyn, der omsorg, leik, læring og danning står sentralt. I tillegg er psykisk og fysisk helse, språk, medverknad, sosial kompetanse og dei sju fagområda viktige deler av barnehagen sitt læringsmiljø.

Barn har ein lovfesta rett til medverknad. Både FN sin barnekonvensjon og barnehagelova legg vekt på barn sin rett til medverknad. Barn skal få høve til aktiv deltaking og ein skal leggje vekt på barnet sitt syn. Tilsvarende i lov om barn og foreldre.

Den nye rammeplanen vart gjeldande frå 01.08.17 og er tydeleg på ansvar og roller i barnehagen. Den har også retta meir merksemd mot arbeidet med å førebygge, stoppe og følgje opp mobbing og krenking, styrking av helse og mangfaldsperspektivet og auka merksemd på dei yngste barna. Rammeplanen ser barnet som aktiv aktør i eige liv. I møte med omgjevnadane og andre barn og vaksne utviklar barnet kunnskap om seg sjølv og eigen identitet. Det krev høg kvalitet i relasjonen og ein trygg tilknytning mellom barnet og dei tilsette i barnehagen. Det er særskilt viktig at dei yngste barna får høve til å knytte seg til få og stabile vaksne. For å oppfylle dette kravet må det mellom anna vere mogleg å dele barna inn i mindre grupper, og at **barnehagebygget** gir gode rammevilkår for det læringsmiljøet som ein treng for å oppfylle samfunnsmandatet jf. Barnehagelova og rammeplan.

Barnehagelova §2 og rammeplanen er tydeleg på at barnehagen skal ha areal og utstyr nok til leik og varierte aktivitetar som fremmer rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring og høve til læring og meistring. **Barnehagen sitt fysiske miljø dannar ramma rundt barnehagedrifta, og har påverknad på det pedagogiske arbeidet i barnehagen.** Utforming av leikeareal og organisering av barnehagen har også stor innverknad for å ivareta barn sin rett til medverknad.

Det står mellom anna under **livsmeistring og helse** i rammeplanen:

”Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp.

.....Barna skal få ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagekvardagen.

Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet, og skal stimulere til rørsleglede, og den motoriske utviklinga til barna. Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.”

Det fysiske og psykiske miljøet må vere slik at det er godt å vere i barnehagen.

Tidleg innsats og førebygging

Barnehagen er ein viktig arena for førebyggjande arbeid og for folkehelsearbeid, og har gode føresetnader for å kunne fange opp og støtte barn som treng ekstra støtte. Tidleg og rett innsats er viktig. Tidleg innsats inneber førebyggjande arbeid i tenestetilboda, og at hjelp vert gitt før vanskar vert komplekse og fastlåste.



Tidleg innsats er eit viktig mål som heile sektoren arbeider aktivt med. Barnehagen er dei første som møter barna i utdanningsløpet. Forsking viser at tidleg innsats i barnehagen kan bidra til at fleire barn kan klare seg godt i skulen og arbeidsliv seinare. Tidleg innsats i barnehagen handlar mykje om personalet sin kompetanse og sensitive vaksne med handlingskompetanse. Tilsette må kjenne til hjelpeapparatet i kommunen og kunne ta det i bruk ved behov.

Glede over fysisk aktivitet saman med sunt kosthald må starte tidleg. Barnehagen er ein viktig arena for å medverke til at barna får eit sunt og variert kosthald. Introduksjon av matvarer frå dei er små kan påvirke smakspreferansar og kosthald i vaksen alder jf. Helsedirektoratets råd «bra mat i barnehagen».

Dei aller fleste små barn er aktive og likar å bruke kroppen sin i ulike former for aktivitet. Rørslekulturen i barnehagen kan gi barn gode vaner for fysisk aktivitet. Målet må vere at den einskilde opplever glede og meistring samt velvære og positiv livsutfolding gjennom å delta i fysisk aktivitet

Universell utforming

Det fysiske miljøet i barnehagen skal fremje barns utvikling. Det står i rammeplanen at barnehagane sitt fysiske miljø skal vere utforma slik at ALLE barn får gode tilhøve til å delta aktivt i leik og andre aktivitetar. Vidare legg rammeplanen vekt på at ved planlegging av barnehagen si utforming, må det takast omsyn til samfunnet sitt mål om nedbygging av funksjonshemmande barrierar. Planlegging, lokalisering og bygging av nye barnehagar bør vere basert på universell utforming.

Barnehagelova regulerer først og fremst den pedagogiske verksemda, og barnehagen sitt kvalitative innhald, medan utforming av bygning vert regulert av plan og bygningslova. Det vert likevel understreka at departementet er opptatt det fysiske miljøet, og så langt det er praktisk mogleg, blir utforma etter prinsippet om universell utforming.

Føreskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v

Føreskrifta vart gjort gjeldande i kraft 01.01.1996 og inneheld krav til det fysiske og sosiale miljøet, og stiller krav til mellom anna ansvarsforhold, internkontroll, tilsyn, sanksjon og klage. Føremålet med føreskrifta er å bidra til at miljøet i barnehagar og skular skal fremje helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold samt førebygge sjukdom og skade.



TILSKOTSORDNINGA TIL PRIVATE BARNEHAGAR

Vedlegg til utgreiing av den kommunale barnehagedrifta

Før 2011 vart ikkje-kommunale barnehagar finansiert av eit øyremerka statleg tilskot til drift. Det var då mogleg å etablere ikkje-kommunale barnehagar utan kostnad for kommunen. Volda kommune stilte kommunal lånegaranti og fleire barnehagar fekk gratis tomt.

Det er ingen økonomisk gevinst for kommunen å legge ned kommunale barnehagar i sentrum. Dei private barnehagane har rett til kommunalt tilskot etter tilskotssats basert på kostnad til drift av kommunale barnehagar. Tilskotsordninga for private barnehagar er regulert i ei statleg føreskrift, og dei skal ha tilskot på same nivå som dei kommunale barnehagane. Kommunen har ikkje ansvar for å dekke underskot, investeringar eller tap av inntekter i periodar med færre barn i dei private barnehagane. Ein reduksjon av tal på barn i dei kommunale sentrumsbarnehagane Engeset, barnehage, Oppigarden barnehage og Sollia barnehage vil føre til auka tilskot til dei private barnehagane. Det er dyrare å drive barnehagar på bygdene med få barn enn barnehagar med fleire barn i sentrum.

Tilskotsordninga inkluderer også kapitaltilskot, slik at kapitalkostnader til lån, avdrag og renter vert dekt av kommunen over ei periode på fleire år i samsvar med statlege satsar. På denne måten betaler kommunen ut eit tilskot som går med til å betale ned den private barnehagen si gjeld, og den private eigar vil eige barnehagetomt og bygg når all gjeld er betalt. Kommunen må fortsetje å betale kapitaltilskot sjølv om barnehagen er nedbetalt. Ein privat eigar kan også velje å avvikle drifta eller nytte tomt og bygning til andre føremål.

I føreskrift om sakshandsaming ved opptak i barnehage står det at barnehagen sine vedtekter skal definere barnehagen sin opptakskrins. Private barnehagar kan gjennom sine vedtekter definere ein opptakskrins til å gjelde medlemar i ei foreining, barn til tilsette eller studentar, og prioritere opptak av desse barna, uavhengig av kvar familien bur og kva behov kommunen har. Barnehagen kan velje å gi barnehageplass til barn som ikkje har lovfesta rett, for eksempel til søsken.

Fleire av dei private barnehagane har ein opptakskrins som gjer at dei tek inn barn frå nabokommunane. Barn som bur i andre kommunar kan ikkje få barnehageplass i kommunale barnehagar dersom det ikkje er gjort skriftleg avtale om dekking av kostnader frå kommunen barnet er folkeregistrert i. Volda kommune har då rett til refusjon jf. § 11 i forskrift om likeverdig handsaming av offentlege tilskot. Refusjonen er basert på nasjonale gjennomsnittssatsar for tilskot til driftskostnader og kapitalkostnader fastsett av departementet.

Det er per dags dato 15 barn i dei private barnehagane og 3 barn i dei kommunale barnehagane som bur i ei av nabokommunane. Dei fleste bur i Ørsta, men vi har også barn frå Stryn, Herøy og Vanylven. Det å peike på denne problemstillinga bør ikkje vere til hinder for at ein fortsatt kan ha eit godt samarbeid mellom Volda kommune og private barnehageeigarar/drivarar.

Dei private barnehagane skal ha kommunalt tilskot på line med kva det kostar å drive dei kommunale barnehagane. Det spelar difor lita rolla om dei private barnehagane kan drive barnehagen billigare enn kommunen. Tilskotet til dei private skal vere på same nivå per barn som det kostar å drive i kommunal regi.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Andreea Beleuta

Arkivsak nr.: 2017/1557

Arkivkode: 151

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
160/17	Formannskapet	17.10.2017
109/17	Kommunestyret	26.10.2017

TERTIALRAPPORT 2017

Handsaming:

Økonomisjef Kari Mette Sundgot og konst. helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 17.10.2017 til kommunestyret:

- Tertialrapport 2017 vert teken til vitende, og kommunestyret vedtek slike budsjettendringar:*

<i>Auke i Frie inntekter</i>	<i>1,6 mill kr</i>
<i>Reduksjon i eigedomsskatt</i>	<i>0,1 mill kr</i>
<i>Reduksjon i renteutgifter</i>	<i>2,4 mill kr</i>
<i>Auke i tilskot flyktningar</i>	<i>2,2 mill kr</i>
<i>Auke i finansinntekter/avkastning</i>	<i>0,5 mill kr</i>
<i>Auke i ramme Introduksjonsprogram</i>	<i>2,0 mill kr</i>
<i>Auke i ramme til Helse og omsorg</i>	<i>3,6 mill kr</i>
<i>Auke i ramme Politisk</i>	<i>0,5 mill kr</i>
<i>Auke i ramme Kino</i>	<i>0,5 mill kr</i>
- Finansrapport (passiva) pr 31.august vert teken til vitende (vedlegg nr. 1).*
- Finansrapport (aktiva) pr 31.august vert teken til vitende (vedlegg nr.2).*

Administrasjonen si tilråding:

1. Tertialrapport 2017 vert teken til vitende, og kommunestyret vedtek slike budsjettendringar:

Auke i Frie inntekter	1,6 mill kr
Reduksjon i eigedomsskatt	0,1 mill kr
Reduksjon i renteutgifter	2,4 mill kr
Auke i tilskot flyktningar	2,2 mill kr
Auke i finansinntekter/avkastning	0,5 mill kr
Auke i ramme Introduksjonsprogram	2,0 mill kr
Auke i ramme til Helse og omsorg	3,6 mill kr
Auke i ramme Politisk	0,5 mill kr
Auke i ramme Kino	0,5 mill kr
2. Finansrapport (passiva) pr 31.august vert teken til vitende (vedlegg nr. 1).
3. Finansrapport (aktiva) pr 31.august vert teken til vitende (vedlegg nr.2).

Vedleggsliste:

1. Finansrapport aktiva
2. Finansrapport passiva
3. Investeringar, skjema 2 b
4. Målkart NAV Ørsta

SAMANDRAG

Tertialrapporten viser så langt prognose om økonomisk balanse ved årsslutt når ein ser Volda kommune under eitt. Sektorar som Helse og omsorg, Service og kultur og Politisk verksemd melder alle om utfordringar i drifta og underskot ved årsslutt. Opplæring og oppvekst melder også om avvik, men dette må sjåast i samanheng med inntekter knytt til flyktning. Sjukefråveret har stige litt samanlikna med same tid i fjor. Det er sterkt fokus på arbeidsmiljøutvikling og oppfølging av dei som er sjukmeldt i organisasjonen.

Frå sektorane vert det rapportert om stor aktivitet og god tenesteyting. Prosessen med bygging av ny kommune saman med Hornindal er i gang og fleire tilsette i ulike sektorar er involvert i dette.

1 BUDSJETTSKJEMA 1A

Budsjettskjema 1A består av:

- Frie inntekter
- Generelle statstilskot
- Eigedomsskatt
- Finansområdet

Frie inntekter

	Budsjett 2017	Nytt budsjett 2. tertial
Rammetilskott	271 311 000	266 904 000

Skatteinntekter	200 000 000	205 964 000
Sum frie inntekter	471 311 000	472 900 000

Det er skatteinngangen på landsbasis som er den mest sentrale faktoren på kor mykje vi får i frie inntekter. Dette er fordi vi har utjamning mellom skatterike kommunar og skattefattige kommunar (slik som Volda kommune). Dette er eit element i rammetilskotet. Dess mindre skatteinngangen er på landsbasis, desto mindre vert det å fordele til dei skattefattige kommunane. Volda kommune får kompensert 95% dersom skatteinntektene vert mindre enn budsjettert. Volda kommune har skatteinntekter på ca. 131,5 mill kr (78,7 % av landsgjennomsnitt) ved utgangen av august, og er noko meir enn det budsjetterte beløpet for same periode.

Kommunestyret har som tabellen ovanfor viser budsjettert med frie inntekter på 471,3 mill kr. i 2017. Prognosemodellen frå KS viser ei prognose på 472,9 mill kr ved årets slutt for Volda kommune. Ei auke på 1,6 mill kr.

Eigedomsskatt

Det er budsjettert med 17 mill kr i inntekt frå eigedomsskatt. Prognosen indikerer at eigedomsskatten blir ca 16,9 mill kr., difor ei nedjustering i budsjettet.

Generelle statstilskot

Generelle statstilskot	Budsjett 2017	Prognose
Integreringstilskott	33 797 000	35 994 175
Gr.97/investering i skulebygg	863 000	1 281 014
Omsorg	2 883 000	2 726 649
Kyrkjebygg	44 000	31 546
Sum	37 587 000	40 033 384

Prognosen for integreringstilskott viser ca. 2,2 mill kr meir enn det som var opphavleg budsjettert. Samla sett, prognosen for dei generelle statstilskott viser ca. 2,45 mill. kr meir enn budsjettert.

Tabellen under viser ny prognose for integreringstilskotet pr. 31.08.17:

Busetjingsår	Sats	Tal flyktningar	Prognose pr. 13.09.17
År 1 (2017)	235 000	20	4 700 000
År 1 (2017)	185 000	19	3 515 000
År 2 (2016)	230 000	50	11 500 000
År 3 (2015)	167 000	48	8 016 000
År 4 (2014)	84 000	31	2 604 000
År 5 (2013)	70 500	23	1 621 500
Ekstratilskot IT 2017	50 000	9	450 000
Familiesameinte	185 000	16	2 960 000
Alternativ mottaksplassert		5	627 675
Tilflyttingar (8020)		8	401 437

Fråflyttingar (8020)*		-3	-258 750
SUM 9000.850		223	35 994 175
SUM 8020.850			142 687,50

Tabellen ovanfor viser at prognosen for integreringstilskot er kr 2.197.175,- større enn budsjettet. Auken må nyttast til å dekke utgifter knytt til flyktningar gjennom introduksjonsprogrammet (Opplæring og oppvekst)

Under er forklaringa :

«Det er busett 27 flyktningar hittil i år. Prognosen over tek høgde for busetjing av ytterlegare 12 flyktningar, i samsvar med gjeldande k-vedtak 96/16 og oppmoding frå IMDi. Auka tilskot kjem som følge av ytterlegare 9 familiesameinte, i tillegg til dei 7 som vart inkludert i revidert budsjett. Totalt har 16 kome på familiesameining hittil i år. Vi har framleis 5 alternativ mottaksplasserte i kommunen, som utløyser månadleg tilskot. I prognosen er det også teke høgde for kjende til- og fråflyttingar i år, knytt til deling av integreringstilskotet mellom til-/fråflyttingskommunen. Slik refusjon vert ført i rekneskapen på 8020.850. Gjeld til andre kommunar ved årsslutt vert ført på balanse 23770510. Kommunen mottok tilskot på 223 personar i 2017. Avvik bør følgjast opp i budsjettkorrigeringssak.»

Finansområdet

Finansutgifter

Det er budsjettet med følgjande utgifter på finansområdet i 2017:

	Budsjett 2017	Revidert budsjett 1.halvår 2017	Revidert budsjett 2. tertial
Renteutgifter (inkl startlån)	25 395 000	23 295 000	20 900 000
Avdrag	26 574 000	25 305 000	25 305 000
Sum finansutgifter	51 969 000	48 600 000	46 205 000

Renteutgifter

Det er budsjettet med kr 23.295.000 i renteutgifter på våre investeringslån, herav 1 mill kr. renteutgifter på Startlån. Prognose viser at renteutgiftene vert ca kr 2,4 mill mindre enn budsjettet. Reduksjon i høve vedteke budsjett kjem som følge av at vi ikkje har gjennomført investeringar som planlagt. Pr. utgangen av 2. tertial er det 300 mill kr. budsjetterte midlar som ikkje er nytta.

Minimumsavdrag

Det vart opphavleg budsjettet med kr 26.574.000,00 i minimumsavdrag for 2017. Førebelse utrekningar indikerer at minimumsavdraget vert om lag kr 25.305.000. Dette er tatt høgde for i budsjettkorrigeringa for 1.halvår. Ein gjer merksam på at utrekninga ikkje er kvalitetssikra. Dersom minimumsavdraget vert større enn det førebelse estimatet, så kjem ein tilbake til det på hausten.

Finansinntekter

	Budsjett 2017	Rev. budsjett 1.halvår 2017	Rev. budsjett 2. tertial 2017
Renteinntekter formidlingslån	600 000	600 000	600 000
Ordinære renteinntekter	1 500 000	1 500 000	2 500 000
Utbytte Tussa	3 500 000	3 910 000	3 910 000
Verdiauke obligasjonsfond m.m.	1 500 000	1 500 000	2 000 000
Sum	7 100 000	7 510 000	8 010 000

Renteinntekter

Vi har budsjettert med 1,5 mill kr i renteinntekter i 2017. Ved utgangen av august er renteinntektene kr. 1.063.000,-. Ser vi på renteinntektene i 2016 var dei på 2,7 mill kr og vi vil tru at det er om for å auke budsjettet også i 2017.

Plasseringar i obligasjonsfond m.m.

Storebrand forvaltar våre plasseringar. Ved utgangen av august hadde plasseringane ein samla marknadsverdi på omlag 59,8 mill kr, og er ei auke/avkastning på omlag kr. 1.580.000 hittil i år. Det vil sei at vi no har oppnådd forventa avkastning på 1,5 mill kr. Held avkastningsprofilen seg oppe kan vi forvente ei meirinntekt her. Basert på siste tertial 2016 vurderer vi det som sannsynleg at vi kjem ut med ei avkastning på vel 2 mill kr.

Utbytte Tussa

Generalforsamling gjorde vedtak om eit utbytte på 8.080 kr pr aksje. Med Volda kommune sine 484 aksjar blir det ei utbetaling på kr 3.910.720,- Dette er kr 410.720 meir enn vi har budsjettert med i 2017.

2 BUDSJETTSKJEMA 1B

Sektorane

Tabellen under viser status for sektorane ved utgangen av august. Utheva skrift indikerer rapporteringsnivå.

Tekst	Rekneskap 2017	Periodisert revidert budsjett 2017	Revidert årsbudsjett 2017	Avvik (periodisert budsjett mot rekneskap)	Rekneskap 2016
Rådmannen	1 330 790	1 205 668	1 888 087	-125 122	1 242 449
Rådmann	1 330 790	1 205 668	1 888 087	-125 122	1 242 449
Samfunn og rådgjeving	1 146 215	873 047	1 383 425	-273 169	830 740
Samfunn og rådgjeving	1 146 215	873 047	1 383 425	-273 169	830 740
Personal og løn	6 154 429	6 845 338	10 621 317	690 909	3 849 267
IKT	4 256 636	4 583 213	5 843 784	326 577	3 575 383
Innvandring	-647 074	1 961 934	2 964 285	2 609 008	-1 638 249
Personal og organisasjon	9 763 992	13 390 485	19 429 386	3 626 493	5 786 401
Økonomi	4 714 976	4 311 130	6 774 599	-403 846	4 182 065
Økonomi	4 714 976	4 311 130	6 774 599	-403 846	4 182 065
NAV Kommune	5 733 019	5 811 541	8 717 312	78 522	6 217 361
NAV Kommune	5 733 019	5 811 541	8 717 312	78 522	6 217 361
Stab opplæring og oppvekst	14 975 565	11 045 578	12 467 522	-3 929 987	11 423 656
Helsestasjon	2 659 104	3 745 852	5 993 943	1 086 748	3 900 935
Barnehage	20 759 686	24 344 511	38 359 038	3 584 826	21 199 819
Grunnskule med SFO	70 787 408	73 475 632	115 785 525	2 688 224	69 633 464
Kulturskule	2 587 787	2 363 363	3 447 631	-224 423	2 189 360
Volda læringssenter	18 333 742	17 110 548	26 437 263	-1 223 194	15 720 990
Opplæring og oppvekst	130 103 291	132 085 484	202 490 922	1 982 193	124 068 224
Stab helse og omsorg (inkl.servicetenester)	10 456 263	13 076 642	9 356 659	2 620 380	10 241 371
Sjukeheim 2. etasje	20 469 084	16 373 399	25 725 635	-4 095 684	18 043 636
Sjukeheim 3. etasje	17 232 879	15 692 615	24 660 304	-1 540 264	15 834 011
Heimetenester	12 612 656	11 481 491	18 081 194	-1 131 165	11 116 248
Heimetenester omsorgsbustader	20 599 512	20 543 484	32 286 437	-56 028	21 169 845
Rus og psykisk helseteneste	11 327 524	9 973 988	15 722 135	-1 353 536	11 680 689
Tenesta for funksjonshemma	9 409 231	6 234 385	9 950 320	-3 174 847	8 796 548
Butenesta for funksjonshemma	20 504 076	19 393 215	30 481 968	-1 110 861	19 052 779
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	11 072 922	10 182 922	15 911 297	-890 000	12 113 834
Helse og omsorg	133 684 146	122 952 141	182 175 949	-10 732 005	128 048 960
Kultur	2 743 319	3 965 930	6 065 253	1 222 610	1 369 028
Servicekontor	3 582 268	3 607 325	5 623 084	25 057	3 451 006
Service og kultur	6 325 587	7 573 255	11 688 337	1 247 667	4 820 034
Politisk verksemd	1 810 670	1 302 239	2 061 713	-508 430	1 890 852
Politisk verksemd	1 810 670	1 302 239	2 061 713	-508 430	1 890 852
Drift og anlegg	7 314 929	7 690 608	11 857 781	375 679	9 615 770
Brann	5 289 945	5 400 118	8 315 977	110 174	5 042 023
Eigedom	11 970 452	10 157 074	15 773 867	-1 813 378	7 802 150
Teknisk	24 575 326	23 247 801	35 947 625	-1 327 525	22 459 943
Vatn sjølvkost	-1 407 494	-10 208	0	1 397 285	-1 322 450
Avlaup sjølvkost	-1 019 809	-23 899	0	995 911	959 580
Feiing sjølvkost	-98 970	-494 670	0	-395 700	-68 627
Sjølvkosttenester	-2 526 273	-528 777	0	1 997 496	-431 497
Plan	2 228 016	2 711 063	4 237 027	483 046	1 708 445
Landbruk	911 807	875 434	1 313 151	-36 373	899 288
Kart, oppmåling og byggesak	956 517	821 822	1 427 836	-134 694	1 053 939
Utvikling	4 096 340	4 408 319	6 978 014	311 979	3 661 672

Tekst	Rekneskap 2017	Periodisert revidert budsjett 2017	Revidert årsbudsjett 2017	Avvik (periodisert budsjett mot rekneskap)	Rekneskap 2016
Barnevern	4 374 893	18 354 649	29 886 218	13 979 756	10 272 397
SUM SEKTORANE	325 132 972	334 986 980	509 421 587	9 854 009	313 049 600
Felles utgifter og inntekter	-5 576 490	-4 307 793	-6 311 689	1 268 698	1 142 004
Sum inkludert felles utgifter og inntekter	319 556 481	330 679 188	503 109 898	11 122 706	314 191 604
Finansområdet, statstilskott, frie inntekter	-370 437 978	-341 368 912	-503 109 898	29 069 066	-321 509 881
SUM Heile kommunen	-50 881 496	-10 689 724	0	40 191 772	-7 318 277

Her er forklaringane til tabellen ovanfor:

- Kolonne 1 viser kva som er ført i rekneskapen pr utgangen av august.
- Kolonne 2 viser periodisert budsjett ved utgangen av august.
- Kolonne 3 viser periodisert budsjettet for heile året (2017).
- Kolonne 4 viser avvik mellom periodisert budsjett og rekneskap.
- Kolonne 5 viser rekneskapen for same periode i 2016.

Sektorane har ved utgangen av august eit forbruk på kr. 325.132.972,- (grøn linje i tabellen ovanfor). Periodisert budsjett er kr. 334.986.980,- for same periode. Sektorane ligg med andre ord om lag 9,8 mill. kroner under budsjettet forbruk ved utgangen av august. Mykje av avvika kjem av at budsjettet ikkje er korrekt periodisert. Dette er eit arbeid som vil verte prioritert i 2018, slik at rapportering gjennom året skal verte meir realistisk og ikkje minst enklare for sektorane.

Siste linje i tabellen viser at kommunen ved utgangen av august har ei netto inntekt på kr. **50.881.496,-**. Dette er omlag 40,1 mill kr meir enn budsjettet for same periode. Dette har i all hovudsak samanheng med periodisering (sjå kommentar over).

Under følgjer tilbakemelding frå sektorane og stabane:

Personal og organisasjon

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Økonomi

Vi har betalt lisensar som gjeld for heile året.

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Opplæring og oppvekst

Basert på månadsrapporten for august 2017, reknar Opplæring og oppvekst å ha eit meirforbruk på kr. 2.250.000 ved utgangen av året. Under følgjer tilbakemeldinga frå sektoren:

«Rekneskapen for opplæring og oppvekst pr 31.08.2017 viser eit mindreforbruk i høve til periodisert budsjett. Hovudforklaringa på dette er at ein stor del av budsjetterte statlege overføringar har kome tidleg i budsjettåret, og periodiseringa tek ikkje full høgde for dette.

Oppvekstsjefen estimerer at sektoren ved utgangen av året samla sett vil ha eit meirforbruk på kr 2 250 000,-

Kr 250 000,- av dette er knytt til heilt naudsynte innkjøp av datamaskiner til Volda ungdomsskule ved overgang til SSIKT. Innkjøpet sikra forsvarleg gjennomføring av eksamen og nasjonale prøver. Rådmannen er informert om dette.

Utan ei budsjettkorrigering vil ansvar 2030 (Volda læringssenter) få eit meirforbruk på konto 10890 Intro. og kval. stønad på kr 2 000 000,- ved utgangen av året. Det er eit auka tal busette flyktningar som er i introduksjonsordninga som skuldast dette meirforbruket i forhold til budsjett. Volda kommune får i sine overføringar frå staten tilskot til mellom anna intro. stønad for desse deltakarane, så det fyl midlar med deltakarane som gir dekning for ei budsjettkorrigering på denne kontoen.»

Helse og omsorg

Forbruket ved utgangen av august viser 10.730.000,- kr meir enn periodisert budsjett.

Sektoren reknar ikkje å vere i balanse ved slutten av året.

Under er tilbakemeldinga frå sektoren:

” Tabellen under viser grovt oppsummert periodisert status på ulike tenesteområder pr. 31.august.

Tenesteområde	Meirforbruk	Mindreforbruk
Stab og service		3.470.000,-
Institusjonsteneste 2.etg	4.096.000,-	
Institusjonsteneste 3.etg	1.540.000,-	
Sentralkjøkken	850.000,-	
Heimeteneste, heimebuande inkl. dagavd	1.130.000,-	
Heimetenester, omsorgsbustader	56.000,-	
Rus- og psykisk helseteneste	1.354.000,-	
Hamna Dagsenter	1.527.000,-	
Avlastingsteneste barn og unge	1.638.000,-	
Buteneste for funksjonshemma	1.111.000,-	
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	890.000,-	
Samla	11.582.000	3.470.000,-
Differanse	10.732.000,-	

Mange av tenestene har forventa inntekter gjennom driftsåret. Stipulert refusjonskrav er lagt inn i tabellen under. Lista er ikkje komplett. Desse inntektene er altså ikkje bokførte.

Tenesteområde	SUM
Felles kommuneoverlege:	500.000,-
Førebygging, rehab, legeten.	160.000,-
Refundert utgifter lærerløn frå Løn og personal, som har lønsmidlane	762.000,-

<i>Hamna Dagsenter</i>	820.000,-
<i>Korrigerings for HVO, avtale om overføring av 40% lønsressurs frå L&P</i>	260.000,-
<i>Forventa inntekter Styrk</i>	838.000,-
<i>Korrigerings løn for oppretta nattevaktstilling nr 3 i 3 etg</i>	1.430.000,-
<i>Lønsmidlar fast stilling som mangla budsjettering i rus- og psykisk helset.</i>	652.000,-
<i>Ressurskrevjande tenester, forventa refusjon som kjem på nyåret</i>	640.000,-
<i>Samla</i>	6.062.000,-

Årsaksforholda til meirforbruk/ mindreforbruk:

- Stab og service: Her ligg både løn og driftmidlar til mange tenester. Grunnen til mindreforbruket er av rekneskapsmessig art. Variabel løn for desember 2016 er belasta jan.2017. For at dette skal verte rekneskapsmessig korrekt, er tilsvarande beløp ført som inntekt. Verd å merke seg at sektoren no får heilårseffekt av eit BPA-tiltak der kommunen no må kjøpe desse tenestene. Auka utgift på ca. 900.000,- etter at refusjonar er trekt ifrå. Det er ikkje bedt om tilleggsløyving for dette tiltaket.
- Institusjonsteneste:
 - 2. etg har markert meirforbruk. I mangel på fagært personell blei det bestilt fagperson frå vikarbyrå. Etter kort tid måtte vikar seiast opp pga manglande kompetanse. Resultatet vart mykje forskyving og overtidsutgifter. Men hovudårsak til meirforbruk er fastvakt x 2 pga uro/ utagerande pasientar. Første tre månadane var sjukefråvær snitt 19,59%, men har gått gradvis nedover til juli med 10,8%.
 - 3 etg. Har gjennom heile året hatt relativt høgt sjukefråvær. Det har vore i snitt 11 pas på Klokkearstova gjennom heile året, dvs i snitt to på dobbeltrom. Det har vore betalingsdøgn for pasientar på sjukehuset så langt i år. For ein pas. er søkt skjønsmidlar med kr. 430.000,-, då vedkomande ikkje hadde opphaldsløye i Noreg. I tillegg skal eininga godskriva lønsutgifter til ein person til på natt, oppretta av K.styret til 2017.
- Sentralkjøkkenet: Læringsløn har blitt belasta kjøkkendrifta medan lønsmidlane for 2017 vart flytta til løn- og personal. Har gitt meirutgift på ca. 86.000,-. Kostnader på reparasjonar på produksjonsutstyr og serviceavtalar har gitt oss ekstrakostnader. I tillegg er ca. 300.000,- av "meirforbruket" lågare salsinntekter så langt.
- Heimetenestene inkl. Dagsenter: Ei årsak til meirforbruk er knytt til 40% stilling som skal refunderast frå Løn og personal pga HVO permisjon. Elles har det vore mykje sjukefråvær som har resultert i forskyvingar og overtidsutbetalingar. Manglande faglærte ferievikarar medførte at sjukepleiarar måtte gå ekstravakter som utløyste mykje overtid. Investeringar som er gjort på uteområdet vert finansiert med midlar ein har fått frå helsedirektoratet. som fondsmidlar og som vil godskriva resultatet når dei vert nytta.
- Heimetenester, døgnbemanna omsorgsbustader for eldre: Trass mange bebuarar med høgt tenestebehov, er meirforbruket ikkje stort. På Fjordsyn er det ofte sett inn ekstra nattevakt for å kunne yte forsvarleg teneste. Høgt sjukefråvær første kvartal på Fjordsyn, 23,64%..
- Rus- og psykisk helseteneste: Her vert det tidlegare avdekt feil under budsjettering som ikkje er endeleg korrigerert. Sluttoppgjer etter ei tidlegare sak har gitt ekstrakostnader på årets budsjett med kr. 313.000,-. Desse utgiftene er venta som meirforbruk forutsatt at tidlegare påpeika budsjetteringsfeil vert retta.
- Hamna Dagsenter: Estimerer eit meirforbruk på om lag 500.000,- ved årsslutt. Påpeikar at fastlønsramma vart redusert med om lag 140.000,- frå 2016 til 2017. Volda kommune må betale forholdvis meir av totalutgiftene pga brukarfordelinga, der

Volda har 19 og Ørsta har 9 brukarar. Utvidinga av arealet som vart gjort til 2016 vil Ørsta ikkje vere med å dekke pga brukarfordeling.

- *Avlastingsteneste for barn og unge: Syner til PS 44/17; 1. Kommunestyret tek informasjon om utfordringane knytt til manglande faste stillingsressursar ved avlastingstilbod og barnebustader til vitende og vedtek å opprette inntil 3,5 faste årsverk. 2. Prioriteringa i punkt 1 representerer ein kostnad på ca kr 2 millionar som må dekkjast innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren gjennom den samla ressursdisponeringa i løpet av året. Så langt har ein ikkje lukkast med pkt.2. Har og auka utgifter til kjøp av varer og tenester for barnebustadane.*
- *Buteneste for funksjonshemma: Frå juni til august er meirforbruk auka med ca. 900.000,-. Tre nye brukarar er komne til i løpet av året, men grunnlag for eit djupdykk for å sjekke ut heile årsaksbiletet. Tenesta ser nærmare på dette til neste rapportering.*
Lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999, nr. 6, gjeld fullt ut i tillegg til denne avtalen. Ved eventuell motstrid mellom avtalen og nemnde lov, gjeld lova framom avtalen.

Vedtekne i Ørsta Kommunestyre i sak 31/01

Vedtekne i Volda Kommunestyre i sak 67/01


INNHOILDSFORTEGNELSE

Innhold	Pris	Pris/m2	m2	Type(m2)	Side
 VØR Melgjerdet overslagskalkyle tidligfase	67 020 092	20 126,2	3 330	BTA	005
Delprosjekter (#6) :					
 Tomteopparbeiding	25 779 177	1 718,6	15 000	UMA	011
 Bygg 1 administrasjon, passivhus. inkl bilvekt	5 133 686	36 669,2	140	BTA	017
 Bygg 2 glas/metall	8 918 568	12 386,9	720	BTA	023
 Bygg 3 dunklager/vaskehall	9 790 360	13 053,8	750	BTA	029
 Bygg 4 papp/papir/plast	10 040 921	10 040,9	1 000	BTA	035
 Bygg 5 hageavfall/kompostering	7 357 380	10 218,6	720	BTA	041
 Kalkyle(Elementer)					047



Volda Formannskap
19. september 2017

Nasjonal avfallspolitikk frå 1992. Gjenvinning - det nye målet!



Mål i 2000: Forbod mot deponering av org. materiale innan 2008

Mål i 2008: 50 % materialgjenvinning innan 2020.

Mål i 2017: 70 % materialgjenvinning innan 2030

- MD: I brev til departementet ber ein om forbod mot energigjenvinning av matavfall
- 5 % ombruk.
- Utsortering av tekstilar.
- Krav til næringslivet om sortering av avfall.
I dag er kravet: Du skal ha dokumentert og lovleg avfallsordning.
- 65 % materialgjenvinning av tre-emballasje.




50 % gjenvinning innan 2020 er krevjande.


- Fraksjonar som kan brukast som råvarer til nye produkt, må ut av restavfallet som i dag blir nytta til energi.
- Det inneber at meir av plast, papir, papp, glas og metall må ut.
- Matavfall må ut og gå til materialgjenvinning. Dvs. kompostering der jorda vert nytta til ny jord eller som gjødsel. Det beste er å levere den til biogassanlegg.
- Grovavfall som vert levert miljøstasjon må kontrollerast og sorterast langt betre enn no



Vi er ikke best i gjenvinningsklassen (2014: Eurostat):



VØR-tal. Utvikling i gjenvinninga frå år 2000



Representantskapen sine mål:

VØR skal oppnå 60 % materialgjenvinning innan 2020.

Auke innsamlinga av farleg avfall med 10 %.

Redusere mengda transport med 20 % i høve 2010.

Virkemiddel :

- Innsamling av matavfall
- Innsamling av glas og metallemballasje
- Innføring av raud boks for farleg avfall som leverast ut til innbyggjarane, i kombinasjon med henteordning 2 gangar pr år
- Vurdere biogass og eller ettersorteringsanlegg ilag med samarbeidpartar.



Korleis redusere bilkøyinga med 20 % ?

Nedgravde anlegg. I så fall må krav kome i nye reguleringsplanar



- Andre krav vi må følge opp

- Etter 2025 skal nye privatbiler, bybusser og lette varebiler være nullutsleppskøyrety
- Innen 2030 skal nye tyngre varebilar, 75 prosent av nye langdistansebussar, 50 prosent av nye lastebilar være nullutsleppskøyrety



Norge får avtale med EU

Slik blir din klimahverdag

Klima-Helgesen har fått bekreftet norsk EU-avtale: – Historisk



Fylkesmannen i Møre og Romsdal:


1. Basiskarakteriseringa av avfall er for dårleg hos alle i bransjen (vi må sortere deponifraksjonen i fleire fraksjonar med lik karakterestikk)
2. Kværna trevirke må lagrast under tak for å hindre kvalitetsforringing og avrenning.

Flyttar det inn i lagerhall som i dag vert brukt for restavfall i Hovdebygda, når restavfallet vert flytta til Melsgjerdet.



I sum vil krava til VØR krevje nokre investeringar, og omlegginga må skje raskt.

- Miljøstasjonen i Hovdebygda, der publikumsretta aktivitetar er lokaliserte, må byggast ut med fleire sorteringsalternativ. Basisikaraktereseringa må gi eige mottak av jord og stein. Porselen, flis og speglar. Planglas. Gips. Isolasjon. Betong. Ureina trevirke må under tak. Kalkyle: 4,0 mill i 2018.
- Vi må etablere eit nytt mottak for matavfall, og har då vedteke å skille ut «den industrielle delen» for seg. Bilane startar og sluttar dagen på nytt anlegg. Her blir mat- rest- og papiravfallet lossa frå insamlingsbilane og omlasta til slutthandsaming. Naudsynte installasjonar vert etablert i tilknytning til dette. Kalkyle 72 mill i 2018. Tomt betalt i 2016 og 2017.
- 25 % auke i fraksjonar krev investeringar i behaldarar, lager til behaldarar, og bilar. Fleire nedgravne anlegg er kapitalkrevjande. Kalkyle 11,3 mill i 2018



OSE INGENIØRAR TAKSTMENN Leirplassen 10B, 54130 Ström - 170 50 51 70 - www.ose.no		TELTAKSHAVAR: Volda og Ørsta Reinholdswerk IKS - Mølskjerdet G/Bnr 44/20 og 22, Ørsta			
TITTEL: Layout på reguleringsplan - Konsesjonsøknad		PROSJEKTANT: KM			
PROSJEKT: KM		PROSJEKTNR.: Sn_1422-001-1		DATO: 27.03.2017	BLAD: A3
PROSJEKT: KM		PROSJEKTNR.: Sn_1422-001-1		SKALA: 1:1500	TEKNISSKED: 1422-001-1



Konsekvensar for gebyret som i 2018 er tilrådd til kr 1863,- for standard hushaldning.

- Føresetnader i økonomiplanperioden:
- Sjølvkostfondet er i tilbakebetalt innan utgangen av 2018
- Innsamlinga av matavfall levert i nytt anlegg vert starta opp seinast 01.01.2019.
- Uendra rente i øk.plan perioden
- 3,5 % løns og prisstigning pr år
- Det vert ikkje tatt inn nye tiltak i planperioden utover det som er vedteke.



Gebyr 2019

- Sjølvkostfondet er nedbetalt: Årseffekt kr 342,-
- Heilårseffekt av endring i Avfallsforskrifta sin § 11. (Krav om bemanna mottak, plikt til å finansiere mottak FA via gebyret) Kr 50,-
- Drift og kapitalkostnad frå nedgravne avfallsanlegg pluss henteordning farleg avfall. Årseffekt kr 100,-
- Innsamling matavfall årseffekt kr 140,-
- Drift og kapitalkostnad frå investeringar i bygningar og maskiner kr 510,-
- Sum gebyr 2019 kr 3.110,- inkl løns og prisauke på 3,5 % frå 2018.
- Gebyrutvikling frå år 2020 er løns og prisauke på 3-3,5 %



Gebyrnivå renovasjon 2017 (alle tal eks mva)

- Ålesundsregionen (Årim) Stranda kr 3185,-
Ålesund kr 2500,-
- Nordfjord (NOMIL) – Gloppen kr 2811,-
- Ytre Søre (SSR) – kr 3142,-
- Volda og Ørsta (VØR) kr 1800,-



Takk for tida dykkar ☺





SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Svein Berg-Rusten

Arkivsak nr.: 2017/795

Arkivkode: H07

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/17	Tenesteutval for helse og omsorg	12.10.2017
164/17	Formannskapet	17.10.2017
111/17	Kommunestyret	26.10.2017
3/17	Tenesteutval for helse og omsorg	14.09.2017

NÆRINGSSITUASJON FOR DEI ELDRE I KOMMUNALE BUFELLESSKAP OG DRIFTSFORM FOR SENTRALE KJØKKENET PÅ OMSORGSSENTERET

Handsaming:

Ettersendte dokument møtedagen:

- Sentralkjøkkenet på omsorgssenteret – Utstysbehov knytt til endring av produksjon.
- Melding om vedtak PS 8/17 tenesteutval for helse og omsorg.

Konst. helse- og omsorgssjef orienterte om saka.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Ordføraren får fullmakt til å redigere tilrådinga frå tenesteutvalet for helse og omsorg.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå tenesteutvalet for helse og omsorg, med redigering får ordføraren, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 17.10.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret går inn for at drifta ved kjøkkenet vert endra frå kok- kjøls prinsippet til kok- server så snart administrasjonen er klar til omlegginga.

Med bakgrunn i endring av produksjonsprinsipp, går kommunestyret inn for administrasjonen si tilrådinga av innkjøp av utstyr (vedlegg til saka lagt fram i formannskapet).

Kommunestyret bed om at administrasjonen vidarefører pågåande ernæringsprosjektet for brukarane.

Kommunestyret ber administrasjonen finne gode løysingar for utkøyring av varm mat, fortrinnsvis av frivillege om mogleg. Kommunestyret ber om attendemelding på kva løysing administrasjonen har valt på matutkøyring og vil vurdere naudsynte tiltak om behov.

Kommunestyret ber vidare om ein framdriftsplan for kva tid endringa med omlegging av matproduksjonen kan starte opp.

Handsaming:

Arne Ullaland møtte under handsaming av denne saka. Sak 8/17.

Røysting:

Sju røysteføre.

Samrøystes tilråding i Tenesteutval for helse og omsorg - 12.10.2017

Tenesteutvalet for helse- og omsorg (THO) går inn for at drifta ved kjøkkenet vert endra frå kok- kjøp prinsippet til kok- server så snart administrasjonen er klar til omlegginga.

Med bakgrunn i endring av produksjonsprinsipp, går THO inn for administrasjonen si tilrådinga av innkjøp av utstyr (oversikt på behov vert lagt fram i møtet).

THO bed om at administrasjonen vidarefører pågåande ernæringsprosjektet for dei gamle.

THO ber administrasjonen finne gode løysingar for utkøyring av varm mat, fortrinnsvis av frivillege om mogleg. THO ber om attendemelding på kva løysing administrasjonen har valt på matutkøyring og vil vurdere naudsynte tiltak om behov.

THO ber vidare om ein framdriftsplan for kva tid endringa med omlegging av matproduksjonen kan starte opp.

Administrasjonen si tilråding:

Tenesteutvalet for helse- og omsorg(THO) går inn for at drifta ved kjøkkenet vert endra frå kok- kjøp prinsippet til kok- server så snart administrasjonen er klar til omlegginga.

Med bakgrunn i endring av produksjonsprinsipp, går THO inn for administrasjonen si tilrådinga av innkjøp av utstyr(oversikt på behov vert lagt fram i møtet).

THO bed om at administrasjonen vidarefører pågåande ernæringsprosjektet for dei gamle.

THO ber administrasjonen finne gode løysingar for utkøyring av varm mat, fortrinnsvis av frivillege om mogleg. THO ber om attendemelding på kva løysing administrasjonen har valt på matutkøyring og vil vurdere naudsynte tiltak om behov.

THO ber vidare om ein framdriftsplan for kva tid endringa med omlegging av matproduksjonen kan starte opp.

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Denne saka har vore lagt fram til drøfting tidlegare, både i Tenesteutvalet for helse- og omsorg, Eldrerådet og Rådet for likestilling av menneske med nedsatt funksjonsevne. Det er eintydige og klare signal frå alle utval om at omlegging til kok- server vert sett positivt på og det er positivt at administrasjonen ser moglegheiter for å endre produksjonsprinsipp.

Det er likevel viktig å påpeike at ei endring vil medføre nokre konsekvensar som endå ikkje fullt ut er funne løysingar på. Utkøyring av ferdig mat er eit usikkerheitsmoment, i verste fall ein auka kostnad utover det ein har i dag.

I tillegg vil omlegging av produksjonsprinsipp medføre andre endringar som ikkje er klarlagde. Det vil bli arbeidstidsendring for tilsette på kjøkkenet, behov for innkjøp av noko nytt utstyr og kanskje også ei begrensa bygningsmessig endring. Desse tinga må administrasjonen jobbe med i etterkant av endring av produksjonsprinsipp.

Vedtak i K.styret 15.12.2017 heiter det:

I brev frå Forbrukerrådet 21.4.16 og LMD 22.4.16 er det peika på aukande utfordringar med underernæring av eldre og at kommunane treng ein offensiv mat- og måltidspolitik. I investeringsbudsjettet er det forslag om utskifting av utstyr på felleskjøkkenet og i omsorgsavdelingane. Kommunestyret vil be om utgreiing av Volda kommune sine mat- og måltidsrutinar og -utfordringar og med konkrete tiltak. Ekstern ekspertise bør nyttast. Framtidige større investeringar blir utsett tilsvarande.

I budsjettarbeidet til 2017 bad kommunestyret om at administrasjonen greidde ut ei sak om næringssituasjonen for dei eldre (som nytta seg av mattilbodet frå sentralkjøkkenet ved omsorgssenteret). Dette gjorde dei samstundes som dei stoppe ynsket om naudsynete investeringar til sentralkjøkkenet og på dei mindre desentraliserte kjøkkene knytt til eldreomsorga i kommunen.

Administrasjonen har registrert stort engasjement i denne saka. Mat opptek folk og mange har sterke meiningar om dette temaet. Eldrerådet har også vist stort engasjement om temaet, og leiinga i helse- og omsorgssektoren har møtt tre gongar dette halvåret i eldrerådet og orientert og diskutert temaet i rådet.

Ei nedsett gruppe i sektoren har hatt møte med kjøkkensjefen i Gloppen, eit prisbelønt kjøkken som driv etter kok- server prinsippet. Sektorsjef og fleire kjøkkentilsette har vore på konferanse med tittelen "god matomsorg til våre eldre" i Molde og fått høyre om matprosjekt i København og kva kjøkkensjefen på St. Olav meiner om "mat som medisin".

Etter mykje vurdering og kalkulering, meiner administrasjonen det er tid for å endre produksjonsprinsippet ved sentralkjøkkenet.

Saksopplysningar/fakta:

I planlegginga av nytt omsorgssenter, vart mange konsulentar nytta for å få eit best mogleg og framtidsretta bygg. Matproduksjon var eit stort tema. Frå før kjøpte kommunen varm mat frå sjukehuset til pasientane ved dåverande Volda sjukeheim. For heimebuande og dei som budde på Fjordsyn, vart maten produsert på Fjordsyn. Frå konsulentane vart det sterkt tilrådd at kommunen gjekk over til å produsere all mat på sentralkjøkken på omsorgssenteret og at kok- kjøl prinsippet var ei langt rimelegare produksjonsform enn tradisjonell kok- server drift. Det var mykje pengar å spare på drifta med denne produksjonsforma og maten var like god. Slik vart det. Det vart kjøpt inn mykje godt utstyr til sentralkjøkkenet, ute på bugaruppene vart det mellom anna investert i små kombidampovnar. Slikt utstyr måtte dei ha ute for å ferdigstille varmmaten som kom frå sentralkjøkkenet. Desse små kombidampovnane ute har vist seg å ha gitt utfordringar. Ikkje alle tilsette var like fortruleg med dei og ikkje alle hugsa alltid å fylle opp med vatn som skal gi damp-effekten. Det har vore feilbruk av utstyr som har gitt matopplevingar av og til som burde vore unngått. Administrasjonen har lenge hatt ynskje om utskifting av desse kombidampovnane, men som medførte gjennom K.styrevedtaket har medført ein breiare gjennomgang av næringssituasjonen for dei eldre.

Korleis står eigentleg næringssituasjonen til hjå dei eldre i Volda som er avhengig av tenester i sektoren?

Sentralkjøkkenet går ut frå nasjonale retningslinjer når dei bestiller inn råvarer til sin produksjon. Tabellen under viser kva som må bereknast pr. person og som då vert gunga ut med talet personar som skal ha mat.

Middag, matvare	Porsjonsstorleik i gram	
	10MJ (2400kcal)	8,5MJ (2000kcal)
Kjøtt		
Reint kjøtt	120	100
Opplaga kjøtt	150	125
Gryterettar, lapskaus	250- 350	200 - 300
Fisk		

Rein fisk, mager	150	120
Feit fisk	150	120
Opplaga fisk, gratengar	150	120
Grønsaker		
Grønsaker kokt/ råkost	150	150
Salat	125	125
Stuingar	200	150
Poteter og pasta		
Poteter, kokte	200	175
Potetmos, gratinerte poteter	200	150
Pasta og ris	200	150

Dette er grunnlaget for berekning av mengd råvareinnkjøp. Den store utfordringa er å følgje med på kva den einskilde person får i seg av den ferdig laga maten. Det hjelp ikkje at innkjøpet er korrekt så lenge næringsinntaket er mangelfullt.

Sektor helse- og omsorg har dei siste åra hatt auka fokus på matservering og ernæring, før vedtaket i kommuestyret sette fokus på dette temaet. Det er eit pågåande ernæringsprosjekt for omsorgssenteret og omsorgsbustadane. Det er utarbeidd ein plan, «Ernæringsarbeid i omsorgsinstitusjon og omsorgsbustad», der målet for prosjektet er å sikre fagleg forsvarleg pleie til brukarane, ved å kartlegge ernæringsstatus og utarbeide ernæringsplan for desse.

For å sikre og auke kompetansen til personalet, har det vore gjennomført eit internt kurs for heile personalgruppa både ved omsorgssenteret og omsorgsbustadane. Dette kurset har gått over 5 samlingar à 1,5 timar. Kurset er utarbeidd av «Utviklingssenter for sykehjem» i Kristiansund kommune. Kurset blir halde jamleg, slik at også nytilsette og vikarar får same opplæringa.

Med denne kunnskapen som bakgrunn, vert alle bebuarar screena for ernæringsmessig risiko. Resultata vert dokumentert i vårt dokumentasjonsprogram(Gerica), der også konkrete tiltak vert sett opp. Meir konkret inneber ein slik screening at KMI(KroppsmasseIndeks) vert utrekna, MNA (Mini NutritionalAssessment) vert fylt ut, samt kostintervju med alle nye bebuarar. Ut i frå resultata og svara ein får vert det laga ein tilpassa ernæringsplan. Dette er eit kontinuerleg arbeid, der dei ulike målingane blir kontrollert jamleg, med dertil oppfølging. Vidare har dette kurset gitt heile personalgruppa

kunnskap om korleis ein kan berike kosten(tilføre ekstra næringsmiddel) til dei som er, eller står i fare for, å bli underernært.

Dei ulike måltida har også fått stort fokus. Både maten og tidspunktet for dei ulike måltida blir individuelt tilpassa. Alle måltid blir servert felles på kvart enkelt kjøkken, bortsett frå kaffimåltidet, som ofte blir servert på stova. Ved ynskje, kan bebruarane få måltida servert på sitt rom. Middagen kan ein også setje ifrå i porsjonar dersom nokon av bebruarane ynskjer denne på eit anna tidspunkt.

I tillegg til dette kan også bebruarane velje kva dei ynskjer å ete til dei ulike måltida, og personalet freistar å imøtekomme dette. Det er god kommunikasjon mellom bugruppene og kjøkkenet, og dette gjer det lett å hente mat eller ingrediensar etter behov. Middag har bebruarane også mulegheit for å velje, men dette må sjølvstendig kjøkkenet vite om på førehand (helst nokre dagar før) for å kunne lage det som er ynskjeleg.

Når det gjeld tidspunkt for middagsservering, har dette vore eit omdiskutert tema i det siste. Fram til dei siste par åra har alle bugrupper hatt middagsservering til same klokkeslett, kl 12.30. Dette fordi dei fleste av bebruarane har vore vande med tidleg middag frå då dei budde heime. Fortsatt er det slik, dei fleste ynskjer middag tidleg på dag, men ein ser også ei gradvis endring ved bebruarane som no kjem inn. Mange av desse har andre vanar mtp middagstidspunktet. Dette har ført til at fleire av bugruppene den siste tida har freista å endre på tidspunktet, og pr i dag er det ulike tidspunkt på dei ulike bugruppene. Nokre held fortsatt på det opprinnelege tidspunktet kl.12.30. Då det blei freista endra, var bebruarane ikkje nøgde, og det blei difor flytta tilbake. Andre bugrupper har valt å flytte måltidet med ein time, til kl. 13.30. Dei som har gjort dette, ser det positive i at det då er plass til eit lite mellommåltid mellom frukost og middag. Då blir det ofte servert t.d. smoothie eller oppskoren frukt og drikke. Andre bugrupper igjen serverer middag kl 15.30. Her er det då lunsj midt på dag.

Det blir også servert eit kaffimåltid på ettermiddagen (bortsett frå hos dei med seinast middagsservering). Då får bebruarane ofte kake til kaffien, og dei som treng ekstra næring får anten noko meir næringsrikt i tillegg eller i staden for.

Vidare er det fokus på miljøet rundt måltida, at atmosfæren er god og at det er både ro og tid nok til eit godt måltid. Dette gjeld uavhengig av om ein èt måltidet saman med andre eller på eige rom.

Ei utfordring ein har med tanke på matservering, er middagsmåltidet og tilbereding av dette. Utstyret i dei ulike bugruppene for ferdigstilling av middagen, er ulikt. Nokre brukar fortsatt kombidampovnar. Desse er ofte for små og ein må bruke steikeovnen i tillegg. Nokre bugrupper har berre steikeovn, noko som gir ulik temperatur når maten er varma. Maten som kjem frå kjøkkenet er tilberedt slik at den skal varmest opp til 65 - 85 grader, og med det utstyret vi har på avdelingane i dag, vert maten ofte ikkje varm nok. Då må ein vere kreativ og anten bruke microbølgeovn eller steikeovn i tillegg.

Planen framover er å få sikra kvaliteten endå betre, og at bebruarane skal vere fornøgde. I den samanheng vert det no jobba med eit verkty der både bebruarar og personale kvar for seg skal vurdere kvart måltid. Då går vurderinga på ulike faktorarar, som m.a. smaken på maten, ro under måltidet, estetisk miljø og liknande.

Ernæringsprosjektet har bidrege til eit meir systematisk arbeid og ei betre oversikt over ernæringsstatusen til bebruarane, og ført til auka fokus på dei ulike faktorane som har med ernæring å gjere. Det har gitt auka interesse og engasjement hos personalet, som også har gitt uttrykk for større arbeidsglede i denne samanheng. Vi har endå mykje å jobbe med, slik som å få på plass planar og rutinar, men mykje av dette arbeidet er no godt i gang.

Gjennom kompetanseheving, vektkontrollar, individuell kjennskap, beriking av måltid og trivelege måltidstunder, vonar ein å oppnå gode resultat.

Ein annan vesentleg faktor for matglede og "mat som medisin", er at folk gler seg til måltida og gler seg undervegs i måltida. Appetitten må vere på plass og maten må smake godt. Ved mange høve har produksjonsprinsippet ved sentralkjøkkenet vore kritisert. "Kven vil ha oppattvarma mat" og "den er innpakka i plast" er utsegner ein kan høyre.

Utsegna frå konsulentråda vedrørande kok- kjøll produksjon, var at ein må tilsette langt fleire for å produsere mat etter kok- server måten. Det passa godt at kjøkkensjefen på sentralkjøkkenet i Gloppen hadde fått med seg temaet i Volda. Ho tok kontakt, og etter å ha fått oversendt rekneskapen for kjøkkendrift vår for 2016, lagde ho ei framstilling der vi samanlikna dei to sentralkjøkkene. Drifta er samanliknbar, då det vert levert om lag lik mengd middag og råvarer til tørrmåltid. Utan å gå i detalj, såg ein dette:

	Volda	Gloppen
SUM grp art 10: Løn og sosiale utgifter	4.175.094,-	3.872.874,-
SUM grp art 11: Driftsutgifter	5.279.301,-	3.390.689,-
SUM Utgifter	9.454.396,-	7.807.582,-
SUM grp art 16: Salsinntekter	-5.953.709,-	-4.930.062,-
SUM grp art 17: Refusjonar	-283.844,-	-513.076,-
SUM Inntekter	-6.237.553,-	-5.443.139,-
Totalt	3.240.716,-	2.364.444,-

Kort oppsummert ser ein at lønskostnadane ikkje er høgare, snarare tvert om(Volda har 13% høgare stillingsheimel). Driftsutgiftene er vesentleg høgare i Volda, dette er spesielt knytt til matvareinnkjøp, der Volda nyttar seg av meir halvfabrikat råvarer og utgifter knytt til emballasje. Her har Gloppen utgifter til dekking av km.godtgjerdse til dei frivillege som køyrer ut mat dagleg. I Volda er det berre eit fåtal som får kjørt heim mat, elles er det to utkøyringar i veka i Volda. Desse utgiftene ligg i lønskostnaden på vår tilsette sjåfør, og ikkje med i samalikninga. Volda har om lag ein million i høgare

salsinntekter, men Gloppen kjem likevel rimelegare ut totalt sett med sitt sentralkjøkken enn kva Volda gjer. Dette er stikk i strid med det ein hadde venta, sett i lys av omtalte konsulentuttalar.

I Gloppen er det gjennom frivilligsentralen organisert eit frivilleg køyrekorps på om lag 30 personar. Desse fordeler køyringa seg imellom, også i feriar og høgtidar. Dagleg er fem av desse med på utkøyring. Denne køyringa dekkjer sentralkjøkkenet med vanleg køyregodtgjerdslø. Dette er ein vesentleg faktor for totalkostnad. Dersom ein i Volda ikkje kan løyse dagleg køyrearbeid med bruk av frivillige, må fast lønna person(ar) ta seg av dette. Det kan verte ein stor utgiftspost, då det er fleire som må kunne køyre, ein person kan ikkje klare køyre ut all middag til alle plassar i kommunen innanfor den tida som er til rådvelde for matlevering, før maten ikkje er varm nok(etter krav frå mattilsynet).

I følgje kommunestyrevedtaket frå des. skulle framtidige investeringar stoppast inntil avklaring låg føre. Uansett produksjonsprinsipp er det investering ved kjøkkenet:

[Sjekkliste for kommuneplan, samfunnsdelen. Slett linken etter bruk.](#)

Helse og miljøkonsekvensar:

Når det kjem til mat og måltid, har dei aller fleste ei meining om det. Nokre ytrar meininga sterkt og nærmast prinsippielt, andre er ikkje så tydelege. For mange er kok- kjøll prinsippet berre «oppattvarma» mat og dermed uverdig å servere. I perspektivet god mat er god medisin, vil både høg kompetanse om ernæring hjå dei tilsette og bevisstheit omkring næringsssituasjonen for dei eldre vere viktig.

[Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.](#)

Økonomiske konsekvensar:

	Ved fortsatt KOK- KJØL	Endring til KOK- SERVER
Kombidamovnar 3- 5 G/N, 14 stk.	Ca 1.500.000,-	
Tranportable varmevogner (11 stk)		550.000,-
Kombidampovn, 20G/N		?

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vurdering og konklusjon:

Sektoren jobbar bevisst med kompetanseheving for å sikre at alle eldre i tenestene blir ivaretekne på ein god måte knytt til næringsinntak. Mat som medisin er eit viktig tema og ein ynskjer dei eldre skal oppleve hygge og glede omkring måltida. Dette arbeidet må vidareførast og utviklast ytterlegare.

Argumentasjonen til å ikkje endre kjøkkendrifta er vanskeleg. Ein forventar at konsulentråda som var gitt til planlegginga og etableringa av sentralkjøkkenet skulle stemme, men samanlikninga med Gloppen viser at informasjonen ikkje stemmer. Kvifor skal ein halde på ei produksjonsform som mange har sterke meiningar om ikkje leverer kvalitetsmat på linje med kok- server kjøkken? Når økonomien heller ikkje kan nyttast som grunngeving, er det vanskeleg å finne argument for ikkje endre produksjonsmåten. Det vil medføre nokre investeringar, men mindre investeringar enn om ein skulle fortsette etter same produksjonsprinsipp som ein driv no.

For å endre produksjonsprinsippet og synleggjere det vi her meiner å ha vist, må sentralkjøkken jobbe målretta for klare dette. Det vil vere ei omstilling for alle tilsette på kjøkkenet både med tanke på produksjonsmåte og arbeidstid. Ein må også gjere endringar ute på alle bugrupper for å tilpasse seg levering av varm mat, som kanskje kan medføre noko innsnevring i tidsspennet middagen må serverast i forhold til dagens modell. Ikkje minst er det uavklarte sider knytt til utkøyring av varmmaten innanfor angitt tidspunkt frå ferdigstilling/ porsjonering på sentralkjøkkenet til forbrukstidspunkt. Det er eit avgjerande punkt. Dette må administrasjonen jobbe vidare med for å få på plass, då det å finne ei god(helst frivillig) ordning på dette vil vere ein vinn- vinn situasjon.

Viljen og mange argument til å endre på produksjonsprinsippet er på plass. For å unngå at ny løysing ikkje skal vere fordyrande, er ein avhengig av å finne rimeleg transportordning samt vellukka gjennomgang/ endring på bemanning på sentralkjøkkenet, slik at endringa til også jobbe helgar ikkje medfører store lønsmessige konsekvensar. I samanlikninga med Gloppen kan det sjå ut som rimelegare råvarinnkjøp og sparte emballasjekostnader skal bidra til å dekke evt. noko auka lønskostnad/ tillegg og evt. noko transportutgift.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

Formannskapet

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2017/795	13111/2017	H07	SVK/ SUNUTN	16.10.2017

MELDING OM POLITISK VEDTAK - NÆRINGSSITUASJON FOR DEI ELDRE I KOMMUNALE BUFELLESSKAP OG DRIFTSFORM FOR SENTRALE KJØKKENET PÅ OMSORGSSENTERET

Vi melder med dette frå at Tenesteutvalet for helse- og omsorg (THO) den 12.10.17, hadde føre ovannemnde som sak 8/17, der det vart gjort slikt vedtak:

Tenesteutvalet for helse- og omsorg (THO) går inn for at drifta ved kjøkkenet vert endra frå kok- kjøll prinsippet til kok- server så snart administrasjonen er klar til omlegginga.

Med bakgrunn i endring av produksjonsprinsipp, går THO inn for administrasjonen si tilrådinga av innkjøp av utstyr (oversikt på behov vert lagt fram i møtet).

THO bed om at administrasjonen vidarefører pågåande ernæringsprosjektet for dei gamle.

THO ber administrasjonen finne gode løysingar for utkøyring av varm mat, fortrinnsvis av frivillege om mogleg. THO ber om attendemelding på kva løysing administrasjonen har valt på matutkøyring og vil vurdere naudsynte tiltak om behov.

THO ber vidare om ein framdriftsplan for kva tid endringa med omlegging av matproduksjonen kan starte opp.

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Sunniva Utnes
Konsulent
Volda kommune, servicekontoret

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Svein Berg-Rusten

Arkivsak nr.: 2017/795

Arkivkode: H07

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/17	Tenesteutval for helse og omsorg	12.10.2017
164/17	Formannskapet Kommunestyret	17.10.2017
3/17	Tenesteutval for helse og omsorg	14.09.2017

NÆRINGSSITUASJON FOR DEI ELDRE I KOMMUNALE BUFELLESSKAP OG DRIFTSFORM FOR SENTRALKJØKKENET PÅ OMSORGSSENTERET

Handsaming:

Svein Berg-Rusten orienterte.

Handsaming:

Arne Ullaland møtte under handsaming av denne saka. Sak 8/17.

Røysting:

Sju røysteføre.

Samrøystes tilråding i Tenesteutval for helse og omsorg - 12.10.2017

Tenesteutvalet for helse- og omsorg (THO) går inn for at drifta ved kjøkkenet vert endra frå kok- kjøle prinsippet til kok- server så snart administrasjonen er klar til omlegginga.

Med bakgrunn i endring av produksjonsprinsipp, går THO inn for administrasjonen si tilrådinga av innkjøp av utstyr (oversikt på behov vert lagt fram i møtet).

THO bed om at administrasjonen vidarefører pågåande ernæringsprosjektet for dei gamle.

THO ber administrasjonen finne gode løysingar for utkøyring av varm mat, fortrinnsvis av frivillege om mogleg. THO ber om attendemelding på kva løysing administrasjonen har valt på matutkøyring og vil vurdere naudsynte tiltak om behov.

THO ber vidare om ein framdriftsplan for kva tid endringa med omlegging av matproduksjonen kan starte opp.

Administrasjonen si tilråding:

Tenesteutvalet for helse- og omsorg(THO) går inn for at drifta ved kjøkkenet vert endra frå kok- kjølsprinsippet til kok- server så snart administrasjonen er klar til omlegginga.

Med bakgrunn i endring av produksjonsprinsipp, går THO inn for administrasjonen si tilrådinga av innkjøp av utstyr(oversikt på behov vert lagt fram i møtet).

THO bed om at administrasjonen vidarefører pågåande ernæringsprosjektet for dei gamle.

THO ber administrasjonen finne gode løysingar for utkøyring av varm mat, fortrinnsvis av frivillege om mogleg. THO ber om attendemelding på kva løysing administrasjonen har valt på matutkøyring og vil vurdere naudsynte tiltak om behov.

THO ber vidare om ein framdriftsplan for kva tid endringa med omlegging av matproduksjonen kan starte opp.

Vedleggsliste:**Uprenta saksvedlegg:****Samandrag av saka:**

Denne saka har vore lagt fram til drøfting tidlegare, både i Tenesteutvalet for helse- og omsorg, Eldrerådet og Rådet for likestilling av menneske med nedsatt funksjonsevne. Det er eintydige og klare signal frå alle utval om at omlegging til kok- server vert sett positivt på og det er positivt at administrasjonen ser moglegheiter for å endre produksjonsprinsipp.

Det er likevel viktig å påpeike at ei endring vil medføre nokre konsekvensar som endå ikkje fullt ut er funne løysingar på. Utkøyring av ferdig mat er eit usikkerheitsmoment, i verste fall ein auka kostnad utover det ein har i dag.

I tillegg vil omlegging av produksjonsprinsipp medføre andre endringar som ikkje er klarlagde. Det vil bli arbeidstidsendring for tilsette på kjøkkenet, behov for innkjøp av noko nytt utstyr og kanskje også ei begrensa bygningsmessig endring. Desse tinga må administrasjonen jobbe med i etterkant av endring av produksjonsprinsipp.

Vedtak i K.styret 15.12.2017 heiter det:

I brev frå Forbrukerrådet 21.4.16 og LMD 22.4.16 er det peika på aukande utfordringar med underernæring av eldre og at kommunane treng ein offensiv mat- og måltidspolitik. I investeringsbudsjettet er det forslag om utskifting av utstyr på felleskjøkkenet og i omsorgsavdelingane. Kommunestyret vil be om utgreiing av Volda kommune sine mat- og måltidsrutinar og -utfordringar og med konkrete tiltak. Ekstern ekspertise bør nyttast. Framtidige større investeringar blir utsett tilsvarende.

I budsjettarbeidet til 2017 bad kommunestyret om at administrasjonen greidde ut ei sak om næringssituasjonen for dei eldre (som nytta seg av mattilbodet frå sentralkjøkkenet ved omsorgssenteret). Dette gjorde dei samstundes som dei stoppe ynskjet om naudsynte investeringar til sentralkjøkkenet og på dei mindre desentraliserte kjøkkene knytt til eldreomsorga i kommunen.

Administrasjonen har registrert stort engasjement i denne saka. Mat opptek folk og mange har sterke meiningar om dette temaet. Eldrerådet har også vist stort engasjement om temaet, og leiinga i helse- og omsorgssektoren har møtt tre gongar dette halvåret i eldrerådet og orientert og diskutert temaet i rådet.

Ei nedsett gruppe i sektoren har hatt møte med kjøkkensjefen i Gloppen, eit prisbelønt kjøkken som driv etter kok- server prinsippet. Sektorsjef og fleire kjøkkentilsette har vore på konferanse med tittelen "god matomsorg til våre eldre" i Molde og fått høyre om matprosjekt i København og kva kjøkkensjefen på St. Olav meiner om "mat som medisin".

Etter mykje vurdering og kalkulering, meiner administrasjonen det er tid for å endre produksjonsprinsippet ved sentralkjøkkenet.

Saksopplysningar/fakta:

I planlegginga av nytt omsorgssenter, vart mange konsulentar nytta for å få eit best mogleg og framtidsretta bygg. Matproduksjon var eit stort tema. Frå før kjøpte kommunen varm mat frå sjukehuset til pasientane ved dåverande Volda sjukeheim. For heimebuande og dei som budde på Fjordsyn, vart maten produsert på Fjordsyn. Frå konsulentane vart det sterkt tilrådd at kommunen gjekk over til å produsere all mat på sentralkjøkkenet på omsorgssenteret og at kok- kjøøl prinsippet var ei langt rimelegare produksjonsform enn tradisjonell kok- server drift. Det var mykje pengar å spare på drifta med denne produksjonsforma og maten var like god. Slik vart det. Det vart kjøpt inn mykje godt utstyr til sentralkjøkkenet, ute på bugruppene vart det mellom anna investert i små kombidampovnar. Slikt utstyr måtte dei ha ute for å ferdigstille varmmaten som kom frå sentralkjøkkenet. Desse små kombidampovnane ute har vist seg å ha gitt utfordringar. Ikkje alle tilsette var like fortruleg med dei og ikkje alle hugsar alltid å fylle opp med vatn som skal gi damp-effekten. Det har vore feilbruk av utstyr som har gitt matopplevingar av og til som burde vore unngått. Administrasjonen har lenge hatt ynskje om utskifting av desse kombidampovnane, men som medførte gjennom K.styrevedtaket har medført ein breiare gjennomgang av næringssituasjonen for dei eldre.

Korleis står eigentleg næringssituasjonen til hjå dei eldre i Volda som er avhengig av tenester i sektoren?

Sentralkjøkkenet går ut frå nasjonale retningslinjer når dei bestiller inn råvarer til sin produksjon. Tabellen under viser kva som må bereknast pr. person og som då vert ganga ut med talet personar som skal ha mat.

Middag, matvare	Porsjonsstorleik i gram	
	10MJ (2400kcal)	8,5MJ (2000kcal)
Kjøtt		
Reint kjøtt	120	100
Opplaga kjøtt	150	125
Gryterettar, lapskaus	250- 350	200 - 300
Fisk		
Rein fisk, mager	150	120
Feit fisk	150	120
Opplaga fisk, gratengar	150	120
Grønsaker		
Grønsaker kokt/ råkost	150	150
Salat	125	125
Stuingar	200	150
Poteter og pasta		
Poteter, kokte	200	175
Potetmos, gratinerte poteter	200	150
Pasta og ris	200	150

Dette er grunnlaget for berekning av mengd råvareinnkjøp. Den store utfordringa er å følgje med på kva den einskilde person får i seg av den ferdig laga maten. Det hjelp ikkje at innkjøpet er korrekt så lenge næringsinntaket er mangelfullt.

Sektor helse- og omsorg har dei siste åra hatt auka fokus på matservering og ernæring, før vedtaket i kommuestyret sette fokus på dette temaet. Det er eit pågåande ernæringsprosjekt for omsorgssenteret og omsorgsbustadane. Det er utarbeidd ein plan, «Ernæringsarbeid i omsorgsinstitusjon og omsorgsbustad», der målet for prosjektet er å

sikre fagleg forsvarleg pleie til brukarane, ved å kartlegge ernæringsstatus og utarbeide ernæringsplan for desse.

For å sikre og auke kompetansen til personalet, har det vore gjennomført eit internt kurs for heile personalgruppa både ved omsorgssenteret og omsorgsbustadane. Dette kurset har gått over 5 samlingar à 1,5 timar. Kurset er utarbeidd av «Utviklingssenter for sykehjem» i Kristiansund kommune. Kurset blir halde jamleg, slik at også nytilsette og vikarar får same opplæringa.

Med denne kunnskapen som bakgrunn, vert alle bebuarar screena for ernæringsmessig risiko. Resultata vert dokumentert i vårt dokumentasjonsprogram(Gerica), der også konkrete tiltak vert sett opp. Meir konkret inneber ein slik screening at KMI(KroppsMasseIndeks) vert utrekna, MNA (Mini NutritionalAssessment) vert fylt ut, samt kostintervju med alle nye bebuarar. Ut i frå resultata og svara ein får vert det laga ein tilpassa ernæringsplan. Dette er eit kontinuerleg arbeid, der dei ulike målingane blir kontrollert jamleg, med dertil oppfølging. Vidare har dette kurset gitt heile personalgruppa kunnskap om korleis ein kan berike kosten(tilføre ekstra næringsmiddel) til dei som er, eller står i fare for, å bli underernært.

Dei ulike måltida har også fått stort fokus. Både maten og tidspunktet for dei ulike måltida blir individuelt tilpassa. Alle måltid blir servert felles på kvart enkelt kjøkken, bortsett frå kaffimåltidet, som ofte blir servert på stova. Ved ynskje, kan bebuarane få måltida servert på sitt rom. Middagen kan ein også setje ifrå i porsjonar dersom nokon av bebuarane ynskjer denne på eit anna tidspunkt.

I tillegg til dette kan også bebuarane velje kva dei ynskjer å ete til dei ulike måltida, og personalet freistar å imøtekome dette. Det er god kommunikasjon mellom bugruppene og kjøkkenet, og dette gjer det lett å hente mat eller ingrediensar etter behov. Middag har bebuarane også mulegheit for å velje, men dette må sjølv sagt kjøkkenet vite om på førehand (helst nokre dagar før) for å kunne lage det som er ynskjeleg.

Når det gjeld tidspunkt for middagsservering, har dette vore eit omdiskutert tema i det siste. Fram til dei siste par åra har alle bugrupper hatt middagsservering til same klokkeslett, kl 12.30. Dette fordi dei fleste av bebuarane har vore vande med tidleg middag frå då dei budde heime. Fortsatt er det slik, dei fleste ynskjer middag tidleg på dag, men ein ser også ei gradvis endring ved bebuarane som no kjem inn. Mange av desse har andre vanar mtp middagstidspunktet. Dette har ført til at fleire av bugruppene den siste tida har freista å endre på tidspunktet, og pr i dag er det ulike tidspunkt på dei ulike bugruppene. Nokre held fortsatt på det opprinnelege tidspunktet kl.12.30. Då det blei freista endra, var bebuarane ikkje nøgde, og det blei difor flytta tilbake. Andre bugrupper har valt å flytte måltidet med ein time, til kl. 13.30. Dei som har gjort dette, ser det positive i at det då er plass til eit lite mellommåltid mellom frukost og middag. Då blir det ofte servert t.d. smoothie eller

oppskoren frukt og drikke. Andre bugrupper igjen serverer middag kl 15.30. Her er det då lunsj midt på dag.

Det blir også servert eit kaffimåltid på ettermiddagen (bortsett frå hos dei med seinast middagservering). Då får bebruarane ofte kake til kaffien, og dei som treng ekstra næring får anten noko meir næringsrikt i tillegg eller i staden for.

Vidare er det fokus på miljøet rundt måltida, at atmosfæren er god og at det er både ro og tid nok til eit godt måltid. Dette gjeld uavhengig av om ein èt måltidet saman med andre eller på eige rom.

Ei utfordring ein har med tanke på matsservering, er middagsmåltidet og tilbereding av dette. Utstyret i dei ulike bugruppene for ferdigstilling av middagen, er ulikt. Nokre brukar fortsatt kombidampovnar. Desse er ofte for små og ein må bruke steikeovnen i tillegg. Nokre bugrupper har berre steikeovn, noko som gir ulik temperatur når maten er varma. Maten som kjem frå kjøkkenet er tilberedt slik at den skal varmast opp til 65 - 85 grader, og med det utstyret vi har på avdelingane i dag, vert maten ofte ikkje varm nok. Då må ein vere kreativ og anten bruke microbølgeovn eller steikeovn i tillegg.

Planen framover er å få sikra kvaliteten endå betre, og at bebruarane skal vere fornøgde. I den samanheng vert det no jobba med eit verkty der både bebruarar og personale kvar for seg skal vurdere kvart måltid. Då går vurderinga på ulike faktorarar, som m.a. smaken på maten, ro under måltidet, estetisk miljø og liknande.

Ernæringsprosjektet har bidrege til eit meir systematisk arbeid og ei betre oversikt over ernæringsstatusen til bebruarane, og ført til auka fokus på dei ulike faktorane som har med ernæring å gjere. Det har gitt auka interesse og engasjement hos personalet, som også har gitt uttrykk for større arbeidsglede i denne samanheng. Vi har endå mykje å jobbe med, slik som å få på plass planar og rutinar, men mykje av dette arbeidet er no godt i gang.

Gjennom kompetanseheving, vektkontrollar, individuell kjennskap, beriking av måltid og trivelege måltidstunder, vonar ein å oppnå gode resultat.

Ein annan vesentleg faktor for matglede og "mat som medisin", er at folk gler seg til måltida og gler seg undervegs i måltida. Appetitten må vere på plass og maten må smake godt. Ved mange høve har produksjonsprinsippet ved sentralkjøkkenet vore kritisert. "Kven vil ha oppattvarma mat" og "den er innpakka i plast" er utsegner ein kan høyre.

Utsegna frå konsulentråda vedrørande kok- kjøll produksjon, var at ein må tilsette langt fleire for å produsere mat etter kok- server måten. Det passa godt at kjøkkensjefen på sentralkjøkkenet i Gloppen hadde fått med seg temaet i Volda. Ho tok kontakt, og etter å ha fått oversendt rekneskapen for kjøkkendrift vår for 2016, lagde ho ei framstilling der vi samanlikna dei to sentralkjøkkene. Drifta er samanliknbar, då det vert levert om lag lik mengd middag og råvarer til tørrmåltid. Utan å gå i detalj, såg ein dette:

	Volda	Gloppen
SUM grp art 10: Løn og sosiale utgifter	4.175.094,-	3.872.874,-
SUM grp art 11: Driftsutgifter	5.279.301,-	3.390.689,-
SUM Utgifter	9.454.396,-	7.807.582,-
SUM grp art 16: Salsinntekter	-5.953.709,-	-4.930.062,-
SUM grp art 17: Refusjonar	-283.844,-	-513.076,-
SUM Inntekter	-6.237.553,-	-5.443.139,-
Totalt	3.240.716,-	2.364.444,-

Kort oppsummert ser ein at lønnskostnadane ikkje er høgare, snarare tvert om(Volda har 13% høgare stillingsheimel). Driftsutgiftene er vesentleg høgare i Volda, dette er spesielt knytt til matvareinnkjøp, der Volda nyttar seg av meir halvfabrikat råvarer og utgifter knytt til emballasje. Her har Gloppen utgifter til dekking av km.godtgjerdsløst til dei frivillege som køyrer ut mat dagleg. I Volda er det berre eit fåtal som får kjørt heim mat, elles er det to utkøyringar i veka i Volda. Desse utgiftene ligg i lønnskostnaden på vår tilsette sjåfør, og ikkje med i samalikninga. Volda har om lag ein million i høgare salsinntekter, men Gloppen kjem likevel rimelegare ut totalt sett med sitt sentralkjøkken enn kva Volda gjer. Dette er stikk i strid med det ein hadde venta, sett i lys av omtalte konsulentuttalar.

I Gloppen er det gjennom frivillegsentralen organisert eit frivilleg køyrekorps på om lag 30 personar. Desse fordeler køyringa seg imellom, også i feriar og høgtidar. Dagleg er fem av desse med på utkøyring. Denne køyringa dekkjer sentralkjøkkenet med vanleg køyregodtgjerdsløst. Dette er ein vesentleg faktor for totalkostnad. Dersom ein i Volda ikkje kan løyse dagleg køyrearbeid med bruk av frivillege, må fast lønna person(ar) ta seg av dette. Det kan verte ein stor utgiftspost, då det er fleire som må kunne køyre, ein person kan ikkje klare køyre ut all middag til alle plassar i kommunen innanfor den tida som er til rådvelde for matlevering, før maten ikkje er varm nok(etter krav frå mattilsynet).

I følgje kommunestyrevedtaket frå des. skulle framtidige investeringar stoppast inntil avklaring låg føre. Uansett produksjonsprinsipp er det investering ved kjøkkenet:

[Sjekkliste for kommuneplan, samfunnsdelen. Slett linken etter bruk.](#)

Helse og miljøkonsekvensar:

Når det kjem til mat og måltid, har dei aller fleste ei meining om det. Nokre ytrar meininga sterkt og nærmast prinsippielt, andre er ikkje så tydelege. For mange er kok- kjøll prinsippet berre «oppattvarma» mat og dermed uverdig å servere. I perspektivet god mat er god medisin, vil både høg kompetanse om ernæring hjå dei tilsette og bevisstheit omkring næringsssituasjonen for dei eldre vere viktig.

[Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.](#)

Økonomiske konsekvensar:

	Ved fortsatt KOK- KJØL	Endring til KOK- SERVER
Kombidamovnar 3- 5 G/N, 14 stk.	Ca 1.500.000,-	
Tranportable varmevogner (11 stk)		550.000,-
Kombidampovn, 20G/N		?

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vurdering og konklusjon:

Sektoren jobbar bevisst med kompetanseheving for å sikre at alle eldre i tenestene blir ivaretekne på ein god måte knytt til næringsinntak. Mat som medisin er eit viktig tema og ein ynskjer dei eldre skal oppleve hygge og glede omkring måltida. Dette arbeidet må vidareførast og utviklast ytterlegare.

Argumentasjonen til å ikkje endre kjøkkendriftinga er vanskeleg. Ein forventar at konsulentråda som var gitt til planlegginga og etableringa av sentralkjøkkenet skulle stemme, men samanlikninga med Gloppen viser at informasjonen ikkje stemmer. Kvifor skal ein halde på ei produksjonsform som mange har sterke meiningar om ikkje leverer kvalitetsmat på linje med kok- server kjøkken? Når økonomien heller ikkje kan nyttast som grunngeving, er det vanskeleg å finne argument for ikkje endre produksjonsmåten. Det vil medføre nokre investeringar, men mindre investeringar enn om ein skulle fortsette etter samme produksjonsprinsipp som ein driv no.

For å endre produksjonsprinsippet og synleggjere det vi her meiner å ha vist, må sentralkjøkkenet jobbe målretta for klare dette. Det vil vere ei omstilling for alle tilsette på kjøkkenet både med tanke på produksjonsmåte og arbeidstid. Ein må også gjere endringar ute på alle bugrupper for å tilpasse seg levering av varm mat, som kanskje kan medføre noko innsnevring i tidsspennet middagen må serverast i forhold til dagens modell. Ikkje minst er det uavklarte sider knytt til utkøyring av varmmaten innanfor angitt tidspunkt frå ferdigstilling/ porsjonering på sentralkjøkkenet til forbrukstidspunkt. Det er eit avgjerande punkt. Dette må administrasjonen jobbe vidare med for å få på plass, då det å finne ei god(helst frivillig) ordning på dette vil vere ein vinn- vinn situasjon.

Viljen og mange argument til å endre på produksjonsprinsippet er på plass. For å unngå at ny løysing ikkje skal vere fordyrande, er ein avhengig av å finne rimeleg transportordning samt vellukka gjennomgang/ endring på bemanning på sentralkjøkkenet, slik at endringa til også jobbe helgar ikkje medfører store lønsmessige konsekvensar. I samanlikninga med Gloppen kan det sjå ut som

rimelegare råvarinnkjøp og sparte emballasjekostnader skal bidra til å dekke evt. noko auka lønskostnad/ tillegg og evt. noko transportutgift.

Rune Sjurgard

Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:



VOLDA KOMMUNE

Sektor helse og omsorg

NOTAT

Frå: Svein Berg-Rusten

Sak: Næringssituasjon for dei eldre i kommunale bufellesskap og driftsform for sentralkjøkkenet på omsorgssenteret

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/795	13208/2017	H07	HEO/SBR	17.10.2017

SENTRALKJØKKENET PÅ OMSORGSSENTERET - UTSTYRSBEHOV KNYTT TIL ENDRING AV PRODUKSJON

Tabellen under står i saka.

	Ved fortsatt KOK- KJØL	Endring til KOK- SERVER
Kombidamovnar, 3-5 G/N14 stk.	Ca 1.500.000,-	Ikkje behov
Transportable vannbad/ varmevogner (11 stk)		550.000,-
Kombidampovn 20 G/N		Ca. 500.000,-

Her er ei lita oppdatering samt nærmare forklaring.

Behovet for dei 14 kombidampovnene som er ført inn ved fortsatt kok- kjø, fell vekk ved overgang til kok- server. Dei har vore nytta til ferdigstilling av middagen som har blitt levert nedkjølt frå sentralkjøkkenet. Middagen skal etter omlegging leverast varm frå kjøkkenet. Det gir behovet for dei to andre oppføringane.

Transportable vannbad/ evt. varmevogner: Ferdig middag må ausast opp og leggst i oppvarma vogner (vannbad/ varmevogner) for å halde rett temperatur fram til forbruk. Slike vogner har vi ikkje no, då det er kald mat som har vore levert før. Prisen er eksempelpris.

Behov for ein større kombidampovn på sentralkjøkkenet. Ein har tre ovnar innkjøpte i 2004. Ein stor og to mindre. Uansett nærmar det seg utskifting av dei på grunn av alder, normal avskrivningstid er 10 år. Behovet for stor oppvarmingskapasitet vil vere spesielt på helg, då mat til mange skal varmast opp. Ynskjet er å skifte ut ein av dei mindre kombidampovnene med ein tilsvarande den store 20G/N.

Bygningsmessige endringar:

Lagring av dei nye varmevognane må gjerast i eit rom som fram til no har vore kjølerom. Kva som faktisk må/ kan gjerast med kjøleaggregatet er ukjent, men det kan ikkje kjøle. I tillegg er det behov for framskaffing av straumkontakter som varmevognene kan stå tilkople. Kva det arbeidet medfører av kostnader er ikkje framskaffa.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Svein Berg-Rusten

Arkivsak nr.: 2017/166

Arkivkode: H12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/17	Tenesteutval for helse og omsorg	12.10.2017
112/17	Kommunestyret	26.10.2017

LOKAL FORSKRIFT OM RETT TIL SJUKEHEIMSPASS ELLER TILSVARANDE BUSTAD MED HEILDØGNSTENESTER

Handsaming:

Der var seks røysteføre under handsaming av saka.

Saka skal vidare til formannskapet og kommunestyret før endeleg avgjerd

Røysting:

Samrøystes tilråding i Tenesteutval for helse og omsorg - 12.10.2017

Tenesteutvalet for helse- og omsorg viser til plikt for kommunen til å utarbeide forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgnsstenester, inkludert kriterier for tildeling og retningslinjer om venteliste.

Tenesteutval for helse- og omsorg går inn for forskrifta slik ho er lagt fram frå administrasjonen.

Administrasjonen si tilråding:

Tenesteutvalet for helse- og omsorg viser til plikt for kommunen til å utarbeide forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgnsstenester, inkludert kriterier for tildeling og retningslinjer om venteliste.

Tenesteutvalet for helse- og omsorg går inn for forskrifta slik ho er lagt fram frå administrasjonen.

Vedleggsliste:

Framlegg til lokal forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnsstenester.

Uprenta saksvedlegg:

02/2016	Helsedir. – IS-2442 - Veileder for saksbehandling
10/2015	Helsedir. – IS-2391 - Forsøk statlig finansiering av omsorgstjenester, Kriterier for tildeling av omsorgstenester

Samandrag av saka:

Sommaren 2016 vedtok Stortinget lovendringar i Pasient- og brukarrettslova og Helse- og omsorgstenestelova om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt lagt til rette for heildøgnsstenester. Grunnlaget for lovendringa finn ein i Prop. 99 L (2015-2016).

Delar av lovendringane tok til å gjelde 01.07.2016 for det som inneheld ei stadfesting av gjeldande lov om retten til sjukeheimplass. Vedtak om kriterier for tildeling av slike kommunale tilbod og rett til å stå på venteliste er nytt og skal ha rettsverknad frå 01.07.2017. Kommunane hadde ein frist innan denne dato gjere vedtak i lokal forskrift om kriterier for retten til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad eller å kome på venteliste til slikt tilbod. Kommunen er seint ute i høve fristen, men vedtok i Formannskapet i sak 123/17 å gjere forslaget til forskrift gjeldande fram til lokal forskrift er vedteken.

Regjeringa planlegg å innføre nasjonale kriterie for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad tilrettelagt for heildøgnsstenester, etter at ein har hausta erfaring med kommunale kriterie for tildeling av slikt tilbod, og når ein har evaluert forsøk med statleg finansiering av omsorgstenestene.

Saksopplysningar/fakta:

Utarbeiding av kommunal forskrift med kriterier for tildeling av langtidsplass i sjukeheim m.v. er ei pliktig oppfølging for kommunane som fyl av endringane i Helse- og omsorgstenestelova som tok til å gjelde 01.07.2016. Kommunestyret hadde eigentleg frist til 30.06.2017 med å gjere vedtak om lokal forskrift. Saka vart lagt fram noko seint frå administrasjonen, men då saka vart lagt fram for godkjenning til høyring, vart det samstundes vedtatt at forslaget til forskrift skulle gjelde inntil forskifta vart godkjent. Dette har administrasjonen sørga for. Endeleg godkjenning av lokal forskrift skal gjerast av kommunestyret.

Fristen for høyringsrunda var i utgangspunktet satt til 08.08.17, men sidan både Eldrerådet og Rådet for likestilling og funksjonshemma først hadde møte 25.09.17, utsette ein ferdighandsaming av saka til dei hadde avholdt møte.

Det er mottatt ein høyringsuttale i saka. Den kom frå Eldrerådet etter møte 25.09.17 og lyder: «*Eldrerådet sluttar seg til framlegg om lokal forskrift om rett til sjukeheimplass eller tilsvarende bustad med heildøgnsstenester*».

Forskrifta som er lagt fram er eit framlegg som er utarbeidd felles for kommunane på Sunnmøre, etter initiativ frå Samhandlingsgruppa i Sunnmøre Regionråd. Saka vart drøfta i Sjustjerna Helse og omsorg hausten 2016, som sette ned arbeidsgruppe som kunne lage til felles framlegg for alle sju kommunane på søre Sunnmøre.

I møte i Samhandlingsgruppa i Sunnmøre Regionråd 18.11.2016 sak 31/2016, var tilsvarande sak drøfta med tanke på samordning for å unngå at alle kommunane skulle bruke store ressursar på dette arbeidet kvar for seg.

Ved å peike ut nøkkelpersonell frå nokre kommunar kunne ein få til eit effektivt og kvalitativt godt arbeid som alle kommunane kunne gjere seg nytte av i si saksutgreiing. Ålesund kommune fekk i oppdrag å lage mandat til arbeidsgruppa og stille jurist til rådvelde for arbeidsgruppa.

Arbeidet i Sjustjerna vart difor avslutta til fordel for arbeidsgruppa under Sunnmøre Regionråd. Denne arbeidsgruppa har vore samansett av: Lindi Hjelkrem (Sula), Bjørn Magne Nordal (Giske), Birte Vegsund (Ålesund) og Oddvar Marøy (Ørsta). Jurist Line Tomassen medverka på slutten med viktige korrigeringar og rydding i oppsettet til endeleg framlegg.

Arbeidsgruppa har hatt 4 møter i tillegg til flittig korrespondanse på mail mellom møta. Framlegg vart levert sekretariatet i Sunnmøre regionråd for vidare utsending til kommunane.

Grunnlag for framlegg til lokal forskrift.

Plikt til å utarbeide lokal forskrift med kriterie for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller heildøgnsbemanna bustad og føring av ventelister, er heimla i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 a.

Retten til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgnsstenester, er heimla i pasient- og brukarrettslova § 2-1 e.

I arbeidsgruppa sitt mandat er det peika på sentrale dokument for arbeidet. Prop 99 L gir ei grundig utgreiing om bakgrunn for lovendringa og ulike konsekvensar endringane vil gi. I tillegg har helsedirektoratet sin publikasjon «Forsøk med statleg finansiering av omsorgstenester – Kriterier for tildeling av omsorgstenester», vorte brukt for dei delane som gjeld tildeling av langtidsplass i sjukeheim.

Ved utarbeiding av forskrifter plikter ein å sikre medverknad frå dei partar som bestemmingane rettar seg mot. Høyringsframlegget har vore utarbeidd av fagadministrative leiarar og sakshandsamarar frå ulike kommunar på Sunnmøre. Kommunane som er representert i arbeidsgruppa kjem frå kommunar som har valt å løyse sine utfordringar med heildøgnsstilbod på svært ulike måtar. Dette vurderer ein som ein styrke for det arbeidet som er gjort. For å ikkje unngå mistydingar og syte for eit ryddig regelverk, har arbeidsgruppa så langt som råd, unnlatt å ta med bestemmingar om tilhøve som allereie er regulert i anna lov eller forskrift. Det har vore eit mål at forslaget skal innehalde dei områda lovendringa krev bestemmingar om og eller å vere kortfatta og ha eit enkelt språk.

Nokre sentrale tilhøve som lovendringane og lokal forskrift skal regulere :

Retten til tenester i forskrifta gjeld kun for langtidsopphald .

Tildeling gjeld for opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgnsstenester.

Med omgrepet «tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgnsstenester» legg ein til grunn bustadar som har fast tilknytt helse- og omsorgsfagleg personell på døgnbasis, der det er lagt til rette for å kunne gi tenester som svarer til det pasientar kan få i sjukeheim.

Det er nytt at kommunen frå 01.07.2017 skal bruke kommunale kriterier for dei faglege vurderingane som forvaltninga i kommunen skal nytte, når ein skal gjere vedtak om langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad med heildøgnssteneste.

Det vert og nytt at ein pliktar å føre venteliste over dei pasientane som fyller kriteria for langtidsopphald i sjukeheim eller heildøgnsbemanna bustad, men som må vente på å få slikt tilbod. Kommunen har eit godt hjelpemiddel til slik oversikt i fagprogrammet Gerica.

Endringane i lov og forskrift skal både sikre ein tydelegare rett for pasient eller brukar, samstundes som forvaltninga i kommunen innanfor sitt faglege skjøn, pliktar å ta omsyn til dei kriteria kommunen vedtek for tildeling av slike langtidsplassar.

Ein rett til langtidsplass i sjukeheim eller tilsvarande bustad, ligg føre når det etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste tilbodet som kan sikre naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Dersom pasient eller brukar med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad, har ho/han rett til vedtak om dette. Kommunen skal føre venteliste over dei som får slikt vedtak.

Ei vurdering av kva tid ein tilstand er slik at sjukeheim er det einaste forsvarlege hjelpetiltaket, kan opplevast forskjellig. Pasient eller brukar, eller nære pårørande, vil ofte ha ei anna oppfatning enn fagpersonellet som skal gjere sine helse- og omsorgsfaglege vurderingar. I enkelte saker er ulike instansar i helsevesenet også usamde i andre sine vurderingar.

Kriteriane som er nytta i framlegg til forskrift, har lagt vekt på dei kritiske spørsmåla som er vesentleg å få avklara når ein skal vurdere retten til langtidsopphald.

Det er og teke med kva vurderingar som vert viktige for å kunne realisere målsettingane om å legge til rette for at pasientar eller brukarar, skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim.

Som del av dette pliktar helse og omsorgstenesta å legge til rette for og prøve ut dei hjelpetiltak og hjelpemiddel som er tilgjengelege.

Samspel med nære pårørande, kognitiv svikt og demens, er situasjonar som i mange saker set kommunen på prøve og som er krevjande for dei involverte. Ofte er det knytt mange såre følelsar til dei endringane som utspelar seg i desse livssituasjonane.

Ved utprøving av ulike tiltak pliktar kommunen også å ha eit vakent auge på tryggleiken til pasienten og vurdere konsekvensane eit avslag eller utsetting av opphald i sjukeheim kan gi.

Klageinstans og klagefrist

Tilbod om sjukeheims plass og helse- og omsorgstenester i eigen heim, er tenester som er heimla i både Pasient og brukarrettslova og Helse- og omsorgstenestelova. Klageinstansen for desse tenestene er Fylkesmannen og klagefristen er 4 veker.

Tildeling av kommunal bustad er ikkje ei lovpålagt teneste. Klageinstans på vedtak om kommunal bustad, er klageutvalet i den einskilte kommune. Reglane om klage er då regulert i Forvaltningslova og klagefristen er 3 veker.

I framlegget til forskrift her, vurderer arbeidsgruppa at ein ikkje bør skilje mellom den delen av eit vedtak som gjeld helse- og omsorgstenester i heimen og vedtak som gjeld tildeling av sjølv bustaden, då dette må sjåast i samanheng fordi det er del av eit samla tenestetilbod.

Arbeidsgruppa har ikkje fått avklara om ein må ha ei slik deling, men meiner ei deling er lite hensiktsmessig og kan skape unødig forvirring.

Arbeidsgruppa tilrår difor at Fylkesmannen er klageinstans for alle delar som forskrifta handlar om, og at tildeling av bustad her er å sjå på som ein integrert del av eit omsorgstilbod, jmf Pasient- og brukarrettslova §§ 2-1e (Rett til opphold i sykehjem eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heldøgnsstenester) og 7-2 (Klage).

Helse og miljøkonsekvensar:

[Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.](#)

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje vurdert

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vurdering og konklusjon:

Kommunane plikta før 01.07.2017 å vedta forskrift med kriterer for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim og bustad særskilt lagt til rette for heildøgnstenester og føring av ventelister til slike tenester. Sidan forskrifta ikkje var vedtatt innan fristen, vart framlegget til forskrift gjort gjeldande fram til endeleg godkjenning. Administrasjonen har praktisert forskrifta i høyringsperioden. Forslaget til forskrift har vore ute på høyring og det er mottatt ein uttale. Rådmannen tilrår at forslag til forskrift som er utarbeidd av arbeidsgruppa nedsett av Samhandlingsgruppa i Sunnmøre Regionråd vert vedtatt.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

FORSKRIFT OM TILDELING AV LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM ELLER TILSVARANDE BUSTAD SÆRSKILT TILRETTELAGT FOR HEILDØGNSTENESTER M.M.

Heimel: Fastsett av (kommunenamn) kommune i kommunestyre (dato, månad, år), med heimel i lov

24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. § 3-2 a andre ledd.

§ 1 Føremål

Forskrifta skal vise kva kriterie (kommunenamn) kommune legg til grunn for vedtak om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnsstenester, og kva som skal ligge til grunn for å sette søkjar på venteliste for tildeling av slikt tilbod.

Forskrifta skal sikre medverknad og at pasient/brukar er informert om tildelingsprosessen og til åpenheit kring denne.

§ 2 Verkeområde

(Kommunenamn) kommune disponerer til ei kvar tid eit visst tal definerte langtidsplassar i sjukeheim og tilsvarande bustader særskilt tilrettelagt for heildøgnsstenester.

Rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustader særskilt tilrettelagt for heildøgnsstenester eller rett til å stå på venteliste til eit slikt tilbod, er regulert i pasient- og brukerrettslova § 2-1 e.

§ 3 Definisjonar

- «**Sjukeheim**» er helseinstitusjon slik dette er definert i Helse- og omsorgstjenestelova § 3-2 første ledd

- Med «**langtidsopphald**» meinast opphald i sjukeheim på ubestemt tid.

- «**Tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnsstenester**», er bustad som har knytt til seg

helse- og omsorgspersonell som fast er tilgjengeleg for pasienten/brukaren heile døgnet.

- «**Venteliste**» er ei oversikt over pasientar/brukarar som etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering vil vere best tent med langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnsstenester, og det samstundes er vurdert at vedkomande med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphald.

§ 4 Rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for Heildøgnsstenester

a) Pasient/brukar har rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnsstenester, dersom dette etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste tilbodet som kan sikre pasienten/brukaren naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

b) Dersom pasient/brukar ut frå ei helse- og omsorgsfagleg vurdering vil vere best tent med eit langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad tilrettelagt for heildøgnsstenester, men som med forsvarleg hjelp og tilpassing kan bu i eigen heim, får avslag på søknaden og settast på venteliste for slikt tilbod. I ventetida skal kommunen gjere vedtak om og gje forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Når fleire pasientar/brukarar står på venteliste samstundes, skal kommunen til ei kvar tid vurdere kven som har det største behovet for å få tildelt langtidsplass eller tilsvarande bustad særskilt

tilrettelagt for heildøgntenester. Ved førespurnad har pasient/brukar rett til å få informasjon om kommunen si vurdering av kor lenge det er sannsynleg at ein må stå på venteliste før tildeling av aktuelt bu- og omsorgstilbod.

§ 5 Kriterie for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt tilrette for heildøgntenester

Langtidsopphald i sjukeheim eller tenester i ein tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester, skal vurderast ut frå ei helse- og omsorgsfagleg heilskapsvurdering.

I det faglege skjønnet skal kommunen m.a. vurdere hjelpebehov, meistringsnivå og tryggleik.

I vurderingane for tildeling av tenesta skal desse tilhøva leggjast vekt på:

- kva type helse- og omsorgsteneste det er behov for og kor omfattande og varig behovet vil vere
- om pasienten eller brukaren har høve eller evne til å tilkalle hjelp ved behov
- om ein med hjelpemiddel eller ulike tilretteleggingar kan gjere tilpassingar som fremjar eigenmeistering i eigen heim.
- om alternativ til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgntenester er prøvd ut og vurdert å ikkje vere tenleg eller forsvarleg.
- om pasienten/brukaren er samtykkekompetent og har kognitive evner som ikkje medfører alvorleg risiko for liv og helse
- kva konsekvensar eit avslag på heildøgntilbod i sjukeheim eller bustad kan gje.
- ved vurdering av hjelpebehov skal LEON-prinsippet (lavaste effektive omsorgsnivå) og omsorgstrappa aktivt verte nytta for å tilby rett omsorgsnivå.

§ 6 Sakshandsaming

Vedtak etter forskrifta her, skal handsamast etter § 2-7 i pasient og brukarrettslova, samt forvaltningslova sine reglar om enkeltvedtak med klagerett. Vedtak kan anten

- a) gi avslag på plass
- b) tildele plass
- c) gi avslag på plass og sette på venteliste

For vedtak etter pkt c), skal det i vedtaket gjerast klart kva tilbod pasient/brukar vil få i ventetida som vert vurdert å stette lova sine krav til forsvarlege tenester.

§ 7 Klage

Det er klagerett på vedtak etter denne forskrifta. Klageinstans er Fylkesmannen. Klage sendast til den instans som har fatta vedtaket seinast innan 4 veker etter at ein er gjort kjend med vedtaket, jmf. Pasient og brukarrettslova Kap. 7 Klage.

Dersom klaga berre gjeld den delen av vedtaket som omhandlar tildeling av bustad og ikkje tenestetilbodet i denne, er kommunen klageinstans. Klagefristen etter forvaltningslova er då 3 veker.



Sakshandsamar:	Edvin Løfoll	Arkivsak nr.:	2017/1493
		Arkivkode:	N64

BYGGING AV BREIBAND (EKOM ANLEGG - FIBER) FRÅ HALKJELSVIK TIL FOLKESTAD

Røysting (8 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 02.10.2017 til kommunestyret:

- | | |
|-----------------------------------|---------------------|
| Momskompensasjon | kr 393 000 |
| Bruk av ubunde kapitalfond | kr 1 570 000 |

Det vert søkt om statleg tilskot til gjennomføring av anlegget. Eventuelt statleg tilskot kjem til fråtrekk og skal førast attende til ubunde kaptialfond.

3. *Anlegget vil medføre reduserte utgifter med lineleie med ca kr 15 000 pr år. Vidare vil fullt utbyggt anlegg kunne ha potensial for årlege inntekter, noko som ein også må kome attende til gjennom justeringsreglane for momshandtering.*

Administrasjonen si tilråding:

4. Volda kommunestyre vedtek utbygging av ekom-anlegg (fiber) til Folkestad til ei kostandsramme på kr 1 963 000 (inkl.mva).
5. Finansiering:

Momskompensasjon kr 393 000
Bruk av ubunde kapitalfond kr 1 570 000

Det vert søkt om statleg tilskot til gjennomføring av anlegget. Eventuelt statleg tilskot kjem til fråtrekk og skal først attende til ubunde kapitalfond.

6. Anlegget vil medføre reduserte utgifter med lineleie med ca kr 15 000 pr år. Vidare vil fullt utbygt anlegg kunne ha potensial for årlege inntekter, noko som ein også må kome attende til gjennom justeringsreglane for momshandtering.

Vedleggsliste:

Kart som syner trasè
Kostnadsoverslag

Samandrag av saka:

Mørenett AS held i desse dagar på å bygge ny høgspenst forsyning frå Halkjelsvik trafo til Folkestad og vidare til Straumshamn. I samband med dette skal Mørenett bygge rør trasè og sjøkabel anlegg. Kommunalteknisk har drøfta saka med Mørenett for å sjå på mogleg samarbeid ved bygging av slik trasè, då kommunen treng betre ekom tilbod for Folkestad-området. Eit slikt ekom-anlegg, vil både kunne dekkje kommunen sine eigne behov i høve kommunale bygg (Folkestad skule og Folkestadtun), samt legge til rette for bygging av fiber til heimen (FTH) anlegg for kommunen sine innbyggjarar på Folkestad.

Saksopplysningar/fakta:

Norsk samferdsle mynde, vurderer breiband (ekom nett) til å vere like samfunnskritisk som straum og anna viktig infrastruktur. Volda kommune har søkt NKOM (Norsk kommunikasjons mynde) om midlar til liknande prosjekt for strekninga Volda - Grodås. Volda kommune vil kunne søkje om midlar frå NKOM også for dette prosjektet. Vidare har noverande regjering gjeve tilskot til infrastruktur tiltak, i samband med kommunesamanslåinga mellom Volda og Hornindal. Utbygginga Volda - Hornindal, vil legge til rette for FTH-utbygging langs nord sida av Austefjorden, samt Fyrde, Langvatn og Kaldvatn.

Når no Mørenett AS legg opp til utbygging av høgspenst trasè mellom Halkjelsvik og Folkestad, vart det mogeleg med samarbeid om felles grøft. Ei utbygging av fiber til Folkestad vil gjere det mogeleg å tilby fiber til heimen (FTH) for innbyggjarane på Folkestad. Vidare vil kommunen kunne knyte kommunale bygg på (Skule og Folkestadtun) inn i eige ekom nett. Dette vil i tillegg redusere dagens breibands kostnader med om lag kr 15.000,- per år, samt auke bandbreidda (hastigheit) på dagens samband monaleg. Det er avgjerande å nytte denne mogelege samarbeids situasjonen med Mørenett, då alternativet med utbygging i eigen regi/åleine vil verte klart dyrare for kommunen.

Ved å bygge slikt samband i form av fiber, vil ein oppnå meir stabilt nett, låge drifts-kostnader og framtidsretta løysingar. Dette sambandet vil ikkje verte påverka av vind og vær, ha rikeleg kapasitet og det kan gje andre aktørar tilgang til styring/overvaking av anlegg (døme er Statens vegvesen med ny «elektrisk» ferjekai på Folkestad innan 2020).

I samband med søknadene Volda – Grodås, vart det henta prisar på leige av samband i dagens infrastruktur. Det er truleg berre Telenor som kan gje pris på dette og det vil truleg vere svært kostbart å leige. Mogeleg konkurranse og utbygging av FTH er då ikkje realistisk.

Volda kommune er og skal vere elektronisk i si kommunikasjonsform. På line med andre statlege og kommunale aktørar legg ein stadig større vekt på å nytte IT teknologi for kommunikasjon med innbyggjarar og brukarar av tenester. Dette krev god bandbreidde i seg sjølv. Vidare er den kommersielle marknaden stadig i utvikling. Streaming av ulike tenester vert meir vanleg og endringane i samfunnet er heilt tydeleg i form av teknologi utvikling. Til saman gjer dette at skal ein lukkast med å gjere dei lokale samfunna attraktive for eksisterande og nye innbyggjarar, er det heilt naudsynt å kunne tilby oppdaterte og framtidsretta ekom nett som kan følgje IT utviklinga framover.

Dersom vi framleis skal ha levande bygder og få unge menneske til å satse her, vil gode kommunikasjonskanalar vere avgjerande for mange. Dette gjeld både i høve mogelege arbeidsplassar og i fritida til unge menneske, men også i alle aldrar. Det at vi no prøvar å få til samband langs nordsida av Austefjorden og til Grodås, i tillegg til dette sambandet til Folkestad, syner vilje og evne frå kommunen si side til å satse på bygdene. Dette kan vere avgjerande i positiv forstand, for framtida på bygdene.

Volda kommune har relativt store topografiske utfordringar ved bygging av infrastruktur. Dette prosjektet vil vere med å løyse delar av utfordringane svært godt. Det er lite truleg at Folkestad-området vert bygt ut basert på marknadsmessig satsing i åra som kjem. Ein hovudtrasè til området, gjer det mogeleg for kommersielle aktørar å satse også i desse lokalsamfunna.

Ei slik utbygging som det her vert lagt opp til, fører til at Volda kommune eig sambandet sjølv og kan «selje ut» sambands kanal til marknadsbaserte utbyggjarar. Inntekta frå dette, bør truleg ikkje vere høg, då det er utfordrande å få avtalar med private marknadsbaserte FTH utbyggjarar. Det er etter same grunntanken som for prosjektet Volda – Grodås.

Helse og miljøkonsekvensar:

Betre bandbreidde for Folkestadtun vil betre IT-tilhøva for Helse og omsorg der og vil gje problemfri ekom-tilknytning og vesentleg meir stabilt nett. Høgastigheitsnett gir også grunnlag for arbeidsplassutvikling og å utvikle omsorgstenester gjennom velferdsteknologi.

Økonomiske konsekvensar:

Estimert kostnad for infrastruktur/rør-anlegg er om lag kr 980.000,-

Estimert total kostnad for kommunen er om lag kr 1.570.000,- (eks.mva.)

Estimert innsparing i leige av breiband er om lag kr 14-15.000,-/år

Mogeleg stønad frå NKOM til prosjektet på 10 – 25% av utbyggingskostnad (usikkert).

Kommunen vil få momskompensasjon på investeringa. Dersom det seinare vert aktuelt å inngå leigeavtalar for å levere breiband til private, så må ein kome attende til momsen gjennom justeringsreglane.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ei slik utbygging vil gje langt større stabilitet i ekom (elektronisk kommunikasjon) nettet, nærast inga avgrensing i bandbreidde og rimelege driftskostnader.

Vurdering og konklusjon:

1. Volda kommunestyre vedtek utbygging av ekom-anlegg (fiber) til Folkestad til ei kostandsramme på kr 1 963 000 (inkl.mva).

2. Finansiering:

Momskompensasjon kr 393 000

Bruk av ubunde kapitalfond kr 1 570 000

Det vert søkt om statleg tilskot til gjennomføring av anlegget. Eventuelt statleg tilskot kjem til fråtrekk og skal førast attende til ubunde kapitalfond.

3. Anlegget vil medføre reduserte utgifter med lineleie med ca kr 15 000 pr år. Vidare vil fullt utbygt anlegg kunne ha potensial for årlege inntekter, noko som ein også må kome attende til gjennom justeringsreglane for momshandtering.

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef


Utskrift av endeleg vedtak:**Klageinstans:**

Prisoverslag for fiber: Halkjelsvik - Folkestad

Prosjekt navn: Volda - Folkestad	Del-prosjekt navn:
Prosjekt nr.:	Del-prosjekt nr:

Sum totalt for kontraktsskjema (eks.mva.):	1 570 000
--	-----------

Pos.:	Nemning:	Mengd:	Eining:	Pris:	Sum:	Merknad:
1	Rørlegging, kummar og gravekostnader				395 000	2x20mm rør
6	Skap, kummar, blåsing av kabel ink.kabelkost.	1	stk.	7 100	265 000	
11	Skøyting, terminering, og administrasjon	5	stk.	5 500	155 000	48-fiber skjøtte
21	Uføresett kostnad, kommunal kost, rigg kost	1	stk.	25 000	110 000	
27	Sjøkabel, landtak og leggekostnader sjøkabel	3900	m	75	590 000	MN har 3550m + på land
37	Innvendig kabling i Folkestad skule og Folkestadtun	2	stk.	15 000	55 000	
.....	Tot.lengde på kabel = ca.7550m					
100	Sum totalt (inkl.forteneste ekskl.inv.avg. Og mva.):				kr 1 570 000	



Alle ledning/trasear må oppfattast som orienterende.
Graving nærmare trasear enn 3 m, er på eige ansvar.
Kontakt MØRENETT AS for kabelpåvising.




MØRENETT AS

Dato: 2017.04.19
Sign: TONES

Trase Volda transf.stasjon-Rotset



Målestokk
1:5000



Alle ledning/trasear må oppfattast som orienterende.
Graving nærmare trasear enn 3 m, er på eige ansvar.
Kontakt MØRENETT AS for kabelpaving.



MØRENETT AS



Måsstokk
1:2000

Dato: 2017.04.19
Sign: ODDMUND



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Inger-Johanne Johnsen

Arkivsak nr.: 2017/1698

Arkivkode:

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
161/17	Formannskapet	17.10.2017
114/17	Kommunestyret	26.10.2017

TILRETTELEGGING FOR BORGERLEGE VIGSLAR I KOMMUNEN

Handsaming:

Fride Sortehaug kom med slikt framlegget til nytt pkt. 1:

Den kommunale vigselsretten blir i Volda utført av ordførar, varaordførar eller administrasjonen.

Røysting (ni røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen punkt 1 og framlegget frå Fride Sortehaug. Framlegget frå Fride Sortehaug vart samrøystes vedteke.

Punkt 2-5 vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 17.10.2017 til kommunestyret:

- 1. Den kommunale vigselsretten blir i Volda utført av ordførar, varaordførar eller administrasjonen.*
- 2. Vigsel kan finne stad i kontortida på vekedagar. Vigselstidspunktet blir fastsett etter forutgåande dialog mellom brudefolket og vigslaren.*
- 3. Vigsel i kommunal regi finn stad på rådhuset, anten på ordførar sitt kontor eller på møterom Voldsfjorden i første etg. på rådhuset.*
- 4. Vigsel i andre lokale/andre stader enn på rådhuset og til tidspunkt utanfor ordinær arbeidstid må avtalast med vigslaren, og der kommunen fakturerer dei faktiske utgiftene.*
- 5. Det administrative ansvaret for vigselsordninga blir delegert til rådmannen. Rådmannen får i oppgåve å tilrettelegge for at vigslane kan finne stad innanfor verdige rammer.*

Administrasjonen si tilråding:

6. Den kommunale vigselfretten blir i Volda teke hand om av ordførar og varaordførar.
7. Vigsle kan finne stad i kontortida på vekedagar. Vigselstidspunktet blir fastsett etter forutgåande dialog mellom brudefolket og vigsleren.
8. Vigsle i kommunal regi finn stad på rådhuset, anten på ordførar sitt kontor eller på møterom Voldsfjorden i første etg. på rådhuset.
9. Vigsle i andre lokale/andre stader enn på rådhuset og til tidspunkt utanfor ordinær arbeidstid må avtalast med vigsleren, og der kommunen fakturerer dei faktiske utgiftene.
10. Det administrative ansvaret for vigselsordninga blir delegert til rådmannen. Rådmannen får i oppgåve å tilrettelegge for at vigslane kan finne stad innanfor verdige rammer.

Vedleggsliste:

Informasjon om endringar i ekteskapsloven – kommunale vigsler, datert 30.06.2017

Rundskriv om kommunale vigsler datert 21.09.2017:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/d883f32c90d249a5924de82ffa3c3aba/rundskriv-q-11-2017-om-kommunale-vigsler.pdf>

Samandrag av saka:

Stortinget har nyleg vedteke endringar i ekteskapslova, jf Lov om endringar i ekteskapsloven som ein del av oppgåveoverføringa til kommunane. Lovendringa betyr at vigselsmynde vert overført frå sorenskrivaren til ordførar, varaordførar og kommunalt tilsette eller folkevalde som kommunestyret sjølv gir slik mynde. Ansvaret for gjennomføring av borgarlege vigsler vert med det overført frå tingrettane og Oslo byfogdembete til kommunane.

Saksopplysningar/fakta:

Lovendringa trer i kraft frå 1. januar 2018.

Reglane om ekteskapsinngåing går fram av ekteskapsloven kapittel 3. Oppgåveoverføringa betyr at kommunane må vere klare til å ta imot brudepar som ynskjer å gifte seg borgarleg frå 1. januar 2018.

Kommunestyret må avklare kven som skal ha vigselsmynde i kommunen før reglane trer i kraft. Ordførar og varaordførar er gitt vigselsmynde direkte i lova. Lova seier at i tillegg kan kommunestyret sjølv gi vigselsmynde til kommunalt tilsette eller folkevalde. Kommunestyret må sjølv vurdere behovet og kven som er eigna til å ha oppgåva.

Lovproposisjonen omtalar at kommunen sitt tilbod skal vere godt og tilgjengeleg. Det er også uttala at det er viktig at kommunen legg til rette for den seremonielle karakteren i vigsle.

Kven skal tilbodet gjelde for?

Lovendringa inneber at kommunane er pålagt å ha eit vigsletilbod for eigne innbyggjarar og personar som ikkje er busett i Norge. Det skal vere tilstrekkeleg at ein av brudefolket er busett i kommunen for at plikta til kommunen om å gjennomføre vigsle gjeld. Det står fritt til kommunen å tilby vigsle for brudefolk busett i andre kommunar.

Kor og når skal vigslane finne stad?

Søre Sunnmøre tingrett har om lag 35 vigslar pr år, kor mange av desse som er innbyggjarar i Volda har vi ikkje fått oversikt over. Domstolane praktiserer å sette av inntil 15 minuttar pr vigsel. I tillegg til sjølve seremonien vil kommunen måtte pårekne noko tidsbruk til administrativt for- og etterarbeid. Dette vil blant anna omfatte bestilling av timar til vigsel, spørsmål frå publikum, utsending av midlertidig vigselssattest, samt retur av prøvingsattest til Skatteetaten.

Lovproposisjonen understrekar at det er viktig å oppretthalde vigselen sin seremonielle karakter, og viser i denne samanhengen til at bruk av eigna lokale og det borgarlege vigselsformularet er avgjerande tiltak i så måte.

Bruk av eigna lokale vil bety mykje for korleis ein vigselssermoni vert oppfatta. I lovførebuinga er det lagt til grunn at kommunane har rådhus, kommunehus eller andre lokale som kan gjerast tilgjengeleg for vigslar. Volda rådhus har ikkje eit rom som "utpeiker" seg som eigna for vigslar, men det blir foreslått å nytte ordføraren sitt kontor eller møterom Voldsfjorden i 1. etg på rådhuset.

Kommunestyret må vurdere om det skal opnast for ein praksis om at vigslar kan finne stad utanom kontortid eller andre stadar enn på rådhuset. Ein slik praksis må vegast opp mot kapasitet: Har kommunen kapasitet til å imøtekomme ønskje om viglar utanom arbeidstid og på andre lokasjonar? Det kan opplevast som urettferdig dersom ein opnast for at nokon kan få vie seg til andre tider og på andre stadar – medan andre ikkje får det.

Innhald i seremonien

Det borgarlege vigselsformularet er fastsett ved kongelig resolusjon og skal nyttast ved gjennomføringa av borgarlege vigsler. Formularet set eit minimumskrav til innhaldet i vigselen, men det er i prinsippet rom for å tilpasse seremonien med t.d. song, musikk, utveksling av ringer, tekstlesing e.l. I utgangspunktet vert det tilrådd at ein vidarefører domstolane sin praksis med å sette av inntil 15 minutt pr. vigsel i rådhuset. Av disse vil 5 minutt gå med til den obligatoriske lesinga av vigselsformularet. Brudeparet vil dermed ha ca. 10 minutt tilgjengeleg til andre aktivitetar som musikk, tekstlesing e.l. som de sjølv er ansvarleg for å legge til rette for. Domstolane opplyser at dette fungerer godt i praksis.

Det blir foreslått å vidareføre domstolane sin praksis om å ha eit tilbod om å gjennomføre vigsler på norsk og engelsk. Dette er kompetanse kommunen skal klare å stille med. Dersom ein av partane ikkje forstår eit av disse språka, plikter desse sjølv å stille med kvalifisert tolk og dekke utgiftene knytt til dette.

Økonomiske konsekvensar

I lovproposisjonen vert også spørsmålet om betaling for vigsel omtala, og det vert peikt på at det er eit viktig prinsipp for kommunale vigsler at kommunen sitt alminnelege vigselstilbod skal vere gratis for kommunen sine eigne innbyggjarar og for personar som ikkje er busett i Norge.

Dersom kommunen i tillegg opnast for at vigsler kan skje utanfor kommunen sine ordinere lokale, utover ordinere opningstider eller for brudefolk som ikkje er busett i kommunen, kan kommunen krevje å få dekkja meirkostnader ved dette. Døme på slike kostnader er utgifter for vigsleren og kostnader knytt til bruk av kommunale lokale.

Kommunen må i så fall regulere kva kostnader ein kan krevje dekkja. Krav frå kommunen om dekking av slike kostnader må avtalast med brudeparet på førehand. Det skal ikkje vere høve for kommunen til å ta betaling for gjennomføring av vigsler ut over dekking av

naudsynte og dokumenterte meirkostnader.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje aktuelt

Vurdering og konklusjon:

Lovendringa inneber at kommunen må legge til rette for eigna lokale for borgarlege vigsler. Kommunehus er omtala i prop. som eigna lokale. I Volda er ordføraren sitt kontor og møterom Voldsfjorden eigna lokale for borgarleg vigselseremoni.

Gjennom lova er ordførar og varaordførar gitt vigselmynde. I ein kommune på Volda sin storleik, er det truleg ikkje behov for fleire med vigselmynde tilstades.

Det blir foreslått at ein legg opp til eit vigselstilbod som er samanliknbart med det som domstolane tradisjonelt har hatt, og som innfrir dei minimumskrava som blir sett i regelverket. Dersom det skal opnast for at vigslar finn stad ein annan stad etter avtale med vigslaren, må desse kostnadene dekkast av brudeparet.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Administrasjonen for vidare arbeid

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

17/73

30. juni 2017

Informasjon om endringer i ekteskapsloven – Kommunale vigsler

Stortinget har nylig vedtatt lovendringer i ekteskapsloven, jf. [Lov om endringer i ekteskapsloven og bustøttelova m.m. \(oppgaveoverføring til kommunene\)](#). Lovendringene innebærer at vigselsmyndighet overføres fra notarius publicus til ordførere, varaordførere og kommunalt ansatte eller folkevalgte som kommunestyret selv gir slik myndighet. Med det overføres ansvaret for gjennomføring av borgerlige vigsler fra tingrettene og Oslo byfogdembete til kommunene. Lovforarbeidene finnes i [Prop. 91 L \(2016-2017\)](#), kapittel 3 og [Innst. 376 L \(2016-2017\)](#).

Det er ennå ikke fastsatt når lovendringene skal tre i kraft, men planen er at endringene skal tre i kraft fra 1. januar 2018, slik det også har vært vist til i [høringen om saken](#) og i lovproposisjonen. Saken er også varslet i [Prop. 128 S Kommuneproposisjonen 2018](#), punkt 10.6.3.

Barne- og likestillingsdepartementet vil gi ut et rundskriv om kommunale vigsler så snart som mulig.

I dette brevet vil departementet informere kommunene og domstolene om hva lovvedtaket innebærer, og særlig om hvilke forberedelser kommunene bør begynne med før lovendringen trer i kraft.

For kommunene

Reglene om ekteskapsinngåelser følger av [ekteskapsloven kapittel 3](#). På [Norges domstolars hjemmeside](#) finnes det informasjon om hvordan borgerlige vigsler gjennomføres i domstolene.

Postadresse
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo
postmottak@bld.dep.no

Kontoradresse
Akersgt. 59
www.bld.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 793

Avdeling
Familie- og
oppvekstavdelingen

Saksbehandler
Margrethe
Hannevik Harestad
22 24 25 49

Oppgaveoverføringen innebærer at kommunene må være klare til å ta imot brudepar som ønsker å gifte seg borgerlig i kommunen fra de nye reglene trer i kraft. Dette er etter planen fra 1. januar 2018. Kommunene må avklare hvem som skal ha vigselfmyndighet i kommunen før reglene trer i kraft. Ordfører og varaordfører er gitt vigselfmyndighet direkte i loven. Det følger av loven at i tillegg kan kommunestyret selv gi vigselfmyndighet til kommunalt ansatte eller folkevalgte. Kommunestyret må da vurdere behovet og hvem som er egnet til å inneha vigselfoppgaven.

Kommunene bør starte forberedelsene med å tilrettelegge for hvor og når ekteskapsinngåelsene kan finne sted, slik at brudefolkene kan få informasjon om dette.

Loven gir hjemmel for at departementet kan gi forskrift om kommunalt vigselfstilbud med regler om at vigselfstilbudet skal være tilgjengelig og om betaling for vigsler, og departementet vil komme tilbake til dette.

Lovproposisjonen har en omtale av at kommunens tilbud skal være godt og tilgjengelig. Det er også uttalt at det er viktig at kommunen legger til rette for vigsels seremonielle karakter. Bruk av egnede lokaler vil være av betydning for hvordan en vigsels seremoni oppfattes. I lovforarbeidene er det lagt til grunn at kommunene har rådhus, kommunehus eller andre lokaler som kan gjøres tilgjengelig for vigsler.

Lovendringen innebærer en lovfestet plikt til å ha et kommunalt vigselfstilbud for egne innbyggere og for personer som ikke er bosatt i Norge. Av lovproposisjonen følger det at det er tilstrekkelig at én av brudefolkene er bosatt i kommunen for atplikten gjelder. Kommunen kan velge å tilby vigsler også for brudefolk bosatt i andre kommuner.

I lovproposisjonen omtales også spørsmålet om betaling, og det sies blant annet at et viktig prinsipp for kommunale vigsler er at kommunens alminnelige vigselfstilbud skal være gratis for kommunens egne innbyggere og for personer som ikke er bosatt i Norge. Dersom kommunen i tillegg åpner for at vigsler kan skje utenfor kommunens ordinære lokaler, utover ordinære åpningstider eller for brudefolk som ikke er bosatt i kommunen, kan kommunen kreve å få dekket merkostnader ved dette. Eksempler på slike kostnader er utgifter for vigsleren og kostnader knyttet til bruk av kommunale lokaler. Kommunen må i så fall regulere hvilke kostnader som kan kreves dekket. Krav fra kommunen om dekning av slike kostnader må avtales med brudeparet på forhånd. Det skal ikke være anledning for kommunen til å ta betaling for gjennomføring av vigsler ut over dekning av nødvendige, påregnelige merkostnader.

Det borgerlige vigselsformularet, som er en tekst som vigsler leser under seremonien, skal benyttes ved gjennomføring av borgerlige vigsler, jf. ekteskapsloven § 15. Vigselsformularet er fastsatt ved kgl. res 18. desember 1992, og finnes [her](#). Det er også rom for å tilpasse seremonien med for eksempel tekst og musikk utover dette, dersom brudeparet ønsker det.

For domstolene

Når vigselsmyndigheten overføres til de kommunale vigslerne, vil ikke notarius publicus, herunder dommere i tingretten og Oslo byfogdembete, lenger ha vigselsmyndighet. Domstolene må derfor avvise forespørsler om gjennomføring av vigsler som planlegges gjennomført fra og med det tidspunktet lovendringen trer i kraft. Dette er etter planen 1. januar 2018. Brudefolk som henvender seg til domstolen med ønske om vigsel som skal skje etter ikrafttredelsestidspunktet må henvises til sin hjemkommune, eller eventuelt kommunen der vigselen skal skje.

Når notarius publicus ikke lenger er vigsler i henhold til ekteskapslovens bestemmelser, innebærer det at dommere i tingretten, Oslo byfogdembete eller andre som har hatt vigselsmyndighet i medhold av lov og forskrift om notarius publicus, ikke lenger vil kunne forestå gyldige ekteskapsinngåelser. Det bes om at informasjon på domstolenes hjemmesider oppdateres i henhold til dette når ikrafttredelsestidspunktet er endelig avklart.

Om endringene for øvrig

Sysselemanden på Svalbard og utsendte utenrikstjenestemenn vil fortsatt ha vigselsmyndighet, jf. ekteskapsloven § 12.

Dette brevet er sendt til alle landets kommuner, tingretter, Oslo byfogdembete og Domstoladministrasjonen, med kopi til alle landets fylkesmenn, KS, Sysselemanden på Svalbard, Skattedirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet.

Med hilsen

Ingvild Vesterdal (e.f.)
avdelingsdirektør

Margrethe Hannevik Harestad
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Kopi

Alle landets fylkesmenn

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

Justis- og beredskapsdepartementet

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

KS

Skattedirektoratet

Sysselmannen på Svalbard

Adresseliste

Alle landets kommuner

Alle landets tingretter

Domstoladminstrasjonen

Oslo byfogdembete



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2017/1532

Arkivkode:

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
115/17	Valnemnda Kommunestyret	26.10.2017

VAL AV VOLDA KOMMUNE SINE REPRESENTANTAR I STYRET FOR VOLDA SKISENTER 2017-2019

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vel følgjande representantar til styret for Volda Skisenter AS for perioden 2017 – 2019:

Representantar:

- 1.
- 2.

Vararepresentantar:

- 1.
- 2.

Vedleggsliste:

Vedtekter for Volda Skisenter AS

Brev frå Gunnar Andenes, 17.08.2017.

Samandrag av saka:

I vedtektene for Volda skisenter As § 6 går det fram at skisenteret skal leiast av eit styre på fem medlemmer. To styrerepresentantar, med personleg vara, skal oppnemast av Volda kommune. Desse skal veljast for to år i oddetalsår, dvs for sesongane 2017-2018 og 2018-2019.

Volda kommune sine representantane skal sjølve varsle kommunen når dei går av, og dette må varslast minst 2 månader før generalforsamlinga. Volda kommune skal då oppnemne nye representantar.

Kommunestyret valde i sak PS 138/15 følgjande representantar i styret for Volda skisenter AS for perioden 2015-2017:

Representantar:

1. Gunnar Andenes

2. Askjell Våge

Vararepresentantar:

1. Einar Heltne

2. Eldar Meek

Gunnar Andenes har i brev til Volda kommune, den 17.08.2017, gitt melding om at han ikkje stiller til gjenval i styret.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Dei som vert valde
Volda Skisenter AS

VEDTEKTER FOR VOLDA SKISENTER AS.

§ 6

Selskapet skal leiast av eit styre på fem medlemmer.

Fastsetting av partalls- eller oddetallsår. Døme: sesongen 2007-2008 er eit oddetallsår.

Generalforsamling: (årsmøte)	Ein styreleiar	Skal veljast for 1 år i gongen
	Eit styremedlem	Skal veljast for 2 år i partallsår
	To vara for styremedlem	Skal veljast for 2 år i partallsår
Volda Kommune:	To representantar	Skal veljast for 2 år i oddetallsår
	To personlege vararepresentantar	Skal veljast for 2 år i oddetallsår
VTI:	Ein representant	Skal veljast for 2 år i partallsår
	Ein personleg vararepresentant	Skal veljast for 2 år i partallsår

Volda kommune og VTI sine representantar skal sjølv varsle Volda Kommune og VTI når dei går av, dette må varslast minst 2 mnd før generalforsamlinga. Volda Kommune og VTI skal då utnemne nye representantar.

§ 7

Formannen kallar styret saman så ofte han finn det turvande, eller når ein av styremedlemmene krev det.

§ 8

Styret er vedtaksført når formann eller nestformann og to styremedlemer er til stades. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Formannen si røyst avgjer likt røystetal.

§ 9

Styret har den daglege leiinga av selskapet, og har fullmakt til å tilsette turvande folk for drift og vedlikehald.

Styret skal føre møtebok der kvar sak vert innført, og røystetal for saka. Dissensar kan krevjast innførde i møteboka.

Styret er ansvarleg for å føre og halde à jour ei aksjebok, der alle aksjeeigarane er innførde.

§ 10

Formannen og ein styremedlem bind selskapet med underskriftene sine.

§ 11

Regnskapsåret skal vere frå 01.09. til 31.08.

VEDTEKTER FOR VOLDA SKISENTER AS.

§ 12

Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 15. november.

Omfram årsmøtet vert samankalla når styret finn det turvande, eller når aksjeeigarar med minst 1/10 av aksjekapitalen krev det. Slikt krav skal gjerast skriftleg og nemne sakene kravet gjeld.

Styret kallar saman årsmøtet med lysning i lokalpressa tre (3) veker føreåt.

Saksdokument inklusiv rekneskap, skal sendast hovudaksjonærane Volda Kommune og Volda Turn- og Idrottslag minimum ei (1) veke før årsmøtet.

På det ordinære årsmøtet skal det handsamast og takast avgjerde i følgjande saker:

- 1) Fastsetting av resultatrekneskapen og balansen.
- 2) Disponering av årsoverskotet eller dekking av underskot ifølgje den fastsette balansen
- 3) Andre saker som etter lov og vedtekter høyrer inn under årsmøtet.

§ 13

Vedtektene i selskapet kan ikkje endrast utan samtykke frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

§ 14

Elles syner ein til den til ei kvar tid gjeldande aksjelov.

oooOooo

Hei

Eg står på val til komande generalforsamling i Volda skisenter og tek ikkje attval. Bed om at valnemnda og Volda kommune set iverk arbeid for å finne nytt styremedlem.

Mvh

Gunnar Andenes

PS 116/17 Orienteringssaker



Torbjorn Hoel (sendt per e-post)

Innbyggjarinitiativ etter inndelingslova - søknad om utgreiing av grensejustering av Bjørke i Ørsta kommune

Vi har den 25.09.17 motteke dykkar søknad om utgreiing av grensejustering av Bjørke i Ørsta kommune. Grensejusteringa inneber at Bjørke og Viddal krins i Ørsta kommune går over til det som skal bli nye Volda kommune i 2020.

Søknaden er sett fram med heimel i inndelingslova § 8 som gir innbyggjarar, grunneigarar og næringsdrivande med forretningsstad i kommunen, ein rett til å sette fram søknad om utgreiing av grensejustering.

Ørsta, Volda og Hornindal kommune er ved kopi av dette brevet orientert om at det har kome inn ein søknad om utgreiing av grensejustering. Fylkesmannen ber om at eventuelle merknader til søknaden vert sendt over innan 18.10.17.

Fylkesmannen vil sende søknaden over til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for vidare handsaming. Departementet skal avgjere om utgreiing av grensejustering skal setjast i gong. Dersom det vert avgjort at utgreiing skal setjast i gong, vil departementet (eller Fylkesmannen) ha det overordna ansvaret for at det skjer ei forsvarleg saksutgreiing. Før det vert treft vedtak om grensejustering skal dei aktuelle kommunane få høve til å uttale seg. I samband med kommunen si uttale på forslag til grensejustering kan kommunen velje å høyre innbyggjarane sine.

Fylkesmannen arbeidar med eit infoskriv om korleis det vidare arbeidet med grensejusteringar vert lagt opp. Infoskrivet vil bli sendt ut innan kort tid.

Med helsing

Vigdis Rotlid Vestad (e.f.)
Seniorrådgivar

Frida Farstad Brevik

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

- 1 Søknad om utgreiing av grensejustering av Bjørke i Ørsta kommune
- 2 Vedlegg til søknad - kart over ny grense

Kopi:

Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Hornindal kommune	Postboks 24	6761	HORNINDAL

Søknad om utgreiing av grensejustering mellom Ørsta kommune og Nye Volda kommune.

Vi ber om at dagens kommunegrense mellom Ørsta og «Nye Volda» vert flytta slik at 6190 Bjørke vert en del av «Nye Volda kommune». Viser til vedlagt kart der forslag til nye grenser for «Nye Volda kommune» vil gå dersom Bjørke- og Viddal krins vert med. Bjørke- og Viddal krins er skravert i lysegrøn bakgrunn.

Bakgrunn for val av grense :

Som vist på vedlagt kart er det grønskraverte feltet Bjørke- og Viddal krins i dag. Krinsgrensene vert då vår del av grensa i nord for «Nye Volda» kommune. Grensa fylgjer fjellkjeda aust og vest for indre delar av Hjørundfjorden.

Bakgrunn for endring av grensa:

- Dagens kommunikasjon har endra seg radikalt med nye E 39, Kvivsvegen. Den har gjort at Bjørke samfunnet langt på veg no nyttar Hornindal som sin tenestestad.
- Hornindal i «Nye Volda» er vårt næraste sentrum, omlag 20 minuttts bilkøyring frå Bjørke. Med dagens kommuneinndeling må vi køyre gjennom store delar av Volda kommune for å nå vårt kommunesenter Ørsta, omlag 45 minuttts bilkøyring ein veg.
- Frå 2018 har alle foreldra på Bjørke søkt borna sine til Hornindal for skule og barnehage.
- Vi nyttar nesten alle tjenester i nabokommunene Hornindal og Volda, barnehage, barne og ungdomsskule, legetjenester, handel, idrettsanlegg osv.
- Vi ynskjer å ha påvirkningskraft i vårt nærområde og røysterrett i den kommuna vi naturleg høyrer til.

Innbyggartal:

115 personar (fylkesmannen sine tal 2017)

Vi ber fylkesmannen i Møre og Romsdal setje i gong prosessen og førete ei utgreiing om konsekvensane ved ei grensejustering slik at innbyggjarane på Bjørke kan få nøytrale fakta.


Torbjørn Saure Høel
Randi Myklebust
Magnus H. Knudsen
Øyvind Mørk
Bjørke Sellenhe
Leif Rørstad
Bård Rø Sellenhe
Randi Lue Finnes

Jon Eirik Finnes
Knutte Finnes
Jens L. Finnes
Frode Viddal
Lars Saure
(7 år) Bertha Saure
Ingrid Kalval

Maria Nilsen Rørstad
Jens Myklebust
Oddhild Saure

22.9.2017

NyeVoldaKommune_MedBjørkeOgViddal.jpg



----- Ny grense til "Nye Volda"

<https://mail.google.com/mail/u/0/#inbox/15ea879009f2b8aa?projector=1>



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

Kommunestyret
Tenestutval for helse og omsorg
Tenestutval for oppvekst og kultur
Rådmannen si leiargruppe
Arbeidstakarorganisasjonane
Hovudverneombod

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/826	13216/2017	461	SVK/ SONHAV	17.10.2017

MELDING OM POLITISK VEDTAK - SJUKEFRÅVÆR 2.KVARTAL 2017

Vi melder med dette frå at arbeidsmiljøutvalet den 12.10.2017, hadde føre ovannemnde som sak PS 23/17, der det vart gjort slikt vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande, og ber rådmannen vurdere å setje i gang eit større sjukefråværsprosjekt i 2018.

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Birgitte Sævik Pedersen

Arkivsak nr.: 2017/826

Arkivkode: 461

Utvalsaksnr **Utval**
23/17 Arbeidsmiljøutvalet

Møtedato
12.10.2017

SJUKEFRÅVÆR 2.KVARTAL 2017

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 12.10.2017:

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande, og ber rådmannen vurdere å setje i gang eit større sjukefråværsprosjekt i 2018.

Administrasjonen si tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande.

Samandrag av saka:

Førebygging og oppfølging av sjukefråvær er viktig. Høgt nærvær gjev ein stabil organisasjon og mindre slitasje på tilsette. Dette bidreg til betre tenester.

Saksopplysningar:

Tabellen nedanfor viser sjukefråvær for 2. kvartal 2017 samanlikna med dei to føregåande åra.

Sektor	2.kvartal 2015	2.kvartal 2016	2.kvartal 2017
Rådmannen (11)	0,00	0,00	0,00
Samfunn og rådgjeving (12)	0,73	32,11	0,00
Personal og organisasjon (13)	4,41	1,37	4,28
Økonomi (14)	5,08	6,30	1,19
Opplæring og oppvekst (20)	6,73	7,02	7,02
Helse og omsorg (30)	11,49	9,39	12,01
Service og kultur (40)	2,08	7,27	2,62
Teknisk (50)	8,32	10,01	5,27
Sjølvkosttenester (51)	1,06	6,77	2,16
Utvikling (60)	9,54	2,17	12,05
Barneverntenesta (70)	8,07	9,47	7,15
Totalt	8,44	8,11	8,37

Det totalt sjukefråværet for andre kvartal har ein auke frå i fjor, men ligg likevel under fråværsprosenten for 2015. Tala for 1. kvartal viste den same utviklinga. Det er sett måltal for nærvær for heile organisasjonen i 2017 på 92,5%. Ein er ukjend med måltala i dei ulike sektorane.

Samla frávær fram til og med august 2017 samanlikna med august 2016:

Sektor	Ansvar(T)	Sjuk% 2017	Sjuk% 2016
11	Rådmann	0,00	0,00
12	Samfunn og rådgjeving	7,39	28,49
13	Personal og organisasjon	3,65	2,57
14	Økonomi	1,45	5,26
20	Opplæring og oppvekst	6,81	6,82
30	Helse og omsorg	12,12	9,22
40	Service og kultur	2,32	4,93
41	Politisk verksemd	0,00	0,00
50	Teknisk	8,21	10,14
51	Sjølvkosttenester	3,55	4,15
60	Utvikling	11,93	1,87
70	Barneverntenesta (vertskommune)	6,27	8,52
		8,49	7,84

Det samla sjukefråværet til og med august er høgare i 2017 enn i 2016.

Vurdering og konklusjon:

Fråværet på arbeidsplassar med få tilsette gjev store utslag. Nokre sektorar er meir utsette enn andre med omsyn til kva arbeid som blir utført.

Det er framover viktig å ha tydeleg fokus på oppfølging av tilsette som er sjukmelde , samstundes som ein jobbar aktivt med førebygging og tilrettelegging. Dei partssamansette gruppene på arbeidsplassane vil her ha ei viktig rolle. Gode rutinar med fokus og utvikling av tydeleg og støttande leiing vil ha effekt.

Helse og miljøkonsekvensar:

Auka nærvær vil avgjort ha positive verknader for arbeidsmiljøet og helsa til einskilde medarbeidarar.

Økonomiske konsekvensar:

Lågt sjukefråvær har svært positive konsekvensar for økonomien. Det blir i tillegg betre kontinuitet i tenestene og mindre arbeid med å følgje opp sjukmelde og leige inn vikarar.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjende

Berit Lyngstad
Personalsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Kommunestyret

Driftsstyret

Rådmannen si leiargruppe

Arbeidstakarorganisasjonane

Hovudverneombod



Volda kommune v/ rådmann
Stormyra 2
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 16/76	Ans. Heo
Løst	Snr. Sbr
05 OKT 2017	
Arkivnr. Fume2	
Klassering	
Klassering S:	

Ho. off
Kopi: orientering
VST

U.off. jf. offl. § 13, jf.
fvl. § 13

Avslutning av tilsyn - Volda kommune - pasient- og brukerrettighetsloven kap. 4A

Fylkesmannen i Møre og Romsdal viser til tilsyn med pasient og brukarrettighetsloven kapittel 4A til pasientar i sjukeheim i Volda kommune.

Under tilsynet vart det avdekt følgjande avvik:

Avvik 1:

Volda kommune sikrar ikkje at samtykkekompetansen til pasientane vert vurdert i tråd med pasient- og brukarrettighetslova kapittel 4.

Avvik 2:

Volda kommune sikrar ikkje at tilsette har nødvendig kunnskap om pasient- og brukarrettighetslova kapittel 4A .

Avvik 3:

Volda kommune sikrar ikkje at helsehjelp til pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukarrettighetslova kapittel 4A.

Volda kommune har gjeve tilbakemelding til Fylkesmannen om arbeidet med å rette avvika i fleire brev og i telefonmøte. Mellom anna har kommunen arbeidd med nye rutinar når det gjeld vurdering av samtykkekompetanse. Dei nye rutineane er gjort kjent og teke i bruk. Fleire av dei tilsette har vært på fagdag hos Fylkesmannen om pasient- og brukarrettighetslova kap. 4A. Alle tilsette og vikarar skal ta e- læringskurs om samtykkekompetanse og om pasient- og brukarrettighetslova kapittel 4A. Når dei har utført opplæringa, vert dette registrert i den einskilde si personalmappe i ephorte. Einingsleiar får melding når dei tilsette har bestått sitt kurs og einingsleiar skriv då ut kursbevis.

Kommunen har utarbeid rutinar for å sikre at ein fangar opp om praksis er i strid med pasient- og brukarrettighetslova kap 4A. Retningsliner for korleis ein skal gå fram om tiltak må nyttast, er utarbeidde. Fylkesmannen er einig med kommunen i at refleksjonane i den daglege rapporten, legevisitten og brukarmøter m.m. er sentrale for å sette fokus på eventuelle situasjonar som krev tiltak knytt til lovverket.

Fylkesmannen har motteke fleire vedtak frå kommunen som omhandlar pasient- og brukarrettigheitslova kapittel 4A i etterkant av tilsynet.

Fylkesmannen viser elles til kommunen sine tilbakemeldingar i sin heilheit.

Tilsynsmyndigheita har vurdert dei tiltak som er sett i verk som tilstrekkeleg. Tilsynet er difor med dette avslutta.

Fylkesmannen takkar igjen for god mottaking i Volda kommune og vonar at tilsynet også framover vil bli oppfatta som eit godt bidrag til forbetringsarbeidet i kommunen.

Med helsing

Grete Teigland (e.f.)
direktør

Marit Vestad
revisjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Statens helsetilsyn Postboks 8128 Dep 0032 OSLO



Sektorsjefane
Arbeidstakarorganisasjonane
Hovudverneombod
Kommunestyret

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/1843	13222/2017	400	SVK/ SONHAV	17.10.2017

MELDING OM POLITISK VEDTAK - RETNINGSLINER FOR VARSLING ETTER ARBEIDSMILJØLOVA § 2A

Vi melder med dette frå at arbeidsmiljøutvalet den 12.10.2017, hadde føre ovannemnde som sak PS 25/17, der det vart gjort slikt vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet har drøfta retningslinene for varsling. Ein bed om at arbeidstakarorganisasjonane og hovudverneombod får dei til høyring og at saka kjemattende til arbeidsmiljøutvalet på møte 30.november.

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Birgitte Sævik Pedersen	Arkivsak nr.:	2017/1843
		Arkivkode:	400

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
25/17	Arbeidsmiljøutvalet	12.10.2017

RETNINGSLINER FOR VARSLING ETTER ARBEIDSMILJØLOVA § 2A

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 12.10.2017:

Arbeidsmiljøutvalet har drøfta retningslinene for varsling. Ein bed om at arbeidstakarorganisasjonane og hovudverneombod får dei til høyring og at saka kjemattende til arbeidsmiljøutvalet på møte 30.november.

Administrasjonen si tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet har drøfta retningslinene for varsling. Ein bed om at arbeidstakarorganisasjonane og hovudverneombod får dei til høyring og at saka kjemattende til arbeidsmiljøutvalet på møte 30.november.

Vedleggsliste:

Retningslinjer for varsling
Retningslinjer for varsling kortversjon
Varslingsplakat
Skjema for intern oppfølging av varsling

Uprenta saksvedlegg:

[Ytringsfrihet og varsling – veileder for kommuner og fylkeskommuner](#)

Samandrag av saka:

Varsling er å seie frå om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Arbeidsmiljølova § 2A-3 pålegg arbeidsgjevar ei plikt til å utarbeide rutinar for intern varsling.

Saksopplysningar/fakta:

Varsling er å seie frå om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.

Nye lovreglar om varsling var gjort gjeldande frå 1. januar 2007, arbeidsmiljølova (AML) §§ 2-4, 2-5 og 3-6. Reglane lovfestar retten til å varsle om kritikkverdige forhold i verksemda, og gir arbeidstakaren vern mot gjengjelding. Reglane om varsling vart frå 1.juli 2017 samla i eit eige kapittel 2A i arbeidsmiljølova.

KS har utarbeidd ein rettleiar «Ytringsfrihet og varsling – veileder for kommuner og fylkeskommuner» Kommunane bør vere opne organisasjonar der medarbeidarane vert oppmoda til å varsle internt om alle kritikkverdige forhold. I ein open organisasjon vil det vere kultur for å stille spørsmål, også ved kritikkverdige forhold, og behovet for å varsle kan såleis verte mindre.

Tilsette sin ytringsfridom er ein del av den alminnelege ytringsfridomen som er nedfelt i § 100 i Grunnlova og menneskerettskonvensjonane. Varsling er ein del av det meir generelle spørsmålet om tilsette sin ytringsfridom. Eit tilsettingsforhold reiser særlege ytringsfridomsspørsmål fordi arbeidsgjevar har krav på ein viss lojalitet frå sine tilsette.

Eit hovudmål med varslingsreglane om kritikkverdige forhold er å signalisere at varsling både er lovleg og ønska.

Eksempel på kritikkverdige forhold kan vere:

- Forhold som kan medføre fare for liv og helse
- Mobbing og trakassering
- Korrupsjon
- Maktmisbruk
- Underslag, tjuveri og økonomisk misbruk
- Brot på teieplikt
- Diskriminering

I nokre tilfelle ligg det føre varslingsplikt. Dette medfører at lova pålegg ei plikt til å gje opplysning om nærare bestemte forhold til andre offentlege styresmakter. Eksempel på slik lovreglar er:

- Arbeidsmiljølova § 2-3 (2)
- Helsepersonellova § 17
- Barnevernlova § 6-4

Framgangsmåten ved varsling skal vere forsvarleg. Det vil normalt vere forsvarleg å varsle internt til ansvarleg person i verksemda. Det same gjeld dersom ein tilsett varslar i tråd med interne rutinar eller til tilsynsstyresmakter eller liknande offentlege organ.

Arbeidsgjevar skal legge forholda til rette for intern varsling i tilknytning til det systematiske HMS- arbeidet i kommunen. Det er no utarbeidd skriftlege retningslinjer når det skal varslast, kven det skal varslast til og korleis varslinga skal følgjast opp. Det er utarbeidd ein kortversjon av rutinane og ein varslingsplakat som kan hengast opp på arbeidsplassane.

Kritikkverdige forhold kan vere:

- Korrupsjon
- Underslag/tjuveri/økonomisk utroskap
- Seksuelle overgrep
- Brot på teieplikt
- Forhold som medfører fare for liv og helse
- Brot på rettar
- Maktmisbruk
- Mobbing og trakassering, inkludert seksuell trakassering
- Diskriminering

- Rusmisbruk

Dei ordinære varslingskanalane vil vere

- Leiinga i lina
- Tillitsvalde
- Verneombod

Dersom varslinga gjeld eigen leiar eller leiar ikkje gjer noko med forholda, bør det varslast direkte til rådmannen. Dersom varslaren ikkje ønskjer å ta opp forholda på eigen arbeidsplass, kan det varslast til tillitsvalde eller verneombod.

For dei tilfelle der det vert avdekt grove kritikkverdige forhold, kritikkverdige forhold som ikkje vert tekne alvorlege av den øvste administrative leiinga eller som vert utført av denne, vil kontrollutvalet vere ein instans å varsle til. Dette gjeld særleg saker innan økonomiforvaltninga, kjøp og liknande saker, og alvorlege saker på område der det ikkje finst andre tilsynsorgan.

Det er utarbeidd retningslinjer og skjema for korleis varselet skal følgjast opp og korleis varslaren skal få tilbakemelding på behandlinga av varslinga. Varslaren skal få korrigerande opplysningar frå arbeidsgjevar der det er nødvendig, m.a. dersom undersøkinga viser at forholdet ikkje var kritikkverdig. Det skal takast omsyn til rettstryggleik og personvern for personen det vert varsla om, retten til å verte gjort kjend med påstandar retta mot seg sjølv og høve til å imøtegå dei.

Helse og miljøkonsekvensar:

Trygge tilsette gjev trygge arbeidsplassar gjev gode tenester.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjende

Vurdering og konklusjon:

Ein vurderer at dei varslings- og oppfølgingsrutinane som no er utarbeidd er i samsvar med arbeidsmiljølova sine reglar. Dei skal sikre rettstryggleiken, både for varslaren og dei personane det vert varsla om. Det skal arbeidast for å legitimere rutinane i organisasjonen, og gjere dei kjende for alle.

Ein god ytringskultur og gode rutinar rundt varslings er viktig. Det er med på å sikre gode tenester, et godt arbeidsmiljø og god samhandling mellom leiarar og medarbeidarar.

Personalsjefen rår til at retningslinjene for varslings vedlegg vert vedteke som dei ligg føre.



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Berit Lyngstad

personalsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Sektorsjefane

Arbeidstakarorganisasjonane

Hovudverneombod

Kommunestyret



Retningslinjer ved

VARSLING

OM KRITIKKVERDIGE FORHOLD PÅ ARBEIDSPLASSEN

Volda kommune vil med desse retningslinjene legge til rette for at tilsette kan varsle om kritikkverdige forhold i verksemda, i samsvar med Arbeidsmiljølova § 2-A.

Kva er varslings?

- Varslings er å seie i frå om kritikkverdige forhold i verksemda. Arbeidsmiljølova sine varslingsreglar er nedfelt i er nedfelt i lova sine §§ 2A-1, 2A-2, 2A-3 og § 2-3, b og d.
- Varslings skjer når ein arbeidstakar sei i frå til ein annan person eller instans om eit kritikkverdig forhold som ein er gjort kjend med gjennom arbeidet sitt.

Kva skil varslings frå eit avvik?

- Avvik skal meldast ved alle forhold eller hendingar som ikkje er i tråd med lovverk, interne reglar og retningslinjer, kriterium og kvalitetsstandardar. Det kan vere skadar, ulykker, nestenulykker, feil, nesten feil, manglande utføring og "tabbar" som har eller som kunne ha ført til fare eller skade.
- Varslings skal nyttast ved særskilt kritikkverdige forhold.

Kva betyr rett til å varsle?

- Du har rett til å varsle om kritikkverdige forhold i verksemda utan å frykt for straff, sanksjonar eller gjengjelding.

Kva er kritikkverdige forhold?

- Kritikkverdige forhold kan vere brot på lovreglar, interne retningslinjer eller etiske normer. Dette kan vere mobbing, seksuell trakassering, diskriminering, rusmisbruk, dårlege psykososiale eller fysiske arbeidsforhold, forhold som utgjør ein fare for liv og helse, farlege produkt, underslag, tjuveri, bedrageri, korrupsjon, økonomisk utroskap mm.
- Kritikkverdige forhold kan også vere at tilsette ikkje får i vareteken sine rettar som arbeidstakarar.

Kven kan varsle?

- I følge Arbeidsmiljølova § 2A -1 har alle tilsette rett og plikt til å varsle om kritikkverdige forhold i Volda kommune.
- Desse retningslinjene for varslings gjeld i utgangspunktet alle tilsette i Volda kommune, i tillegg gjeld dei for innleidd arbeidstakarar og lærlingar og studentar.
- Eksterne personar som innbyggjarar, pårørande, samarbeidspartar politikarar eller andre, kan også varsle om eit kvart kritikkverdig forhold i Volda kommune. Her gjeld retningslinjene så langt dei passar.



Kva betyr plikt til å varsle?

- Du har plikt til å straks underrette arbeidsgjevar og verneombod og om naudsynt andre arbeidstakarar om feil eller manglar som kan medføre fare for liv og helse, med mindre du sjølv kan rette på forholdet, jf Arbeidsmiljølova § 2-3.
- Du har plikt til å underrette arbeidsgjevar eller verneombodet om trakassering, mobbing og diskriminering på arbeidsplassen
- Du har plikt til å melde frå til arbeidsgjevar om arbeidstakar blir skada i arbeidet eller pådreg seg sjukdom som du meiner har sin grunn i arbeidet eller forhold på arbeidsplassen
- Du har plikt til å melde frå til arbeidsgjevar om forhold som kan føre påføre arbeidsgjevar, tilsette eller omgjevnadene kostnader.

Korleis varslar eg?

- I følgje Arbeidsmiljølova § 2A-1 (2) skal arbeidstakars framgangsmåte ved varsling vere forsvarleg, og i samsvar med desse rutinane.
- Varsling kan gjerast munnleg eller skriftleg, eller ved å bruke det elektroniske varslingssystemet i Compilo. Elektronisk varsel alltid går direkte til rådmannen.

Kven skal eg varsle til?

- Som hovudregel skal du varsle til næraste leiar. Du kan også varsle internt til leiinga indirekte via plasstillitsvalde eller hovduttillitsvalde, til verneombod eller hovudverneombod.
- I tillegg har du alltid rett til å varsle til tilsynsmyndigheitene eller andre offentlege myndigheiter, t.d Arbeidstilsynet, Datatilsynet mm.

Kva må eg tenkje over før eg varslar?

- Er dette eit varsel eller er det eit avvik?
- Er kritikken sakleg? Påstandar må grunngjevast.
- Er det hensiktsmessig å seie i frå i linja først?

Kva bør ei varsling innehalde?

- Du kan varsle anonymt, men det er lettare å handtere varselet om du gjev opp namnet ditt
- Dato for rapportering
- Tid og stad for handlinga
- Konkret kva ein har observert
- Eventuelle andre vitne
- Eventuell kjennskap til tidlegare saker med same person(ar)
- Forslag til tiltak

Kva krav stillast til varslinga?

- Framgangsmåten ved varsling skal vere forsvarleg. Kva som er forsvarleg framgangsmåte er ei konkret og skjønnsmessig vurdering. Hensikta er å stille krav til måten varslinga skje på, ikkje å avgrense retten til varsling. Som tilsett har du ein romsleg margin for å utøve skjønn med omsyn til val av framgangsmåte.



VOLDA KOMMUNE

LØN OG PERSONALAVDELINGA

- Du har alltid rett til å varsle i samsvar med varslingsplikt eller kommunens rutiner for varsling.
- Du har alltid lov å varsle tilsynsmyndigheiter eller andre offentlege myndigheiter, som t.d Arbeidstilsynet og Datatilsynet.

Kan eg varsle media?

Grunnlovens § 100 om ytringsfridom gir deg rett til å delta på egne vegne i den alminnelige samfunnsdebatten, herunder å uttale deg kritisk om forhold som ved verksemda du arbeider i.

Den ulovfesta lojalitetsplikta tilseier at du ikkje kan skade arbeidsgjevar sine interesser eller aktivitetar gjennom offentlig negativ omtale utan at det er berettiga.

Kravet om at du må varsle på ein forsvarlig måte inneber normalt at forholda varslast gjennom verksemda sine interne varslingskanalar og til offentlige tilsyn. Forsvarlegheitskravet skjerpast når det gjeld offentlig varsling, dvs. varsling til media, via blogging, facebook, heimesider, e-post til fleire mottakarar utanfor verksemda og andre kommunikasjonskanalar med ein stor og open mottakarkrets.

Kva prinsipp ligg til grunn når arbeidsgjevar mottok eit varsel?

- Alle varsel skal takast alvorleg
- Alle varsel skal handsamast med ein gong
- Det er mogleg å varsle anonymt
- Måten det er varsla på (skriftleg, munnleg, elektronisk) skal handsamast likt
- Alle varsel skal handsamast konfidensielt
- Alle skal kunne varsle utan frykt for konsekvensar. Gjengjelding mot deg som varslar er forbode
- Varslar(ane) skal få tilbakemelding innan rimelig tid (om ikkje varslar er anonym)

Rutinane er vedteke i AMU xx.xx.xx.



Retningslinjer ved

VARSLING

OM KRITIKKVERDIGE FORHOLD PÅ ARBEIDSPLASSEN

Volda kommune vil med desse retningslinene legge til rette for at tilsette kan varsle om kritikkverdige forhold i verksemda, i samsvar med Arbeidsmiljølova § 2A.

Kva er varslingsreglar?

- Varslingsreglar er å seie i frå om kritikkverdige forhold i verksemda. Arbeidsmiljølova sine varslingsreglar er nedfelt i lova sine §§ 2A-1, 2A-2, 2A-3 og § 2-3, b og d.

Kva er kritikkverdige forhold?

- Kritikkverdige forhold kan vere brot på lovreglar, interne retningslinjer eller etiske normer. Dette kan vere mobbing, seksuell trakassering, diskriminering, rusmisbruk, dårlege psykososiale eller fysiske arbeidsforhold, forhold som utgjer ein fare for liv og helse, farlege produkt, underslag, tjuveri, bedrageri, korrupsjon, økonomisk utroskap mm. Kritikkverdige forhold kan også vere at tilsette ikkje får i vareteken sine rettar som arbeidstakarar.

Kven kan varsle?

- I følgje Arbeidsmiljølova § 2A -1 og § 2-3 har alle tilsette rett og plikt til å varsle om kritikkverdige forhold i Volda kommune.

Korleis varslar eg?

- I følgje Arbeidsmiljølova § 2A-1 (2) skal arbeidstakars framgangsmåte ved varslingsreglar vere forsvarleg, og i samsvar med desse rutinane.
- Varslingsreglar kan gjerast munnleg eller skriftleg, eller ved å bruke det elektroniske varslingsreglar i Compilo. Eit elektronisk varsel alltid går direkte til rådmannen.

Kven skal eg varsle til?

- Som hovudregel skal du varsle til næraste leiar. Du kan også varsle internt til leiinga indirekte via plasstillitsvalde eller hovudtillitsvalde, til verneombod eller hovudverneombod. I tillegg har du alltid rett til å varsle til tilsynsmyndigheitene eller andre offentlege myndigheiter, t.d Arbeidstilsynet, Datatilsynet m.m.

VARSLING

Å varsle er:

Å melde frå om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen til nokon som kan gjere noko med det jf. AML § 2A-1

- 1. Du har rett til å varsle munnleg eller skriftleg. Skriftlege meldingar skal fyllast ut i eige skjema i Compilo**
- 2. Varsling kan skje til**
 - **Næraste leiar/avdelingsleiar/rådmann**
 - **Verneombod/tillitsvald**
 - **Direkte til offentlig tilsynsmyndighet**
- 3. Mottakar skal skrive ned dei munnlege opplysningane i saka**
- 4. Dersom saka ikkje vert løyst på lågaste nivå, skal ho sendast vidare tenesteveg**
- 5. Varslar skal ha tilbakemelding om utfallet**
- 6. Varslar er verna mot negative reaksjonar. Dette gjeld alt som har karakter av straff eller sanksjon jf. AML § 2A-2**

SKJEMA FOR INTERN OPPFØLGING

Rutine for intern varsling og oppfølging gjennom HMT - systemet i Volda kommune:

Trinn	Oppfølging av forholdet	Dato
1	Varsel mottatt av:	
2	Undersøking gjennomført:	
3	Konklusjon:	
4	Tilbakemelding gjeve til varslar:	
5	Naudsynt informasjon gjeve til den eller dei det er varsla om:	
6	Tiltak:	
7	Vidare oppfølging:	
8	Vidare oppfølging overfor varslaren:	
9	Den /dei det er varsla om er fulgt opp:	

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom 144, Volda rådhus
Dato: 20.09.2017
Tid: 13.00 – 14.30

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ronald Hagen	Leiar	
Solfrid Førde	Nestleiar	
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	
Jørgen Holte	Medlem	
Inge Alexander Bruheim	Medlem	
Ragnhild Folkestad	Medlem	
Torill Rødven Eide	Medlem	

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
------	----------

Vara som møtte:

Namn

Frå Vest Kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon møte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef. I sak 32.

SAKLISTE

- SAK 27/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 28/17 GJENNOMGANG AV MØTE PROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 29/17 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2017
- SAK 30/17 MELDINGAR
- SAK 31/17 OFFENTLEGHEIT I KOMMUNAL SEKTOR
- SAK 32/17 BRUTTO OG NETTO BUDSJETTERING
- SAK 33/17 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2017

SAK 27/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vart godkjent. Sak 32 vert teken etter sak 27.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vart vald Jørgen Holte.

SAK 28/17 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Møteprotokollen frå møtet den 19.06.2017 vart godkjent.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet den 19.06.2017.

SAK 29/17 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2017

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen kommentar til gjennomgådde møteprotokollar.
2. Kontrollutvalet vil ha opp sak i neste møte vedkomande oppfølging av investeringar, jf. budsjett 2017.

Saksopplysing

Møteprotokollar til gjennomgang:

Kommunestyret	24.05	01.06	22.06	31.08
Formannskapet	16.05	30.05	13.06	27.06 22.08
Driftsstyret	10.05	07.06		
Eldrerådet	08.05			
Forvaltningsutvalet	09.05	06.06	29.08	
Ungdomsrådet	19.04	10.05		
Valnemnda	02.03	01.06	21.06	
Råd for likestilling av menneske med nedsett funksj.	08.05			
Valstyret	02.05			
VØR styret	24.05			
Fellesnemnd for nye Volda kommune	20.06			

SAK 30/17 MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tok meldingane 1-5 til vitende.

Vedlegg

1. Volda kommune – Melding om kommunestyresak PS 57/17: Årsmelding 2016 – Volda kommune. Datert 29.05.2017.
2. Møteprotokoll frå fellesmøte mellom kontrollutvala i Volda og Hornindal. Datert 19.06.2017.
3. Volda kommune – Presentasjon etikk og varsling (frå fellesmøte 19.06.2017).

4. Tilbakemelding frå barnevernssjef Brynhild Solvang, jf. kontrollutvalssak 31/17 .OPPFØLGING ØR40-16 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT BARNEVERN TILTAK – TILSYN – RUTINER. Datert 27.06.2017.
Utskrift av kontrollutvalssaka ligg og vedlagt.

SAK 31/17 OFFENTLEGHEIT I KOMMUNAL SEKTOR

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ser offentlegheit i kommunal sektor som eit svært viktig område kommunen må ha kontinuerlig fokus på.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om ei tilbakemelding på spørsmåla stilt i saka under punkta arkiv, dokumentoffentlegheit, møteoffentlegheit, og habilitet, innan **06.10.2017**.

Saksopplysning

Det følgjer av Grunnlova sin paragraf 100 at alle som hovudregel har rett til innsyn i forvaltninga sine saksdokument og rett til å oververe møter i folkevalde organ.

I Grunnlova sin paragraf 100 fjerde til sjette ledd står det:

«Forhåndssensur og andre forebyggende forholdsregler kan ikke benyttes med mindre det er nødvendig for å beskytte barn og unge mot skadelig påvirkning fra levende bilder. Brevsensur kan ikke settes i verk utenfor anstalter.

Enhver har rett til innsyn i statens og kommunenes dokumenter og til å følge forhandlingene i rettsmøter og folkevalgte organer. Det kan i lov fastsettes begrensninger i denne rett ut fra hensyn til personvern og av andre tungtveiende grunner.

Det påligger statens myndigheter å legge forholdene til rette for en åpen og opplyst offentlig samtale.»

Dette er nærmare regulert i lovgivninga.

Mellom anna viser ein til formålsparagrafen i Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova), der det heiter: «Formålet med lova er å leggje til rette for at offentleg verksemd er open og gjennomsiktig, for slik å styrkje informasjons- og ytringsfridommen, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte, tilliten til det offentlege og kontrollen frå ålmenta. Lova skal òg leggje til rette for vidarebruk av offentleg informasjon.»

Møteoffentligheit er viktig for allmenta sitt innsyn i forvaltninga.

Bestemmelsar som regulerer spørsmål om møteoffentligheit finn ein i Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) sin §31.

Vidare står det i Lov om arkiv (arkivlova) at formålet med denne er «...å tryggja arkiv som har monaleg kulturelt eller forskingsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, slik at desse kan verta tekne vare på og gjorde tilgjengelege for ettertida.»

Innanfor offentlegheit i kommunal sektor er det nokre problemstillingar i høve arkiv, dokumentoffentlegheit og møteoffentlegheit som ein møter att i fleire saker og som er ein gjengangar i fleire kommunar.

Dette reiser spørsmål som ein ser kan vere aktuelle for kontrollutvalet å stille til kommunen:

- **Arkiv:**

1. Har kommunen ein ajourført arkivplan ihht arkivforskrifta?
2. Har kommunen lett tilgjengeleg rutineskildring for journalføring og arkivering?
3. Har kommunen tydelege og fullstendige retningslinjer og rutiner for registrering av organinterne dokument?
4. Har kommunen rutiner for korleis inngåande og utgåande dokument til/frå sakshandsamar skal registrerast i kommunen?

- **Dokumentoffentlegheit**

1. Har kommunen skriftlege rutiner for skjerming av informasjon i postlista?
2. Har kommunen skriftlege rutiner for å vurdere informasjon etter prinsippet om meirinnsyn?
3. Har kommunen skriftlege rutiner for handsaming av krav om innsyn?

- **Møteoffentlegheit**

1. Har kommunen system og rutiner som sikrar kunngjering av politiske møter på ein føremålstenleg måte?
2. Har kommunen skriftlege prosedyrer for lukking av møter i folkevalde organ?
3. Har dei folkevalde motteke tilstrekkeleg opplæring om teieplikt og lukka/opne møter?
4. *Har dei folkevalde fått tilstrekkelig opplæring i saker/spørsmål om habilitet.*

SAK 32/17 BRUTTO OG NETTO BUDSJETTERING

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet oppmodar kommunestyret å vurdere på nytt om ein skal gå over til bruttobudsjettering.

Saksopplysning

Kontrollutvalet gjorde i sak 22/17 vedtak om at dei vil ha opp ei sak om nto. budsjettering i høve til bto. budsjettering på neste møte.

Eg har konsultert revisjonen, som faginstans, i denne saka og får slik kortfatta og forståeleg tilbakemelding:

«Fordelar og ulemper bør vi vere forsiktige med å gi, og iflg budsjettforskrifta § 5 er det kommunestyret som avgjer om dei vil ha brutto løyvingar, netto løyvingar eller ein kombinasjon .

Bruttobudsjettering:

Denne budsjetteringsmåten vil vise brutto inntekter og brutto kostnader på rammeområdet (sektor). Då vil politikarane ha full oversikt over alle meirkostnader og meirinntekter.

Døme: Sektor xx:

Brutto inntekter	10 mill
Brutto utgifter	9 mill
Netto driftsutgifter på sektor	1 mill

Nettobudsjettering:

Denne budsjetteringsmåten vil vise nettosum på rammeområdet (dvs brutto inntekter minus brutto kostnader). Då vil politikanane ikkje sjå ev. meirinntekter som administrativt vert disponert til å ev. dekke meirkostnader, og med slik budsjettering kan ramma sjå "fin" ut ved årsslutt.

Døme: Sektor xx:

Netto driftutgifter på sektor 1 mill

I økonomireglementet har ein bestemmelsar om kor store meirinntekter som kan disponerast administrativt når ein har nettobudsjettering, men eg meiner bestemmelsane her gjeld berre meirinntekter på salgsområdet. Det er på overføringsområdet ein har dei største meirinntektene.

Revisjonen viser og til artikkel i kommunal rapport frå 2003 Om det uforstålege kommunebudsjettet:

«Netto- eller bruttobudsjetter?

Kommunestyret velger om det vil gi administrasjonen store eller små fullmakter til å disponere budsjettmidlene. Nettobudsjettering er mest vanlig. Det betyr at rådmannen får en pengesum for hver tjeneste. Hvis gebyrinntektene øker tjenesten, kan rådmannen disponere dem. Hvis inntektene uteblir, må rådmannen redusere utgiftene for å dekke tapet.

De som vil styre mer detaljert, velger bruttobudsjettering. Da kan rådmannen disponere uforutsette inntekter, men står heller ikke ansvarlig for å spare inn beløpet når inntektene svikter.»

Revisjonen presiserer at ved nettobudsjettering kan ramma eller budsjettstyring sjå fin ut sjølv om det kan vere betydeleg med meirinntekter som vert disponert. Sjølv om det er ein klausul i økonomireglementet m.o.t. meirinntekter, så krevst det særskilt oppfølging (prosjekt) for å kontrollere dette.

Erfaringsmessig gir bruttobudsjettering betre oversikt og er lettare å forstå.

Kontrollutvalet bør vurdere om dei skal oppmode kommunestyret om å gjere ei ny vurdering om bruttobudsjettering er mest tenleg for kommunen.

Frå møtet

Økonomisjef Sundgot orienterte om at kommunen no tek sikte på å presentere både rekneskap og budsjett brutto. Det må då lagast tilpassande reglar i økonomireglementet.

SAK 33/17 REVISJONSPLANLEGGING 2017 – FINANSIELL REVISJON

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek til vitende revisjonsplanlegging 2017 – finansiell revisjon, for kommunen, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Vedlegg

- B-dokument. Dokument for revisjonsplanlegging - finansiell revisjon. **(Unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr 2.)** Vert sendt pr. post.

Saksopplysning

For å utføre ein forsvarleg revisjon har Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS ved oppdragsansvarleg revisor Haldis Moltu, i samsvar med regelverket, utarbeida revisjonsplanlegging for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for året 2017. I den grad det er nødvendig vil revisor vil gå igjennom dokumentet på møtet, og svare på spørsmål. Møtet må i så fall lukkast.

Møtet slutt.

Ronald Hagen
Leiar

Jørgen Holte
Medlem

Møteprotokollen går til:

**Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte**

PS 117/17 Delegerte saker frå avdelingane

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 160/17 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 10/7

DS 161/17 Løyve til tiltak, bruksendring Gbr 13/95

DS 162/17 Ferdigattest, tomannsbustad gbr18/312

DS 163/17 Ferdigattest, bustad og garasje Gbr 18/8

DS 164/17 Løyve til tiltak, bruksendring Gbr 19/190

DS 165/17 Løyve til tiltak, mellombels bruksendring Gbr 19/501/11

DS 166/17 Ferdigattest, mellombels bruksendring Gbr 19/501/11

DS 167/17 Ferdigattest, tilbygg Gbr 27/81

DS 168/17 Løyve til tiltak, mellombels bygning Gbr 30/196

DS 169/17 Løyve til tiltak, riving av naust Gbr 130/1